

Kulturmiljøplan for Hjartdal kommune

2025-2028



Vedteken av Hjartdal kommunestyre xx.xx.2025



Innhald

1. Innleiing	5
2. Planprosessen.....	6
3. Ordforklaringar	7
4. Tidsliner og historisk oversyn	9
5. Verdifulle kulturminne i Hjordal kommune	14
5.1 Fornminne - minne frå føre mellomalderen	14
5.2 Landbrukets kulturminne	18
5.2.1 Bygningsarven	19
5.2.2 Stulane og utmarka	26
5.2.3 Kulturmarkselementa	29
5.2.4 Skogbruket.....	32
5.2.5 Husmannsplassane	33
5.3 Eldre vegar og ferdselsårer.....	35
5.3.1 Veghistorie.....	35
5.3.2 Vegane mellom dei tre bygdene	36
5.3.3 Dei eldste gangvegane, ridevegane og kløvvegane	37
5.3.4 Bufersvegane.....	39
5.4 Verneverdige kyrkjer, skular og forsamlingshus	41
5.5 Tuddal høvfjellshotell	43
5.6 Tekniske/industrielle kulturminne	43
5.7 Krigsminne og minnesmerke.....	45
6. Verdifulle kulturmiljø i Hjordal kommune	46
6.1 Fornminne	46
6.1.1. Jernindustrifeltet Skoje-Ålamoen.....	46
6.2 Kulturlandskap.....	48
6.2.1 Bondal – Spesialområde kulturlandskap	48
6.2.2 Hjordal bygd – Særs verdifullt kulturlandskap	49
6.2.3 Hjordal nordbygd – Utvalde kulturlandskap	50
6.2.4 Måråstaddalen, langheimråde	52
6.2.5 Ståldalen, vår- og hauststulområde	54
6.3 Kyrkjene og dei gamle sentruma.....	56
6.3.1 Hjordal kyrkje	56
6.3.2 Gamle Hjordal sentrum	58
6.3.3 Sauland kyrkje	61
6.3.4 Gamle Sauland sentrum	62

6.3.5 Tuddal kyrkje	65
6.4 Bygningsmiljø	67
6.4.1 Sud-Åbø, freda gardstun i Hjartdal.....	67
6.4.2 Tuddal bygdetun.....	68
6.5 Vasskraft.....	69
6.5.1 Omnesfossen med Heddal Mølle	69
6.5.2 Egderudfossen med Hjartdal bygdemylle	72
6.5.3 Hjartdøla (Hjartdal kraftverk).....	73
7. Immateriell kulturarv i Hjartdal kommune.....	74
7.1 Gards- og stulsdrift.....	74
7.2 Jakt og fiske	76
7.3 Mattradisjonar.....	76
7.4 Handverkstradisjonar	77
7.5 Dialektbruk	79
7.6 Forteljartradisjonar	79
7.7 Musikk- og dansetradisjonar	81
8. Forvaltning.....	84
8.1 Lovverk	84
<i>Kulturminnelova</i>	84
<i>Plan- og bygningslova</i>	85
8.2 Forvaltningsnivå og aktørar.....	85
8.3 Kommunen si rolle.....	86
9. Tilskotsordningar	88
10. Handlingsplan	90
Kjelder	94

Foto framside:

Hegnin i Tuddal, med Åråhøvdene i bakgrunn. Foto: Anders B Wilse 1928 (Norsk Folkemuseum).

Tuddal kyrkje. Foto: Narve Skarpmoen, tidleg 1900-talet (historier.no)

Hjartdal kyrkje og gamle sentrum sett frå Grønlandsberget. Foto: Kjell G. Asland 1912 (Hjartdal historielag).

Omnesfossen og Heddal mølle. Foto: Severin Worm-Petersen 1922 (digitaltmuseum.no)

1. Innleiing

Kulturminna og kulturmiljøa våre kan fortelja oss mykje om korleis menneska før oss har levd og verka, og korleis dei har levd i samspel med natur og landskap. Dei gjev oss viktig kunnskap om fortida, på måtar ingen andre kjelder kan gjera. Dei er også viktige som leverandørar av gode opplevingar, for innbyggjarar så vel som tilreisande. Indirekte er dei også viktige som grunnlag for utvikling innanfor reiselivsnæringa.

Dette er den fyrste planen for kulturminne og kulturmiljø i Hjartdal kommune. Planen skal gjeva eit oversyn over det ein kjenner av kulturminne og kulturmiljø i dag, og gje retningslinjer for forvaltning av desse.

Dei faste fysiske kulturminna og dei viktigaste kulturmiljøa er systematiserte og prioriterte. Mange av desse er knytt til landbruket, som har vore ei dominerande næring i kommunen frå gamal tid og fram til i dag. Etter kvart har det også kome til kulturminne frå andre næringar og aktivitetar. Lause kulturminne og enkeltgjenstandar er berre i nokon grad omtala. Hjartdal har også ein særs rik immateriell kulturarv. Immateriell kulturarv er eit vidt omgrep, og kan vera vanskeleg å systematisere. Det er likevel teke med i planen, for å få heilskapen.

Opplysingane i planen er i hovudsak henta frå nasjonale register og skriftlege lokale kjelder. Prosjektgruppa har også kome med opplysingar og informasjon. Med unntak for feltregistreringar av gamle ferdselsveggar, er det ikkje i særleg omfang gjort nye registreringar.

Planen er ikkje endeleg, men er meint å legge grunnlaget for eit aktivt og systematisk arbeid med kulturminne og kulturmiljø i Hjartdal kommunen i tida framover. Nye kulturminne og kulturmiljø kan koma til ved rullering av planen, og punkt i planen kan endrast om det kjem til nye og relevante opplysingar.

Kommunen må kjenne til kulturmiljøa og kulturminna for å kunne ta dei rette vala i si sakshandsaming. Med betre oversyn får ein eit betre grunnlag for å forvalte og taka vare på kulturarven. Planen skal vera eit verktøy både for arealforvaltinga og kulturforvaltinga i kommunen. Kjem eit kulturminne bort, kan det ikkje erstattast. Den viktigaste delen av planarbeidet er såleis å peike på kva for kulturminne og kulturmiljø me må taka vare på for framtida, og korleis dette kan gjerast. I handlingsdelen blir dei viktigaste tiltaka lista opp.

2. Planprosessen

Kulturminneplan var med i planstrategien som var vedteke i kommunestyret i desember 2020 for perioden 2021-2023. Kulturminneforvaltinga har seinare endra namn på denne type plan til *kulturmiljøplan*. Planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø blei så vedteke i kommunestyret den 05.05.2021.

Kulturmiljøplanen er det vi kallar ein tematisk kommunedelplan, og skal følgje dei krava plan- og bygningslova sett til planprosessen. Formannskapet og kommunestyret er definert som styringsgruppe. Det er kommunestyret som skal vedta planen, etter handsaming i formannskapet. Sjølve utarbeidinga av planen har vore styrt av ei prosjektgruppe, der sakshandsamar i kommunen har vore prosjektleiar.

Prosjektgruppa har hatt denne samansetjinga:

- Hjartdal kommune;
 - Hans Jørgen Aase, avløyst av Helle Kristin Solberg (prosjektleiing, landbruk)
 - Maria Fremmerlid/Kjersti Gram Andersen/Janne Væringstad (plan)
 - Åge Johannes Jamtveit/Kristin Sandven (byggesak)
 - Svein Erik Sletta (politisk repr), avløyst av Audun Dølen (utvalsleiar oppvekst og kultur.)
- Hjartdal historielag
 - Svein Bakkalia
 - Audun Solberg
- Landbruksorganisasjonane
 - Olav Langåsdaalen
 - Olav Tho

Prosjektgruppa har spela inn viktige tema og framlegg til oppbygging av planen. Det blei tidleg i prosessen bestemt at denne versjonen av planen skal vera ein fyrstegenerasjonsplan, med vekt på systematisering av eksisterande registreringar og prioritering av viktige kulturmiljø og innsatsområde for framtida. Handlingsdelen er ei opplisting av dei viktigaste prioriteringane og tiltaka som er føreslått for kvart tema.

Planen var i utgangspunktet ført i pennen av sakshandsamar frå kommunen, Hans Jørgen Aase. På grunn av stort arbeidspress og etter kvart permisjon, stoppa planarbeidet opp. Helle Kristin Solberg overtok som sakshandsamar og skaffa midlar frå fylkeskommunen til å hyre inn ekstern konsulent. Ingvill Garnås ved Kulturlandskapsenteret fekk så oppdraget med å skrive ferdig planen i samarbeid med prosjektgruppa.

Saksgang (oppdaterast når vedteke)

- Fyrste-gongs handsaming i utvalet, ev. endringar
- Høyring/innspeleirunde
- Andre-gongs handsaming i utvalet
- Handsaming i formannskap og kommunestyre

3. Ordforklaringar

Ordforklaringar er ei alfabetisk liste med forklaring på sentrale ord som ofte blir brukt i kulturmiljøforvaltinga og vidare i denne planen.

Antikvariske retningslinjer

Retningslinjer som ein skal følgje ved tiltak på verna kulturminne. Retningslinjene kan til dømes innebera krav om bruk av tradisjonelle materiale, utføring og teknikkar og bruk av handverkarar med kunnskap om arbeid med verna kulturminne. I tillegg kan det vere avgrensingar på kva som kan skiftast eller verta fjerna frå kulturminnet.

Autentisitet

Autentisitet er eit omgrep som blir bruk om kor ekte og /eller opphaveleg objektet er. Autentisitet må alltid sjåast i forhold til noko, for eksempel tidsperiode, stilart, materialbruk eller byggemåte.

Automatisk freda kulturminne

Eit kulturminne som er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak. Kulturminne som er automatisk freda:

- faste kulturminne frå før 1537
- samiske faste kulturminne frå år 1917
- eldre ståande byggverk med erklært opphav frå perioden 1537-1649

Byggeskikk

Innarbeidd /tradisjonsbunden måte å byggja og plassera hus. Kan t.d. vera lokal byggeskikk tilpassa lokal levemåte, materialtilgang og landskap. Meir tydeleg i eldre tid.

Fjordung/fjerding (gml. kvartmil)

Ei norrøn landmil var 18000 alen, ein fjerding fylgjeleg 4500 alen, 9000 fot. Dei gamle lengdemåla (alen, fot) varierte noko med tida, men var etter 1824 ca. 2824 m. Frå 1875 gjekk ein over til metersystemet. Ei mil var frå da av sett til 10000 meter, og ei fjerdingsveg eller kvart mil har etter dette vore 2500 meter.

Freda kulturmiljø og freda kulturminne

Eit kulturmiljø eller eit kulturminne som myndigheitene gir så stor verdi at det må takast vare på for ettertida. Ei freding er den strengaste forma for vern. Freding vil seie at inngrep/endingar må godkjennast av myndigheitene.

Immateriell kulturarv

Immateriell kulturarv betyr praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. For kulturminneforvaltinga er den immaterielle kulturarven knytt til det me ikkje kan ta på ved eit kulturminne. Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, segn og hendingar.

Istandsetjing

Reparasjonsarbeid for å få ein bygning, del av ein bygning eller eit anna objekt opp på eit ordinært vedlikehaldsnivå, slik at berre vanleg vedlikehald vil vera nødvendig seinare.

Ei antikvarisk istandsetjing inneber at reparasjonen blir basert på bruk av materiale og teknikkar tilpassa bygningen eller anlegget sin eigenart.

Kulturarv

Samlenamn for materiell og immateriell kultur.

Namnet kulturarv blir særleg brukt i samarbeidet mellom kulturminneforvaltinga, arkivverket og museumssektoren, saman med kommunane og lokale lag og foreiningar.

Kulturlandskap

Alt landskap som er påverka av menneske. Ordet blir brukt når det blir fokusert på den menneskelege påverknaden av landskapet, i norsk samanheng knytt til jordbrukslandskap med eit visst historisk preg.

Kulturmiljø

Eit område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturmiljø kan for eksempel vera eit byområde, ei setergrend, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader. Naturelement med kulturhistorisk verdi kan vere ein del av eit kulturmiljø.

Kulturminne

Kulturminne er alle spor etter menneske sine liv og virke i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Kulturminne kan for eksempel vera bygningar, hagar, gravhaugar, helleristningar, båtar eller vegfar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid. Me skil mellom lause og faste kulturminne. Naturelement som har kulturhistorisk verdi er òg kulturminne.

Listeført kulturminne

Eit kulturminne som etter ei kulturhistorisk vurdering er identifisert som verneverdig og oppført på ei liste over objekt som skal forvaltast på ein nærmare definert måte. Både kulturminne som er formelt verna (ved lov eller forskrift) og kulturminne utan formelt vern kan vere listeførte.

Nyare tids kulturminne

Kulturminne som er datert til 1537 eller seinare.

Omsynssone

Eit avgrensa område rundt eit freda eller verna kulturminne. Området er definert i kommuneplanens arealdel eller i reguleringsplanar, der det blir oppgjeve kva for omsyn som må takast.

Representativ

At eitt eller eit utval kulturminne er representativt, betyr at det er typisk eller karakteristisk for ei større gruppe kulturminne. Omgrepet blir brukt ved samanlikning med andre kulturminne.

Restaurering

Restaurering tyder å heilt eller delvis tilbakeføre ein bygning eller gjenstand til ein tidlegare kjent (sikker) tilstand. Ved restaurering må ein velje kva tidspunkt kulturminnet skal tilbakeførast til. Det kan vere slik det var da det blei laga eller oppført, slik det var på eit seinare tidspunkt eller ein kombinasjon av ulike stadium.

SEFRAK-bygning

Nemninga blir brukt om bygningar som blei registrerte i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900. Det einaste kriteriet for registrering var alder på bygningen.

Vedtaksfreda kulturminne

Eit vedtaksfreda kulturminne blir i dag freda gjennom vedtak etter kulturminnelova eller svalbardmiljølova. **Vedtaksfredingar etter kulturminnelova** kan omfatte alle typar kulturminne yngre enn 1537, ståande byggverk yngre enn 1649, kulturmiljø og fartøy.

Verna kulturminne

Eit kulturminne som er verna ved lov eller andre verkemiddel. Dei viktigaste lovene er kulturminnelova, plan- og bygningslova, kyrkjelova, svalbardmiljølova og naturmangfaldlova. Andre verkemiddel for vern er statlege verneplanar, kyrkjerundskrivet, avtaler, listeføring, tilskotsordningar med meir.

Verneverdig kulturmiljø

Kulturmiljø som er verna etter plan- og bygningslov, enten i en kommuneplan, kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø, eller reguleringsplan. Til desse planane er det føresegner og/eller retningslinjer som styrer kva for tiltak som er tillate.

Verneverdig kulturminne

Eit verneverdig eller bevaringsverdig kulturminne er eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Forvaltninga, organisasjonar, eigarar, brukarar eller andre kan vurdere kulturminnets verdi på ulike måtar. Verdivurderinga kan endrast over tid. Kulturminneforvaltninga deler gjerne verdiane inn i tre grupper: kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar.

Dei mest verneverdige kulturminna er av nasjonal verdi. Det er fyrst og fremst desse som blir freda etter kulturminnelova. Kulturminne kan også ha regional eller lokal verdi. Normalt vil det vera kommunane som sikrar vern av slike kulturminne ved hjelp av plan- og bygningslova.


Dei fleste verneverdige kulturminne er ikkje formelt verna, korkje etter kulturminnelova eller plan- og bygningslova. Mange blir likevel tekne vare på fordi dei blir oppfatta som verdifulle av eigarar og brukarar.

4. Tidsliner og historisk oversyn

Bygdene Hjartdal, Bondal, Tuddal og Sauland utgjør til saman Hjartdal kommune. Historisk har desse bygdene mange fellestrekk, men naturgjevne forhold og samkvem mot andre bygder har gjeve kvar bygd sitt særpreg. Geografisk ligg kommunen som eit godt arrondera område i hjarta av Telemark.

Dei fyrste «hjartdølane» var truleg jegerar som fylgde villrein og anna vilt når isbreane trekte seg attende etter istida for 10-12000 år sidan. Landjorda var trykt ned av ismassane, og på det høgaste stod havet 134 meter høgare enn i dag (marin grense). Ein fjordarm som strakk seg gjennom det som i dag er Nordsjø og Heddalsvatnet gjekk heilt opp til Hjartsjø. Sauland ligg såleis på gamal havbotn. Gjennom fleire tusen år var det kort veg frå kyst til fjell, med eit allsidig næringsgrunnlag med jakt, fangst og fiske.

Steinalderfolket hadde ein nomadisk livsstil, dei trakk mellom ulike buplassar gjennom sesongane. Etter kvart kom husdyrhald og korndyrking til å bli ein del av livsgrunnlaget, etter påverknad frå sørlegare strøk. Det er ikkje mogleg å seie eksakt når det tidlege jordbruket kom til Hjartdalsbygdene, men pollenanalyse frå andre stader i Telemark syner vegetasjonsendringar som tyder på husdyr i tida 3000 - 2500 f.Kr.



Historisk oversyn.

Gjennom *bronsealderen* ca. 1800-500 f.Kr. er det jamt aukande jordbruksaktivitet. Frå denne tida og fram gjennom eldre jernalder ca. 500 f.Kr. – 550 e.Kr er det gjort mange gjenstandsfunn i Hjartdal (10 stk. i fylgje Telemarks historie). Bronse var eit eksklusivt materiale for dei rike og mektige. Det er funne om lag 10 gravfelt med gravhaugar i kommunen. Dateringane av desse kan være vanskeleg utan arkeologisk utgraving, i dei nasjonale registera er dei ofte berre tidfeste til bronsealder-jernalder. Helleristingar, som andre stader er vanleg i dette tidsrommet, er ikkje verifisert i Hjartdal. Ristningane på «solsteinen» på Toinfjellet er førebels eit mysterium. På steinen er det rissa inn to hjulkrossar med åtte eikar, nokre likearma krossar og andre figurar

Me veit ikkje med sikkerheit når dei fyrste gardane, om lag slik me kjenner dei i dag, blei etablert. Arkeologiske funn i andre dalbygder i fylket tyder på at gardssamfunn blei grunnlagt frå starten av vår tidsrekning og i auka i omfang på *tampen av eldre jernalder, i folkevandringstida 300-550 e.Kr*

Det store bildet er at tida framover gjennom *vikingtid (yngre jernalder)* og *tidleg mellomalder* var prega av vekst og befolkningsauke. Vikingtida er mest kjent for dei oversjøiske vikingtoktene, for Hjartdal sin del var nok «*det indre landnåmet*» av større betydning. Betre materialar og reiskapar la grunnlag for nyridding og etablering av gardsbruk og grender. Aukande folketal førde til at jorda og det ho kunne gje, blei utnytta i størst mogleg grad.



Jærnøks funne ved Skeie ved Skjesvatn. I fylgje Kulturhistorisk museum har denne ei karakteristisk utforming som gjer at den kan tidfestast til eldre jernalder, og da helst til yngre romartid og folkevandringstid, ca. 200-600 e.Kr. Foto: Audun Solberg.

Gardsnamn kan innehalde mykje informasjon om alderen på garden. Ein veit til dømes at dei eldste gardane ofte har korte, skildrande namn som Bø, Lid eller To.

Svartedauden kom til Noreg i 1349 og førte til ein betydeleg reduksjon i folketalet, kan hende ei halvering. Mange gardsbruk gjekk ut av drift og blei lagt aude. Nokre av desse ber enno namnet Øygarden. I tida etter pesten var det mange ledige bruk, og god tilgang på jordressursar og bygningar. Det blei mest ikkje bygd nye bygningar att før på 1500-talet, da folketalet og aktiviteten i jordbruket tok seg opp att. I Hjartdalsbygdene finst det tømmerbygningar både frå før Svartedauden og mellomalderen.



Bøen-loftet i Tuddal, tidfest til 1295. Foto: Audun Solberg.

Jordbruk og sjølvberging var levemåten i Hjartdal i århundra framover mot nyare tid. Gardsmiljøa utvikla seg, mellom anna i tun-strukturar med fleire spesialiserte hus. Etter kvart som folketalet auka, blei det trong for å dele gardsbruk og teigar. I mange grender finn vi ei omfattande teigblanding.

Ressursane i utmarka blei aktivt utnytta. Stulsdrifta, der husdyra blei flytta til skogs- og fjellbeite gjennom sommaren, var den vanlege driftsforma. På stulane var det fyrst berre enkle hus der dei både budde, mjølka og lagra mjølkeprodukt. Seinare kom det fjøs på nokre av stulane. I nokre sel var

det også eigne rom for oppbevaring av maten. Vinterfôr blei sankt og lagra i stakkar, stølshus eller utløer, for seinare å transporterast til bygda. I Hjartdalsfjella finst framleis aktiv stulsdrift nokre få stader, men nesten overalt kan ein finne restar og spor etter denne driftsforma som på dei fleste gardsbruka blei avvikla i tiåra etter andre verdskrig.



Frå Bjordalsstulen i Hjartdal, framleis i drift. Foto: Nordbø gard og stule.

På 1500-talet blei *oppgangssaga* oppfunnen. På denne tida var det stor etterspurnad etter materialar nedover i Europa. Skogane i Hjartdal hadde ein lang transportveg til kysten, men frå 1600-talet og framover var også bønder i Hjartdalsbygdene med på trelasthandelen. Oppgjer for tømmer kunne vera pengar, varer (t.d. korn som var mangelvare) eller oppgjer av skatt, gjeld eller andre skyldnader. Trelasthandelen fekk etter kvart mange reguleringar som styrka adelskap og byborgarar og skogeigedommar vart kjøpt opp for å sikre tømmertilgang. Me kan finne mange restar og spor etter tidlegare tiders tømmerfløyting og skogsdrift i dag.

Husmannsvesenet blei vanleg ut gjennom 1700-talet, med eit høgdepunkt rundt 1750. Ein husmann fekk bygge seg ein heim for seg og sin familie med eit jordstykke i utkanten av ein større gard. Betalinga var arbeidsplikt på garden plassen låg under. I Hjartdalsbygdene finn me spor etter nærare 500 husmannsplassar som i dag viser seg i eit spenn frå knapt synlege tufter til det som me no reknar som eigne gardsbruk.

Folketalet auka på frå 1814 og framover, ressursane var knappe og mange levde på og under grensa til fattigdom i eit lagdelt samfunn. *Utvandringa til Amerika* frå 1839 og framover, fungerte som ein ventil og gjorde at problema med naud og svolt ikkje blei større enn dei faktisk blei. Nær 2000 Hjartdølar reiste til Amerika frå 1839 og fram til hundreårsskiftet, ein av kommunane med prosentvis størst utvandring i landet.

Frå 1850-talet og framover føregjekk det som historikarane kallar «*det store hamskiftet*». Det gamle bondesamfunnet, som hadde vore forholdsvis stabilt gjennom århundra, kom i endring. Frå det gamle prinsippet om sjølvberging på eigne ressursar, blei bøndene no meir avhengig av kjøp og sal. Jordbruket blei mekanisert og fekk nye tekniske løysingar. På starten av 1900-talet kom også kunstgjødsla. Betre vegar og tog opna bygdesamfunna, og det kom nye impulsar gjennom aviser, bøker og post. Industriverksemder starta opp og gav nye arbeidsplassar, husmannsvesenet løyste seg opp og reduserte arbeidskrafta i landbruket. Sauland Uldspinneri og Væveri (frå 1916 Heddal Mølle)

som blei etablert i 1897 er eit døme på slik bygdeindustri, med opp til 15-20 arbeidsplassar tidleg på 1900-talet.

Mot nyare tid utvikla bygdene seg til moderne bygdesamfunn med bygdesentrum, bank, skulekrinsar med eigne skular, skysstasjonar og hotell. *Kraftutbygginga* frå midt på 1900-talet og framover medførte høg aktivitet og styrka økonomi, men også store tekniske inngrep i naturen. Stølar blei demt ned, stølshus blei flytta opp og nye køyreveggar kom til.



*Betongplatedammen ved Skjesvatn blei bygd i åra 1957-1959.
Foto: Skagerak Energi.*

I Hjartdal kommune er det framleis slik at litt under halvparten av innbyggjarane bur på gardsbruk. Dei fleste har arbeid i andre næringar, og mange pendlar. Det er særst få heiltidsgardbrukarar, men uvanleg mange som har ei form for deltidsnæring på garden. Dette er noko Hjartdal kommune kan vera stolt av, og noko ein må hegne om for framtida. Ei levande og allsidig landbruksnæring legg grunnlaget for det meste, frå matsikkerheit, busetjing og beredskap til ivaretaking av natur- og kulturarv.



*To generasjonar på Flatland i Hjartdal, Oddbjørn og Ingrid i 2018.
Foto: Oscar Puschmann (NIBIO).*



Frå Åto under kraftutbygginga. Vatnet stig, ikkje alle hus er flytta. Eigar av foto: Margit Risvoll.

*Eg høyrer trollet burar, det bryt seg fram i fjell
Og snart her innved strondi det opnar vel sitt svelg
Og gløyper regn som strøymer i frå den mørke sky
Og sjoen kvit som gøymer den frosne mark ei tid*

*Farvel da strond med bøar, med holmar, nes og skjær
Som no frå land lyt fara og ut på djupet dreg
- Men harepus ved strondi, det er vel vandt å tru:
No lyt me ut og fara, for her skal fisken bu*

Utdrag av diketet «Frå Skjesoset» av Halvor Aarhus

5. Verdifulle kulturminne i Hjartdal kommune

5.1 Fornminne - minne frå føre mellomalderen

Dette kapittelet tek for seg dei arkeologiske kulturminna, det vil seia det me finn av spor etter tidlegare tiders menneskeleg aktivitet i inn- og utmark. I hovudsak gjeld dette den lange tidsperioden frå steinalder og fram til mellomalderen. Frå da av gjev skriftspråk og andre kjelder eit breiare bilde av historia.

[Askeladden](#) er ei nasjonal database med oversikt over kulturmiljø og kulturminne som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova eller vurdert som verneverdige i kommunale kulturmiljøplanar. For publikum er denne informasjonen gjort tilgjengeleg på nettsida [Kulturminnesøk](#). Innhaldet på Askeladden er kvalitetssikra av fagpersonar, medan det på kulturminnesøksida også er mogleg for enkeltpersonar og friviljuge å legge inn informasjon og bilete.

I Askeladden og Kulturminnesøk (huk av for kulturminne registrert av forvaltinga) er det pr 15.10.24 registrert 510 kulturmiljø og kulturminne i Hjartdal, fordelt på kategoriane bygningar, kyrkjestader og arkeologiske kulturminne. Heile 475 av registreringane gjeld arkeologiske kulturminne, mange av desse er enkeltfunn. Me vil her gje eit kortfatta oversyn over dei registrerte arkeologiske kulturminna, sett i eit historisk perspektiv.

Etter istida var kystlina mykje høgare enn i dag. I vår kommune sto havet på det høgaste rundt 135 meter over dagens havoverflate. I eldre steinalder var truleg dei første «hjartdølane» nomadiske jegerfolk som veksla mellom jakt og fangst i høgfjellet og fiske i den lange fjordarmen som breia seg innover i landet. Desse folkegruppene sette ikkje store spor i landskapet.

Det er heller ikkje funne tydelege restar av steinalderbuplassar i vår kommune. Hulderhola ved Heddersvatn på Gaustaråen er i Askeladden registrerte som moglege område for aktivitet og busetnad med datering steinalder. Det synast ikkje å være funn eller utgravingar som dokumenterer dette i særleg grad, men det er vegetasjon som tyder på menneskeleg påverknad utanfor hola.

Tre andre einskildfunn, eitt i kvar bygd, er derimot meir sikre og knytt til yngre steinalder:

- Ei steinøks funne på garden Svarteberg i nordenden av Hjartsjå i 1937
- Ein meisel av flint funne på eit jorde rett vest for Omnesfossen i 1920-åra
- Ei skaftholøks funne på eit jorde i Hovdegrenda i Tuddal, ein stad mellom 1938 og 1948



Mangekanta steinøks funne på garden Svarteberg ved Hjartsjå i 1937. Steinalderøks. Foto: Audun Solberg.

Me har ein del arkeologiske kulturminne knytt til jakt, fangst og fiske som kan vera gamle, men som ikkje er eksakt daterte. Døme på dette er bogestille, fangstgroper og stokkebåtar.

Det er registrert tre bogestille, dette er oppstilte steinar eller enkle murar som jegeren kunne gøyme seg bak under reinsjakt. På fjellet mellom Skjesvatn og Vindsjøen ligg to av dei, det eine ved Lygytjønn og det andre ved Søre Lekkjenuten. Det tredje og beste bevarte ligg på Diplanuten, heilt på grensa mot Tinn kommune. Ved bogestillet ved Lygytjønn er det også restar av det som truleg er mura fundament for eit leiegjerde. Både på Ålamoen og Sjøtmoen i Sauland er det registrert fangstgroper, truleg laga med tanke for elg. Fangstgropene er ikkje daterte.



Bogastillet ved Diplanut. Foto: Audun Solberg.

Ved nedtapping av vatn i samband med bygging og vedlikehald av damanlegg for kraftproduksjon, er det funne fleire stokkbåtar, det vil seia uthola tømmerstokkar forma til enkle båtar. Den mest kjente heng utstilt på Tuddal høg fjellshotell. Det er også teke vare på ein frå Breivatn i lokala til «Hjartdøla», dvs. Hjartdøla Kraftverk i Gvammen i Hjartdal. Ein anna er i privat eige hjå Ambros Langåsdaalen.

Gjennom bronsealderen (1800 f.kr- 500 f.kr) og jernalderen (eldre jernalder 500 f.kr – 550 e.kr og yngre jernalder 550 e.kr -1050 e.kr) endrar dei arkeologiske kulturminna seg. Generelt er det slik at menneska gradvis byrjar med jordbruk i form av husdyrhald og åkerbruk, tek i bruk, lagar og bytar til seg ulike metall og etter kvart blir meir bufaste. Me kan grovt dele kulturminna frå desse periodane inn i gravfunn, spor etter jernproduksjon og andre enkeltfunn.

I tillegg kjem helleristingar. Helleristingar frå bronsealderen inneheld gjerne hjulkrossar, slik ein finn på «solsteinen» på Toinfjellet sørvest for Bondal. Per i dag er kulturminnet registrert, men uavklart med tanke på alder.

Under er ein tabell med funn frå bronsealder og jernalder i kommunen. Opplysingane er henta frå Askeladden. I stor grad dreier det seg om *gravfunn*, gjerne ein eller fleire gravhaugar samla. Gravhaugane er i mange tilfelle plyndra, for lang tid tilbake. Datering er vanskeleg utan grundige arkeologiske undersøkingar, og ofte er tidfestinga forenkla til heile den lange perioden bronsealder-jernalder. Gravfeltet på Frøland i Sauland skil seg ut med å vera nærare datert til eldre jernalder.

Stadnamn	Gravfunn/-minne	Datering	Omtale (frå Askeladden)
Nord-Flatland	Gravhaug	Jernalder	<i>Rundhaug. Klart markert og tydelig i terrenget. Til dels brattsidet. Består av stein og sand. Sjakt, 5x2x1,5m, gravd inn fra Ø og forbi midten, fortsetter så 2m mot SV</i>
Døsjå	6 gravhaugar	Jernalder	<i>4 rundhauger og 2 langhauger</i>
Århus-Risvoll	Gravfunn (1909)	Bronsealder - jernalder	<i>Sverd, 2 økser, 4 pilspisser, bissel, 2 sigder, vevsverd. Alt av jern.</i>
Dårstul (Nord-Mæland)	Gravminne (1936)	Jernalder	<i>Omfatter bl a sverd, spydspiss, øks, 4 pilspisser, 2 celter, fil, ljå, sigd. Alt av jern. Merovingertid. Sakene lå under en liten steinhelle.</i>
Funner	Gravfunn? (1929)	Eldre jernalder	<i>Øks av jern.</i>
Skeie	Jernøks – mellom to hauger	Eldre jernalder	<i>Funnsted for jernøks. Funnet i regulert sone av Skjesvatn, liggende mellom to hauger.</i>
Sud-To	Gravfunn (1920)	Bronsealder - jernalder	<i>To sverd, spydspiss, 6 pilspisser, seletøybeslag, 2 celter, saks og sigd. Alt av jern.</i>
Nord-Lonar	Gravrøys	Bronsealder - jernalder	<i>Gravrøys plassert på en NNV-SSØ orientert, lav bergrygg i en vestvendt dalside.</i>
Nord-Skårnes	4 Gravhaugar	Bronsealder - jernalder	<i>4 runde gravhauger med plyndringsgroper. Den ene gravhaugen har fotgrøft. Mellom gravhaugene er det 5 avlange nedgravinger. Disse er kullholdige med uvisst funksjon.</i>
Frøland	Gravfelt - 10 gravhaugar	Jernalder	<i>Gravfelt fra jernalder bestående av ti gravhauger med diameter fra ca. 3 til ca. 7,8 meter. Lave hauger, men tydelig markerte i terrenget. Tre av haugene har fotgrøft. Gravfeltet dateres trolig nærmere bestemt til eldre jernalder.</i>
Leine	Spenne i bronse	Jernalder	<i>Fragment av en spenne i bronse med tydelig dekor bestående av horisontale og skråstilte striper samt sirkler</i>
Øvstebø og Myljom-Bø	Gravfunn (1940-1946)	Bronsealder-jernalder	<i>Funnene som stammer fra minst 7 graver omfatter bl a: Sverd, 2 økser, 2 spydspisser og munnbit. Alt av jern. Oval spenne, likearmet spenne. Begge av bronse. 3 pilspisser, 2 kniver og sigd. Alt av jern. Skjoldbule, 6 pilspisser, sigd og munnbit. Alt av jern. Øks, del av sverd, sigd, isbrodd, pilspiss.. Skjoldbule, øks og rangle.</i>
Sud-Skoje	3 Gravhaug	Jernalder	<i>Gravhaug på ca. 7 m i dm og ca. 1,10 m høy. Gravfeltet består av to gravhauger som ligger på en brink med utsikt mot sør-sørøst</i>
Nistugu Fosse	Gravfunn (1927)	Yngre jernalder	<i>I en haug som besto av grus - nå planert : 2 økser, 1 pilspiss, 1 kniv, del av munnbit og rangle. Alt av jern.</i>
Myljom-Solheim	Gravhaug	Jernalder	<i>Gravrøysa måler 17.5m N-S og 11m A-V og hadde inga plyndringsgrop. Røysa var markert i terrenget, men noe vanskeleg å avgrensa i vestre kant. 9 rydningsrøyser i same område.</i>
Kovvatnet	2 Gravrøyser	Bronsealder - jernalder	<i>Gravrøysene har vid utsikt mot bl.a Kovvatnet og ligger rett ved den naturlige ferdseisåren gjennom området.</i>

Oversyn over gravfunn/gravminne i kommunen ved fylkeskommunen. Gardsnamna er retta i Kulturmiljøplanen.



Gravhaug frå jernalderen ved Skoje i Sauland. Foto: Audun Solberg.

Dei klart mest talrike kulturminna frå jernalder og mellomalder er alle *spora etter jernutvinning*. Til produksjonen trong store mengder trekol som blei laga i kolgroper, i seinare tid kolmiler som blei reist over markoverflata.

I enkle jernvinneanlegg blei jernhaldig myrsmalm brent i ein mura omn av stein og leire, slik at jernet skilte seg frå slagget. Oksygen blei tilført i prosessen med hjelp av ein blåsebelg. Jernklumpen (kallast gjerne «lumpen») kunne etterkvart lyftast ut av omnen med ei tang, medan slagget rann mot botnen av omnen. Teknikken med jernutvinning og storleiken på omnen har endra seg gjennom tidene.

Spora me ser i dag er gjerne ei grunn grop i marka etter kolbrenninga, og slagghaugar etter jernutvinninga. Av dei litt over 400 arkeologiske registreringane som ligg i Askeladden er mellom 250 og 300 av dei anten kolgroper eller slaggg førekomstar frå jernproduksjon. Audun Solberg, aktivt medlem i Hjartdal historielag og busett i Sauland, har gjort ein formidabel jobb med å registrere kolgroper og andre fornminne i kommunen. Mykje av dette er trykt i årbøkene til historielaget.

Mange jernvinneanlegg har ligge i fjellet, nært opp mot myrsmalmen. Ved tapping av vatna, til dømes Vindsjøen, Breivatn og Skjesvatn, har ein funne fleire restar etter denne type jernvinneanlegg. Men det har også vore jernutvinning i lågareliggande strøk. Ved Skoje-gardane i Sauland er det funne spor etter ei smie som har vore i funksjon i nærare 800 år. Innanfor ein radius på 600 meter er det påvist rundt 90 kolgroper. Dette er nærare omtala i kap. 6.1.1.



Funnstad for slagg i eit ned-tappa Breivatn. Dette er det klart største slaggområdet i Hjartdal, stort også i landssamanheng. Foto: Audun Solberg.

Kap. 5. 1 Fornminne – Status og tiltak

Heile 475 av 510 registrerte kulturminne i Askeladden i Hjartdal kommune er arkeologiske fornminne, mykje av dette er restar etter jernutvinning.

Fornminne frå før reformasjonen i 1537 er automatisk freda og har såleis eit vern gjennom kulturminnelovgjevinga.

Området Skoje/Ålamoen utgjer eit kulturmiljø som blir spela inn som eit verneverdig kulturmiljø i kommuneplanens arealdel, sjå kap. 6.1.1.

Det er elles viktig at kommunen medverkar til ei generell bevisstgjerung rundt verdien av fornminne der dei kan, særleg i samband med byggeplanar og skogsdrift.

5.2 Landbrukets kulturminne

Hjartdal er ein utprega landbrukskommune. Hjartdal, Sauland, Tuddal og Bondal kan alle reknast som fjellbygder, sjølv om Sauland også har eit moment av flatbygd i seg. Bygdene Hjartdal og Bondal fekk særskilde statusar i samband med Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i 1994. Hjartdal nordbygd blei i 2017 i tillegg innlemma i ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket, dette saman med grannebygda Svartdal. Desse statusane er nærare omtala i kap. 6. 2. Det er verdifulle kulturlandskap andre stader i kommunen også, og viktig å sjå alle bygdene under eitt. Kulturminne knytt til landbruk finn me i alle bygdene.

5.2.1 Bygningsarven

Ei vanleg inndeling av bygningane på ein gard er innhus og uthus. *Innhus* er bygningane folk budde eller hadde mat, husgeråd og klede i; stugu, bur og loft. Bur er i bygningsvernfareleg samanheng definert som ein bygning i éin etasje, til lagring av mat, klede og verdisaker. Loft hadde dei same funksjonane, men er i to etasjar og gjerne med ein svalgang i andre høgda. I dialekt og daglegtale blir loft også kalla bur i Telemark. *Uthus* er dei andre bygga knytt til husdyrhald og gardsdrift generelt; fjøs, låve, utløer, sel (stulshus til å bu og/eller lagre høyr i), kvennhus, kjone (badstugu, tradisjonelt mest brukt til tørking/røyking av korn/malt/kjøtt/fisk og varmebehandling av tøy), smie og sag.

Det blei lagt mest flid i innhusa, og det er desse det er flest bevart av i dag. Uthus var ofte enklare bygd, med mindre omtanke i materialval. For bygg nytta til tørking eller lagring av høyr eller lauv var det elles eit poeng at veggane skulle vera litt «ovne» (glisne). I tillegg var det vanleg med ombruk av materialar frå andre hus. Våningshus, loft og bur tradisjonelt sett fått meir merksemd og høgare status enn driftsbygningar. Sistnemnde er vel og merke minst like viktige som vitnemål frå farne tider, ikkje minst dei som er knytt til den omfattande bruken av utmarka.

Frå brune tømmerveggar til sveitsarstil

Det er i seinare tid konkludert med at lafteteknikken blei teken i bruk i Noreg i vikingtida, etter påverknad og impulsar frå land lengre aust. Bygningane på gardsbruka i Hjordal har frå denne perioden, gjennom mellomalderen og langt inn på 1900-talet, i all hovudsak vore lafta bygg.



Øverbø i Hjordal 1915 (Uppistugu). Foto: J. J. Meyer (Norsk Folkemuseum).

Sveitserstilen blei introdusert i Noreg rundt 1840-1850, og fekk etter kvart stor betydning. Våningshus blei kledde med panel, og det blei vanleg med store takutstikk og mykje utskorne pyntedetaljar. Ofte blei det sett spir og tårn på bygga, og det utvendige listverket blei framheva. Også mange loft og driftsbygningar fekk dei karakteristiske pyntelistene og spira som kjenneteiknar sveitserstilen. Av Hjordalsbygdene fekk Sauland det største innslaget av sveitserstil.

På denne tida kom også dei nye større låvebygga, der fleire funksjonar blei samla under eitt tak. Tidlegare var bufeet fordelt i fjøs og ulike stallar, stallane ofte med eigne trev til fôr. Låvane var mindre og var berre for høyr og korn, ev. noko lauv. Dei nye låvane var ofte raudmåla, da raudt var den rimelegaste farga.



Leine i Sauland 1897. Foto: Gullik Rua (Buskerud fylkeskommune).

Eldre inn- og uthus låg fint i terrenget. Dei nye låvebygga medførte ei endring, men var totalt sett ikkje så inngripande i landskapsrommet. Seinare har både inn- og uthus vokse, dels i takt med maskinparken. Mange stader blir no i staden terrenget tilpassa husa. Større terrengingrep kan fort verke negativt inn på landskapsbiletet, og bør unngåast så langt som råd.



I gamle tun var bygningane godt plassert i terrenget. Åkre i Bondal 1910. Foto: Johan J. Meyer (Riksantikvaren).

Automatisk freda bygningar (før 1650)

Alle bygg frå før 1650 er automatisk freda. Mellomalderen i Noreg er rekna frå år 1030 til 1537 (reformasjonen). Det er bevart ca. 250-260 tømmerhus frå mellomalderen i landet, av desse heile 14 frå Hjartdal. Mellomalderbygg er automatisk freda, gitt at dateringane stemmer.

Automatisk freda mellomalderbygg (bygg frå før 1537)					
Type bygning	Gardsnamn	Gbnr	Datering	Freding	Merknader (Berg)
(Vesle)Bur	Sud-Åbø	6/3	Før 1350	Aut. freda	Satt på stolper 1736
Loft	Risvoll	12/5	Før 1350	Aut. freda	Loftet sto opprinnelig på gården Risvoll øverst i bygda. Loftet ble flytta frå Risvoll til Holm vestre rundt 1860 og vidare til Holm østre rundt år 1900
Loft	Nedre Haugan	30/3	Ca. 1500	Aut. freda	
Loft	Sud-Lonar	60/3	Før 1350	Aut. freda	
Loft	Suigard Skårdal	64/1	Før 1350	Aut. freda	
Loft	Øvstebø	69/1	Før 1350	Aut. freda	
Loft	Nordstugu Bø	71/2	Før 1350	Aut. freda	
Loft	Nistugu Frøland	75/2	Før 1350	Aut. freda	
Loft	Suigard Frøland	77/2	Tidleg 1500?	Aut. freda	
Loft	Nistugu Fosse	79/2	Tidleg 1500?	Aut. freda	1 høgda gamal
Bur	Nord-Tjønn	89/1	Før 1350	Aut. freda	
Loft	Nedre Venås	91/2	Før 1350	Aut. freda	
Loft	Bøen	97/1	1295	Aut. freda	Dendrokr. datering
Loft	Myljom Solheim	104/2	1512	Aut. freda	Dendrokr. datering

Oversyn over mellomalderbygningar i Hjartdal kommune jf. «Norske hus i mellomalderen» av Arne Berg (1991, 1998). I Kulturmiljøplanen er lista sortert etter gards- og bruksnummer, og gardsnamna er retta.

Automatisk freda bygningar frå 1537 til 1650 (ikkje rekna til mellomalder)					
Type bygning	Gardsnamn	Gbnr	Datering	Freding	Merknader (RA)
Stugu	Øvre To	2/2	1500/1600-t	Aut. freda Vedtaksfreda 06.06.1923	Årestugu Brann ned i 2009
Loft	Dølen	50/1	1621	Aut. freda	Dendrokr. datering, 2. et.
Vengjebur	Nordre Åsen	107/1	1594-1595	Aut. freda	Dendrokr. datering
Bur	Viken	112/1	1598-1600	Aut. freda	

Oversyn over automatisk freda bygningar i Hjartdal kommune frå etterreformatorisk tid.

Opplysningane i den fyrste tabellen er henta frå storverket «Norske tømmerhus i mellomalderen» av Arne Berg. Da fyrsteutgåva kom i 1991 var det registrert 200 mellomalderhus nasjonalt, av desse 11 i Hjartdal. Dei tre siste kom med i bind 6 frå 1998.

Dateringane til Berg er i stor grad basert på vurdering av lafteteknikk og bygningsdetaljar. I ettertid har det kome fram at det såkalla Findalslaftet (ein lafteteknikk) var i bruk over eit lengre tidsrom enn ein før har trudd. Nokre av dateringane kan difor vera usikre. Eit par av bygga er seinare datert med årringsanalyse (dendrokronologi), og er såleis sikre.

Det går fram av tabellen at dei eldste tømmerbygningane er bur eller loft. At så mange loft har blitt bevart har samanheng med at det i utgangspunktet var flotte bygg som bonden var stolt av, at slitasten var liten og at loftet som regel fekk stå meir uforandra en dei andre husa. Stugune blei i motsetjing ofte bygd på og modernisert etterkvart som tidene endra seg.



*Bøen-loftet i Tuddal er bygd i 1295, dette syner dendrokronologisk prøvetaking.
Foto: Arne Berg (Norsk Folkemuseum).*

Ein kjenner ikkje til stugubygningar frå mellomalderen i Hjartdal. Nasjonalt finst det heller ikkje så mange, ofte er dei ev. flytta til museum eller likande. I boka til Anne Haugen Wagn, «Bygningsarv i Hjartdal», blir stugu på Øvre To trekt fram som den eldste i kommunen. Den var bygd som årestugu, med open eldstad midt i bygget (utan skorstein). Truleg datering var 1500- eller 1600-talet. Denne stugu brann diverre ned i 2009. Overgang frå årestugu til peis med pipe og vindauge av glas skjedde gjennom 1600-talet og utover 1700-talet.



Stugu på Øvre To i 1966. Foto: Riksantikvaren.



Fronten på vesleburet på Sud-Åbø, med kapiteldyr på beitskia. På folkemunne er det sagt at buret har ei tilknytning til stavkyrkja som blei riven i 1809. Byggmeistaren for begge skal vera ein Pål frå Åbø, og buret skal ein gong ha vore nytta som likhus. Dette er ikkje verifisert, heller ikkje alderen på bygningen. Arne Berg daterte det ut frå innslag av Findalslaft til før 1350. Seinare har fagfolk funne ut at denne teknikken var i bruk noko lenger fram i tid. Foto: Johan J. Meyer 1910 (Riksantikvaren).

Bygningar freda ved vedtak

I 1921 kom bygningsfredningslova. To år etter blei dei 16 fyrste bygningane vedtaksfreda i Hjartdal. Seinare har det kome til fleire.

Vedtaksfreda bygningar					
Type bygning	Gardsnamn	Gbnr	Datering	Freding	Merknader
Stugu	Øvre Tho	2/2	1500/1600-t	Vedtaksfreda 06.06.1923	Årestugu Brann ned i 2009
Loft	Øvre To	2/2	1750-1800	Vedtaksfreda 06.06.1923	
Loft	Nedre To	3/3	1700-talet	Vedtaksfreda 06.06.1923	
Loft	Nedre Åbø	5/1	Tidleg 1800	Vedtaksfreda 06.06.1923	
Loft	Nord-Åbø	6/1	1700-talet, tredje kvartal	Vedtaksfreda 06.06.1923	
Tun med 8 bygningar	Sud-Åbø	6/3		Vedtaksfreda 29.06.2017	Områdefreding, sjå eige kapittel under «Kulturmiljø»
Loft	Hovdejord	11/1	1700 -talet	Vedtaksfreda 06.06.1923	
Loft	Bekkehus	16/2	1700-tallet fjerde kvartal	Vedtaksfreda 06.06.1923	
Stugu	Øverbø	29/5	1790	Vedtaksfreda 06.06.1923	
Loft og stugu	Løksli	42/1	1763	Vedtaksfreda 06.06.1923	Loftet er freda. Stugubygning i to høgder sett opp i 1763, loft frå same tid?
Stugu	Kleppen	68/1	1804	Vedtaksfreda 06.06.1923	Innvendig dekor
Stugu	Skoje	82/1	1811	Vedtaksfreda 06.06.1923	
Loft	Greivjord	100/1	1597/98 +1700	Automatisk freding oppheva. Verneverdig, men pdd ikkje freda.	Loftet på Greivjord er sett opp med rundtømmer i begge høgdena, og har sval i andre høgda. Tidlegare rekna som automatisk freda pga tømmer dendrodatert til 1597-98. Viste seg i 2024 å gjelde berre tre veggar.
Loft, stugu	Nordre Åsen	107/1	Ca 1800, 1796	Vedtaksfreda 06.06.1923	Andre høgda i loftet frå før 1350?
Gardstun Stugu, loft og bur	Aakre	114/1		Uavklart fredningsstatus, fredning på stuebygning er oppheva.	
Stugu	Uppigard Bondal	115/5	1720	Vedtaksfreda 14.05.1941	

Oversyn over vedtaksfreda bygg i Hjartdal kommune sortert på gards- og bruksnummer. Opplysningane er henta frå Riksantikvaren og fylkeskommunen si kulturminnebase, Askeladden. I Kulturmiljøplanen er lista sortert etter gards- og bruksnummer, og gardsnamna er retta.

RIKSANTIKVAREN
102 CT
2-9-23

Kristiania 5 Juli 1923.

HEDDAL SORENSKRIVERI

Liste over bygninger freddet i henhold til lov av 3. december 1920
og Kirke- og undervisningsdepartementets bestemmelse av 1 februar
og 6. juni 1922 med bygninger:

HEDDAL.	50 ⁶ Rambergst, nørstuen. v	Stuebygning. Jon O. Ramberg.
	48 ¹ Rambergst, nordre. v	Stuebygning. Ost. Holta.
	28 ³ huset <i>Ni stuer paa kloster (Benedict)</i>	Loft. Paul Hartberg.
	33 ¹ huset <i>huset</i>	Stuebygning. Sigurd Ambrosen.
	63 ¹ Yll, nordre. v	Stuebygning. Leivning Olsen.
HJARTDAL.	5 ¹ Aabg, nedre. v	Stuebygning, loft, bur. Halvor.
	6 ¹ Aabg, øvre. v	Stuebygning og loft. Nils Torv.
	125 ¹ huset <i>Ni stuer paa kloster</i>	Loft. J. J. Vaale.
	1 ¹ Ambjørnsdalen. v	Stuebygning. Halvor Hirsheim.
	29 ¹ Øvrebs. v	Stuebygning. Torvald O. Haug.
	30 ³ Haugan, nedre. v	Loft. Ole Olsen Haugen.
	16 ² Birkhus. v	Loft. Jon Hvitelsen.
	11 ¹ Hovdejord, nordre. v	Loft. Søren Gundersen.
	42 ¹ Løkeli. v	Loft. Gunde Sjørgensen.
	3 ² Aho, nedre. v	Loft. Ingelborg Alsdtr.
SATLAND.	82 ¹ Skole. v	Stuebygning. Hans Skjerve.
	68 ¹ Kleppan. v	Stuebygning. M. M. Skjerve.
	47 ² Freland. v SONDRE	Loft. O. St. Groland.

- 2 -

RIKSANTIKVAREN

TUDUÅL.	107 ¹ Aasen, nordre. v	Stuebygning og loft. Ole Nilson.
	97 ¹ Aasen, søndre. v	Loft. Jon St. Børr.
	114 ¹ Aakra i Mondalen. v	Stuebygning og 2 stabbur. Tor Olsen.
ØRNESHEDAL.	35 ¹ Vik. v	Stuebygning og loft. Halvor Holta.
	22 ¹ Nedre Snnevik. v	Stuebygning. G. St. Haukeim.
	39 ¹ Holkest. v	Stuebygning, loft og bur. fru Lofte.
HUVIN.	23 ¹ Tveito. v	Loft. Lofte og Gjermund Traver.

For Den antikvariske
bygningsnevnd

Harry Fett

Tinglyst paa HEDDAL SORENSKRIVERI 21. juli 1923, etstakert paa de respektive gaardnummer og bruksnummer samt indført i pantebok no. 2 fol. 39.

Uten betaling

Tinglysingsbrev av dei fyrste vedtaksfreda bygningane i Hjartdal kommune m.m., signert Riksantikvar Harry Fett.

SEFRAK, alle bygg frå før 1900

Nemninga SEFRAK blir brukt om bygningar som blei registrert i regi av Sekretariatet for registrering av faste kulturminne i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900. Det einaste kriteriet for registrering var alder på bygningen.

I Hjartdal blei desse registreringane gjort på 1980-talet. Hjartdal kommune har mange slike bygg. I den originale lista er det ført opp 1231 bygg. Etter dette er det registrert 148 bygg som «revet/brent» og nokre er registrert som «byggningsnr. utgått» eller «godkjent for riving/brenning». Da står det att om lag 1075 bygg som «tatt i bruk».

Det er sjølvsagt litt usikre tal i denne registreringa, med bygg som er tapt utan at det er varsla eller bygg som blei utegløymt i når dei gjorde feltregistreringa. Det er uansett eit høgt tal hus frå før 1900 i Hjartdal kommune. Eit anslag er at det framleis står mellom 1050 og 1100 SEFRAK-bygg frå før 1900.

Bygdetun

Det er eitt bygdetun i kommunen, Tuddal bygdetun, sjå kap. 6.4.2.

Kap. 5. 2. 1 Landbrukets kulturminne / Bygningsarv – Status og tiltak

Det er eit høgt tal freda og verneverdige bygningar knytt til gardsbruk i Hjartdal kommune.

Dei som har freda bygningar får oppfølging av kulturminneforvaltinga både når det gjeld rådgjeving og midlar til tiltak. I Hjartdal (både Nordbygda og Gvammen) og Bondal kjem det også inn visse retningslinjer som følgje av status som nasjonalt verdifulle kulturlandskap. For Hjartdal nordbygd sin del gjeld i tillegg ordninga utvald kulturlandskap.

Bygningar som ikkje er direkte freda, men såkalla verneverdige, er avhengige av at nokon ser verdien i dei. Dette gjeld både eigaren, handverkaren og forvaltinga. Det er generelt trong for å auke folks medvit om verdien av eldre hus, og særleg bygningsarv knytt til stølsdrift og hausting av fôr i utmarka. Dette er særst viktige kulturminne. Denne type folkeopplysing kan skje gjennom arrangement eller informasjonsskriv til innbyggjarane. I tillegg bør kommunen ha ei liste med informasjon om aktuelle rådgjevarar og tilskotsordningar på restaurering av gamle hus.

I tillegg er det trong for meir overordna rådgjeving om byggeskikk i kulturlandskap. Korleis framheve den lokale byggeskikken, eller der den er borte - få den fram att? Det trengst gode råd både om val av type hus, tilpassingar til tun og terreng, ev. fargebruk, veranda- og vindaugsløysingar. Ein kan gjerne ta utgangspunkt i tidlegare utarbeidde rettleiarar, men oppdatere og forenkle desse på ein måte som gjer at dei kjem i bruk. Det bør satsast på dei gode eksempla framfor å vise korleis ein ikkje bør gjera det. Eksempel bør heller ikkje hentast lokalt. Ein byggeskikkrettleiar vil også gi byggesakshandsamarane noko konkret å støtte seg på ved rådgjeving og sakshandsaming. Den bør også vera tilgjengeleg på nett.

Det hadde ut over dette vore tenleg med ei oppdatering av SEFRAK-registreringane i kommunen. Ei slik oppdatering ville automatisk ha gjeve ei oversikt over kva som finst att av ulike hus med ulike funksjonar, som til dømes kjone (badstugu) og kvennhus. Ein ville også fått eit betre grunnlag for vurderingar rundt ev. fritak for eigedomsskatt jf. Eigedomsskattelova §7 b (historisk verdi).

5.2.2 Stulane og utmarka

Det finst fleire former for seterdrift. I Hjartdal kommune var det såkalla fullseterbruk som gjaldt, med fast tilhald på stulen for folk og dyr gjennom sommaren, og med produksjon av mjølkeprodukt på stulen. Ei viktig side ved denne driftsforma var at engareala rundt gardane kunne slåast til vinterfôr.

Buskapen blei flytta gradvis til fjells. Det var vanleg med vår- og hauststule, som låg lågare i terrenget og kunne nyttast nokre veker vår og haust, og langhei (fjellstule) som vart nytta sommarstid. I nokre tilfelle var det også ein heimstule som låg enda nærare tunet. Vårfoset var fyrste steget ut av fjoset etter vinteren, også dette eit stykke unna tunet.

Stuldrift er omtalt alt frå vikingtid i Noreg. Det er uvisst når det starta i våre område. Fyrste sikre prov er omtale av langheia Lekkenuten (Hjartdal) i eit skinnbrev frå 1477, da som del av ein eigedomstvist. I skinnbrevet står det at stulen har «ligget under Hvale siden gammel tid» (Olav Langåsdalen i Hjartdal Historielags årbok for 2015).

Stulsbygningane var frå gammalt av enkle, lafta bygg. Dei hadde berre buer, ofte kalla sel, der dei budde. Kyrne blei tekne inn i sela og mjølka. På den bakre veggen var det hjellar (hyller) til mogning og lagring av ost. Ute på stulsroa hadde dei ei eller fleire eiser (mura bogar) til kokestad. Seinare blei sela i nokon grad endra, med eige rom for mjølking, gluggar til vindaug, tregolv og anna. Dei eldste stulsbuene som er att i dag er frå 17- og 1800 talet. Rundt 1900 og frametter blei det nokre stader også bygd enkle fjøs til dyra. Eldre stulsbuer/sel til opphald hadde originalt åre. Seinare er det i somme tilfelle mura peis, andre stader sett inn omnar).

Myrar og andre areal som ikkje var beita av husdyra blei slege. Nokre stader var det vanleg med hevdning av stulsvollane. Dette vil seia at dei innafor ei stulsgrend veksla på kva for stular dei sat på med kyrne frå år, og kva for stular dei berre slo. På denne måten fekk dei gjødsla opp vollane. Høy frå stulsvollane og anna fjellslått blei lagra i sela eller i andre enkle løer før heimtransport med hest og slede vinterstid. Det var også vanleg å lauve og hente mose til tilleggsfôr.

Stulane i Hjartdal kommune er omtala gard for gard i Hjartdalssoaga. I tillegg har Trygve Nes samla informasjon om stulsområda knytt til bygdene Hjartdal og Bondal i dei to utgjevingane «Med lokk og lur – Stulshistorikk fra Hjartdasfjella» (eige forlag 1991) og «Bondal i Telemark – Stuler og stulsdrift» (eige forlag 1993).



Frå Hegnin i Tuddal, med Åråhovde i bakgrunnen. Foto: Anders B. Wilse 1928 (Norsk Folkemuseum).



Frå Sandhaug i Hjartdal, i sør Nemnlaus (stule) og Skjesvatn. Foto: Audun Solberg.

Kap. 5.2.2 Landbrukets kulturminne / Stular og utmark – Status og tiltak

Stulsdrifta har vore omfattande i alle Hjartdalsbygdene, og dette har sett preg på utmarka. Status i dag er veldig variert. Mange stader er det berre tuftene att, andre stader er stulsbuene anten bygd om og modernisert eller rivne og erstatta med nye bygg. Plasseringa på solfylte og fine plassar i fjellet har gjort og gjer framleis stulane attraktive både som hytter for eigarane sjølve og til oppføring av fleire hytter/hyttfelt.

Det finst likevel att ein del ganske autentiske stulsmiljø rundt om kring i kommunen. Berre eitt av desse har til no fått spesiell status i forvaltninga, dette er Måråstaddalen i Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde. Dette langheimrådet er spela inn som omsynssone i kommuneplanens arealdel, og er nærare omtala i kap. 6.2.4. I samband med Kulturmiljøplanen blir i tillegg Ståldalen spela inn som omsynssone. Ståldalen er eit godt døme på ei stulsgrend med vår- og hauststular. Dette området er nærare omtala i kap. 6.2.5.

Bygningsarven på stulane og i utmarka er rekna inn i førre kapittel. Det er særst viktig at det som er att av autentiske sel (stulsbuer) og høyløer blir teke vare på for framtida. Ved behov for oppgraderingar må det leggest vekt på å bevare mest mogleg av det ytre uttrykket.

Det største trugsmålet for stulsområda er manglande bruk og vedlikehald. Beitemønsteret er annleis enn i eldre tider, og beitetrykket er på veg ned. Det er naudsynt med ein manuell innsats for å halde vegetasjonen nede. Også frå gammalt var manuell rydding ein betydeleg faktor, ikkje minst i form av vedsank. Det bør opprettast eigne tilskotsordningar for rydding av buferdsvegar og stulsområde og/eller relevante ordningar bør rettast inn mot dette (SMIL, UKL).



Steinslet i Risbudalen i Hjartdal. Taket reiste i 1930-åra. Dette er truleg den eldste roa i langheia til Øverbøgardane i Hjartdal. I stulsområde der grunn og jaktrettar heilt eller delvis er seld i frå, fylgjer ofte rettane til stølsdrift, beiting og driftshusvere opphavsgardane, som her på Nord-Risbua. Foto: Ingvill Garnås.

5.2.3 Kulturmarkselementa

Det finst ei rekke ulike faste kulturminne i kulturmark med rot i eldre tiders landbruk;

- rydningsrøyser (enkle eller mura)
- bakkemurar (terrassar)
- steingardar (gjerne i eigedomsgrensene)
- andre eldre gjerdetypar
- gamle vegfar - omfattar både buferdsveggar (også kalla drifteveggar), kløvveggar (også kalla førevegar), fôrveggar (vinterveggar), «beinveggar» og reksteveggar (gjeteveggar, der dyra gjekk). Buferdsvegane startar ofte med ei gutu (ein geil), det vil seia at det er gjerde på båe sider av veggen, gjerne steingjerde, for å leie buskapen forbi åker og eng.

Rydningsrøysene, som det er mange av, er vanskeleg å datere. Nokre er tydeleg mura for hand, men i mange tilfelle har det blitt kasta på ny stein over gamle røyser. Bruk av større maskinar og tyngre teknisk utstyr kan ha endra preget i overflata, nokre er også blitt jamna med jorda. Det er ofte flust med røyser i skogen rundt bygdene. Dette har samanheng med den omfattande slåtten i gamal tid. Også åkerlappane låg heilt andre stader enn dei gjer i dag.

Ofte er det nettopp desse kulturminna som leier oss på tanken om kulturlandskap. Dei kjem best fram i område der den eldre småskala mosaikken enno er rimeleg intakt. Men kulturlandskap har alltid vore og er framleis dynamisk. Der det før var ei blanding av åkerlappar, slåtte- og beitemark, blir det i dag ofte berre beita. Beitetrykket er ikkje alltid stort nok til at det blir like ope som før. Noko beiting er uansett langt betre enn ingen bruk i det heile. Skal ein motverke eller reversere attgroing, må det likevel påreknast ein manuell innsats i form av hogst og rydding.



Steingard med bordgard på. Restaurert i samband med kurs. Foto: Ingvill Garnås.

Kap. 5.2.3 Landbrukets kulturminne / Kulturmarkselementa – Status og tiltak

Generelt er vedlikehald og rydding rundt kulturmarkselementa i landskapet viktig for heilskapsinntrykket av bygdene. Den estetiske sida av dette har stor verdi både for innbyggjarar og tilreisande, indirekte også reiselivsnæringa.

Der ei bygd eller ei grend har fått ein særskild status som verdifullt kulturlandskap er det ein del merksemd rundt dette, både blant folka som bur der og i forvaltinga. I Hjartdal (både Nordbygda og Gvammen) og Bondal, finst visse retningslinjer som fylgje av status som nasjonalt verdifulle kulturlandskap. For Hjartdal nordbygd sin del gjeld i tillegg ordninga utvald kulturlandskap (UKL).

Miljøforvaltinga sitt poenget med å framheve nokre område har, i tillegg til å sikre ivaretaking av område som utmerkar seg spesielt, vore å inspirere til ivaretaking av desse verdiane på generell basis. Hjartdal kommune må difor i aktuelle tilskotsordningar (t.d. SMIL) legge til rette for at kulturmarkselement blir teke vare på også i område som fell utanfor nasjonalt verdifulle og/eller utvalde kulturlandskap. Dei nasjonalt registrert verdifulle kulturlandskapa i kommunen (Nordbygda og Gvammen i Hjartdal og Bondal i Tuddal) bør prioriterast om pottane ikkje strekk til, men alle gode initiativ innanfor temaet må helsast velkomen.

Gamle buferdsvegar er døme på eit kulturmarkselement som går vidare enn dei avgrensa «spesialområda». Det er også noko ein finn i alle bygdene og innover fjellet. Rydding og forsiktig merking av gamle ferdselsårer, og ev. arrangement der ein friskar opp att kunnskapen om slike, bør ha høg prioritet.



Mura røys på Sud-Åbø i Hjartdal. Foto: Ingvill Garnås.

5.2.4 Skogbruket

Den eldste typen kulturminne knytt til skog er kol- og jarnvinneanlegg, samt fangstgroper. Dette er eldre tiders kulturminne, og såleis plassert og nærare omtala under kap. 5.1 Fornminne.

Tjyrumiler kjem i ein mellomposisjon historisk sett. Det var mest utbreidd på 1800-talet, men fanst alt frå 1100-talet av. Dei blei helst lagt i svakt skrånande terreng, der det var tilgang på furu. Stadnamn som *Brenne*, *Brenna* eller *Brennun* er knytt til tjyrubrenning.

Mykje skogbrukshistorie kan henge att i stadnamn. Namnet *Ålamoen* kjem til dømes av at det var ein mo der ein kunne ale særst godt tømmer, malmfuru. I tillegg til uttak av tømmer, har det sjølvsagt også vore uttak av ulike typar emnevirke i skogen, til dømes spon. Spon går også att i eitt og anna stadnamnet.

Skogbruket har, til like med landbruket generelt, endra seg mykje på berre få generasjonar. Det er knapt nokon att i dag som minnst tida da hesten og enkle handreiskap enno rådde grunnen i skogen. Det var nok generasjonen fødd før 1920 som opplevde dei største endringane. Motorsager, traktorar, lastebilar og etter kvart større og større skogsmaskinar, gjorde sitt innpass i løpet av deira levetid.

Spor etter den gamle måten å drive i skogen på er for ein stor del snart borte eller vanskeleg å få auge på. Dette omfattar mellom anna eldre skogsvegar (for hest), skogskoier/tufter etter desse, dammar og skjermar knytt til fløyting/brjøting (uttrykk for fløyting), og ikkje minst gamle sager. På Sisjord i Hjartdal finst eit fint døme på ei eldre gardssag.



Nåledam ved Stangesjø, Hjartdal. Foto: Anno Museum.

Oppgangssaga revolusjonerte trelasthandelen på 1500-talet, og spreidde raskt om seg før det blei reguleringar og krav om særskilde løyve. Me har ikkje att døme på oppgangssager i kommunen i dag, men det fanst i alle bygdene. Mellom anna på Tverrås og Øverbø i Hjordal, i Skorva, Hanfoss og Omnesfossen i Sauland og i Kova, Gausdøla og Hovdefossen i Tuddal. I Bondal skal det også ha vore eit par.

I nyare tid har ein på sett og vis ført opp eit minne etter den gamle bygdesaga ute ved Hjartsjø i Hjordal. Det er gjort i litt abstrakt form, som grillhytte med tilknytt sauna, Saga sauna. - Ein kreativ måte å minnst ei gamal verksemd på.

Kap. 5.2.4 Landbrukets kulturminne / Skogbruksminne – Status og tiltak

Kulturminne knytt til ulike tidars og ulike typar bruk av skogen er nok utbreidde, men lite akta på og lite kartlagde. Hjordal skogeigarlag gav i 2012 ut Skog og skogbruk i Hjordalsbygdene, forfatta av Hjordal historielag. Det er ei innhaldsrik utgjeving med mykje interessant kulturhistorie knytt til skogbruket i Hjordalsbygdene. Såleis er mykje dokumentasjonsarbeid alt gjort, det viktige blir å formidle det vidare til komande generasjonar.

Det best synlege kulturminnet i denne kategorien er restane etter både fløyting/brjoting og sagverksemd i Hanfoss, rett ved fylkesvegen. Den siste saga er nyleg rasa saman, men tufter og leiemurar i elva står att. Vegene skal leggest om, dei krappe svingane skal rettast ut. I samband med reguleringsplanarbeidet bør ein sjå på om det kan leggest til rette for å ta vare på og framheve dette kulturminnet.

5.2.5 Husmannsplassane

«Husmannsvesenet var ei ordning innan jordbruket som gav eigedomslause høve til å skaffe seg ein buplass med eit jordstykke. Her kunne dei bygge seg ein heim, og dyrke opp jord for seg og familien. Ein slik plass -husmannsplass- hørde til ein gard, og låg i utkanten av innmarka eller i skog eller anna utmark til garden»

Sitatet er henta frå innleiinga til Hjordal historielag sin bokserie om husmannsplassar i Hjordal kommune. I perioden 2019-2022 publiserte dei ei bok for kvar bygd, der kvar plass eller tuft er kartfesta og gjeve omtale. I Sauland er det registrera 200 husmannsplassar, i Tuddal omkring 100 og i Hjordalsbygda er det om lag 175 registrerte plassar.

Husmannsvesenet kom på slutten av 1600-talet, og auka i omfang fram mot ca. 1860. Etter dette førte utvandring til Amerika og flytting til stader med nye industriarbeidsplassar til ein nedgang fram mot 1900-talet. Den endelege avvikling kom med ny jordlov i 1928, denne gav brukarane lov til å kjøpe plassen dei sat på.

Dei fleste plassane låg i utmarka til garden, enkeltvis eller i små klynger. Det var gjerne fleire hus på plassen, ei stugu der dei budde, låve og fjøs. Plassen var som eit gardsbruk i miniatyr. Storleiken på bygningane spegla til ein viss grad tilgjengelege ressursar og tilhøve for brukaren.

I dei fleste tilfella er husa borte, mange stader er også murar og andre spor vanskelege å få auge på. Det ein kan sjå etter er husmurar (ringmurar), jordkjellarar, «høllsteinar» eller røyser og steingardar i

marka rundt. I nokre få tilfelle har plassane overlevd som bustad eller blitt deila frå som eit eige småbruk eller gardsbruk. Biletet er samansett.

Det som er sikkert er at husmannsplassane som omringa bygdene hadde mykje å seie for ressursbruken i bygdene og korleis bygdene på eit tidspunkt såg ut. Det var viktig arbeidskraft til gardane. Når husmannvesenet var på sitt mest omfattande, var landskapet også mest ope.



Husmannsplassen Lie i Tuddal. Foto: Audun Solberg.

Kap. 5.2.5 Landbrukets kulturminne / Husmannsplassar – Status og tiltak

Hjartdal Historielag har gjort ein formidabel jobb med å kartlegge og dokumentere husmannsplassane i kommunen. Dette har stor verdi for å auke medvitet lokalt om denne viktige delen av kulturhistoria vår. Truleg vil det auke folks interesse for å vidareformidle kunnskapen til nye generasjonar, i nokre tilfelle også til å rydde og halde det ope rundt det aktuelle kulturminnet.

Det finst framleis gode døme på autentiske husmannsplassar. Stuvøy i Hjartdal er eit godt døme på ein husmannsplass som seinare blei sjølveige. Tunet er godt synleg frå fylkesvegen, og frå ei av sykkelrutene langs Sogevegen. Samla sett har Stuvøy såleis stor formidlingsverdi. Tunet bør prioriterast med tanke på midlar til restaurering og vedlikehald.

5.3 Eldre vegar og ferdselsårer

5.3.1 Veghistorie

Før folk slo seg ned på faste stader farta steinalderens menneske langs vassvegane og oppe på høgdedraga på jakt etter mat. Dyrking av jorda fekk ein større plass for 5-6000 år sidan og førte med seg gangvegar, ridevegar og køyrevegar mellom faste bustader og ut i marka. I bronsealderen, truleg frå om lag 1200 f.Kr., blir hesten husdyr og avløyser oksen som trekkdyr. Dei eldste ridevegane er truleg frå denne tida. Arbeidshesten har vore ein trufast slitar heilt fram til traktoren og bilen overtok for godt i dei første tiåra etter 2. verdskrigen.

Rundt vikingtid år 1000 e.Kr. voks dei fyrste byane fram. «Byvarer» og jordbruksvarer måtte fraktast mellom landsbygda og byane. Vegane er nemnt i Gulatings- og Frostatinglova, men i Magnus Lagabøtes Landslov frå 1274 fekk ein ei grundig omtale av vegtypar, vegstandardar og vedlikehaldsansvar. Landslova blei lagt til grunn for vegstellet gjennom heile mellomalderen fram til Kristian IV's lov om vegar frå 1604 og 1643 og den fyrste eigne veglova i 1824. Bøndene langs vegane blei pålagt plikt til vedlikehald, i tillegg til skyssplikta. Frå 1600 talet var det faste gjestgjevarstasjonar, og bøndene måtte skaffe skyss fram til neste skyssstasjon.

Vegnettet blei etterkvart brukbart for dei som skulle gå eller ri og for transport med kløv, slep eller slede. Norges fyrste hovudveg for hest og vogn blei bygd på 1620 talet mellom Kongsberg og Hokksund, og utbetring av ride- og kløvvegane til køyrevegar tok til for alvor. Bøndene hadde framleis plikt til vedlikehald av vegane, men var lite villige til å utvide plikta til køyrevegane. Rundt 1700 var det stort sett køyrbar veg mellom Oslo og Trondheim og stor utbyggingsaktivitet gjennom heile hundreåret.

Med utbetring til køyrevegar flytta transport av varer og folk seg frå hesterygg til hestevogn. Vognmannen og lasskøyraren blei vanlege langs vegane. På 1600 talet kom det nasjonale postverket og knytte landet saman med nye postruter, og tidleg på 1800 talet tok det moderne turistlivet til med frakt av turistar med hest og kjerre. Krava til betre vegstandard auka.

Veglova frå 1824 delte vegane i hovudvegar og bygdevegar og blei fornya i 1851, 1912 og 1963. Heradsstyra hadde ansvar for å vedta og bygge bygdevegar frå 1851, løyvingsmyndigheit var Stortinget og kostnadane skulle dekkast av amtet.

Bilen kom til landet rundt hundreårsskiftet, og tilpassing til biltrafikk kom med Veglova av 1912. Same år kom den fyrste motorvognlova og det blei oppnemnt bilsakkyndige. I 1924 var det 40 vegvaktarar på statens vegar og 2000 tilsett av heradsstyra. Den nye vegplanen i 1929 delte vegnettet i riks-, fylkes- og heradsvegar. I 1960 blei det fritt sal av bilar, og eit vegnett for hest og førkrigsbilar blei utfordra av ei kraftig auke i biltrafikken.

I 2010 blei eit fleirtal av riksvegane overført til fylket og blei fylkesvegar. I dag er vegnettet inndelt i riksvegar (europavegar og andre riksvegar), fylkesvegar og kommunale vegar, i tillegg til dei private vegane i kommunane.

5.3.2 Vegane mellom dei tre bygdene

Den gamle hovudvegen gjennom Hjartdal og Sauland

Det har gått ein ferdselsveg gjennom Sauland og Hjartdal i fleire hundre år, frå grensa mot Heddal før Omnesfossen til Svartdal. Biskop Jens Nilssøn skildrar i sine «reiseoppteignelser» reiseruta gjennom Hjartdal og Sauland i 1595.

Dei kom vestfrå, gjennom Svartdal. På svartdalssida gjekk hovudvegen på sørsida av elva Svorte, før den kryssa elva i Brudalen. Dette heldt seg slik heilt fram til 1930-åra, da nye Brudalsbrekka kom på nordsida av elva. Etter at dei hadde kryssa Svorte, fylgde bispen og fylgjet hans elva «1-1/2 fjerding i gjennem Suartedalen» før dei tok retning i «nordoust 1 pilskud til Tho, første gaard udi Hierrdall, liggendes på venstre haand». Ambjørndalen er ikkje nemnt, bispen kallar heilt enkelt dalføret for Suartedalen. Ambjørndalen var øydegard etter Svartedauden og seinare utmark til grannegardar, i 1595 mest truleg til To. Det er usikkert kor tunet låg, eller om det i det heile var hus der på den tid. Frå To for dei ned til Hjartdal kyrkje, og vidare høgare i terrenget enn i dag til Mæland og Berge. Frå Gvammen gjekk vegen frå Hjartsjø, forbi Lonar over Sjøtmoen til kyrkja i Sauland, vidare til Skogså og over eit «slemt» elvevad i nord til Skoje, over Ålamoen til Omnesfossen og Ørvella.

Vegen var viktig for reisande frå Christiania og Kongsberg over Meheia eller Bolkesjø. Mange kom også vassvegen frå Grenland til Heddalsvatnet. Meir ukjent er ferdsle mellom Telemark og Numedal som kan førast heilt tilbake til sagatida. Den nordaustre delen av fylket hørte frå det 12. til det 16. hundreåret under Hamar bispedømme og førte med seg stor ferdsel frå Numedal gjennom Tessungdalen. Ein for så enten over Tinnsjøen til Gransherad eller over fjellet til Tuddal og Hjartdal.

Hovudvegen gjennom Sauland og Hjartdal er nedteikna på eit vegkart frå 1823 med samband over Kvambekk i Åmotsdal til Rauland. Han blir rekna blant dei eldste ferdselsvegane i Øvre Telemark opp mot Nordmannsslepene over vidda til Vestlandet. Ei av desse slepene hadde namnet Telemarkslepa og gjekk frå Totakvatnet til øvst i Haukeligrend og innover høgfjellet til Suldal.

Det er lite vegbygging i Bratsberg amt i dei tre fyrste tiåra av 1800-talet, og den einaste som bryt mønsteret med utbygging av vegar langs vassdraga er vegen gjennom Sauland og Hjartdal til Seljord. Dette var den fyrste kjørevegen gjennom Seljord til Vrådal. Vegen gjekk lenge forbi Skoje og over Skogså, men har blitt lagt om fleire gongar. I 1861 blei det bygd bru over Rohølen ovanfor Omnesfossen og vegen lagt over Landsverk-jordet. Rester av brukara står der enda som eit kulturminne. Denne brua var i bruk fram til den nye Landsverk bru kom i 1895 og vegen lagt om på andre sida av elva der han gjeng i dag. Brua har oppmura brukar og er saman med det gamle Saudland Uldspinneri og Væveri, seinare Heddal mølle, viktige kulturminne ved Omnesfossen.

Dei mest synlege omleggingane vidare oppover er langs elva forbi Sud-Øyen, der vegen før 1912 gjekk over Sjøtmoen og vidare på nedsida av gardane i Lonargrenda. Det er spor etter denne vegen like vest for Skorva og i Lonargrenda. Ei gravrøys, antakeleg frå jernalderen, ligg like ved vegen i Moenområdet. Fram til tidleg på 1900 talet gjekk vegen gjennom Hjartdal høgare oppe i dalsida til kyrkja og vidare gjennom Ambjørndalen.

Den gamle vegen frå Sauland til Tuddal

Den gamle Tuddalsvegen gjekk tidlegare frå kyrkja i Sauland og opp Bøbrekka, forbi Øvstebø og Kasin, over Klingeberghaugen til Dalen og vidare forbi Kaffihaugen og Raundalen. Vegen gjekk den gong høgare i terrenget i nedre del av Tuddalsdalen. Ved Klingeberghaugen var det kvilestad der eit skivarberg er synleg den dag i dag. Og ved Raundalskleivane finn ein intakt steindrenering og solid

tørrmura kantmurar. Det har vore fleire bruer over Skogsåa ved Sønderlandsvatnet. Brua i dag er ei fagverksbru i smijern og er registrert av Statens Vegvesen som det andre av to vegminne i Hjartdal kommune.

Vegen gjekk oppover dalføret forbi Øystul, Kjeldalen, Ruekåsa, Sletta og til Bøen ved kyrkja, stort sett der han gjeng i dag. På Kjeldalskogen er det att ein av to trollsteinar like ved Tjønnesteinhølen i Hovdeåo. Folk sa at det spøkte ved Tjønnesteinane etter ei ugjerning som skal ha skjedd her.

5.3.3 Dei eldste gangvegane, ridevegane og kløvvegane

Gamle vegfar mellom Hjartdal og Svartdal

Namnet Bispevegen viser til den alt nemnde ruta biskop Jens Nilsson fylgde i 1595. I Hjartdal er den gamle ridevegen frå To ned til Ambjørndalen og vidare vestover, rydda og merka som Bispevegen. Kjem du frå vest, går denne opp frå fylkesvegen (og Svorte) i delet mellom Ambjørndalen og Lislero. Mykje er endra på Ambjørndalen opp gjennom historia. Garden er delt opp, tunet er flytta på og åkrane er blitt utvida. Delar av vegen kan ha blitt lagt noko om, men lokalt seier tradisjonen at det er i dette lendet og på desse stigane den gamle hovudvegen gjekk (ref. Olav Tho). Det var nede ved Svorte at bondehæren møtte kongens soldatar ved bondeopprøret i 1540.

Høgare opp i terrenget går gangstigen kalla Gullstigen, frå Bøllås i Hjartdal til Blika gruve i Svartdal. Det er mange gamle internvegar mellom gardane og plassane i området Ambjørndalen-Bøllås-Blika. Natur- og kulturstigen Ambjørndalsstigen bind alt dette i hop.

Prestevegen mellom Hjartdal og Tuddal

Prestevegen går frå kyrkja i Hjartdal forbi Gjuvsmoen og Vatnartjønnen, Stavstjønnen, Skimyr, Hånådalsvatnet, Solemstjønnna og vidare mot Hogstul og Tjønnegrenda. Vegen gjekk deretter på vestsida av Njuke til Rindebrua over Hovdeåa og til Tuddal kyrkje. Men det blir også sagt at presten kom over Sveigen til Åsgrenda. Prestegarden låg tidlegare i Hjartdal og soknepresten bruka denne ferdseisvegen når han skulle halde messe i Tuddal. Han kvilde truleg ved Hånådalsvatnet eller ved Prestesteinen på nordsida av Gåsetjønn. Eit anna kulturminne langs denne vegen er dei steinsatte brukara til brua over Kova ved Hogstul. På Handlingshaugen nord for Løkjestul skal hjartdølar og folk frå bygdene i kring ha møttest om hausten for å handle krøtter og hestar.



Utsyn frå eit høgdedrag langs Prestevegen og den karakteristiske prestesteinen. Foto: Audun Solberg, Torkjell Tjønn.

Fjellvegen mellom Sauland og Seljord

Slettefjellvegen går frå Sud-bygda i Sauland gjennom Slåkadalen og Grunningsdalen til Seljord. Dette er ein gamal ferdselsveg frå Liagrenda og Fossegrenda, både for buferder og anna. Ein annan veg opp frå Landsverk møtte denne vegen ved Nystultjønnna. Mjellefet var eit nytt møte for ein tredje veg, Kleivevegen, som kom frå Frølandgrenda.

Langs gamle ferdselsvegar finn ein ofte oppkasta røyser med småstein. Desse blir kalla verp og markerte hendingar eller brotsverk. Slike røyser kunne også vere avstandsmerke og kalla fjordungsrøyser (fjerdedel/kvartmil). Slike kulturminne finn vi m.a. ved Listulen og Jønnebuberget.

Slettefjellvegen var mykje bruka av ferdafolk som skulle vidare mot Vest-Telemark, eller som hadde ærend hos fut eller skrivar som heldt til i Seljord fram til midt på 1800 talet. Da blei Sorenskrivarembetet for Aust-Telemark lagt til Sauland. Det var også ein avstikkar frå denne vegen mot Bø over Gavlesjå.

Bondalsvegen

Bondalsvegen var ein gamal rideveg og seinare kjøreveg og gjekk lenger nord enn vegen i dag. Han tok opp ovanfor kyrkja i Tuddal, opp Djupedal og forbi Bøenåsen til Grasåsen. Ei grein kjem opp på austsida av Kyrkjejordsnipa frå Åsgrenda. Vegen gjekk vidare forbi Grasåstjønn, Fikstjønn og Blåtjønn og på nordsida av Reisjåvatnet.

Vegen er to til tre meter brei, og er registrert av Statens Vegvesen som det andre av to vegminne i Hjordal kommune. Blant fleire vegminne er ei tørrmura stikkrenne og ei mindre hellebru i nærleiken av Kultan. På Djupedalsflåta har det vore danseplass med spelemannshelle.

Ridevegen opp brekka etter Reisjå gjekk noko lengre vest enn bilvegen i dag, nærmare Bonsvatn, i staden for Bleshaugskaret. Ferdsla langs Bonsvatn til gardane i Bondal-bygda gjekk enten på austsida av vatnet eller med båt sommarstid, eller på isen om vinteren. Reisjå har hatt veg frå 1907, men bilvegen heilt fram til Nord Bondal kom 50 år seinare, i 1955.

Fjellvegar mellom Tuddal og Tinn

Ein eldgamal ferdselsveg frå Tinn gjekk over fjellet frå Rollag ved Mæl til Risbudalen og Kråkenes på vestsida av Sjøvatn til Hovdegrenda. Selstugu Hovde var ei kvilestoge for farande folk. Slike stoger blei kalla sælehus eller saluhus. Vegen hadde samband med Austlandet over Numedal og Tessungdalen, og blei mellom anna bruka når Tinnsjøen ikkje var farbar.

Ein mykje bruka veg frå Vestfjorddalen gjekk over Fyriegg gjennom Flisetjønnskaret til Toskjærvatnet, derifrå til Saubø, over jorda til Myljom-Solheim og ned til Bøen. I nærleiken av denne ferdselsvegen, på austsida av Heddersvatn, ligg Hulderhola.

Ein annan mykje bruka ferdselsveg når ein kom vestifrå i retning Kongsberg gjekk gjennom Gausdalen og over Runhellhovet og vidare til Bolkesjø gjennom Gransherad. Eit viktig kulturminne langs denne vegen er runesteinen på Runhellhovet. Det er også mange minne etter ferdsla i fjellet. Ikkje langt frå Runhellhovet fraus to budeier ihel hausten 1833. Etter denne hendinga er det hogd inn bokstavar og årstal i berget ved Ljosbekk.



Runesteinen ved Runhellhøvet er ein gamal grensestein. «Hella vera til vitne» seier runene, som er tidfesta til mellomalderen. Foto: Audun Solberg.

Fjellveggar mellom Tuddal og Gransherad

Åsvegen eller «Kønnvegen» er ein gamal kløvveg som går frå Bakken i Gransherad til Løngdal i Tuddal. Ved Mannebeintjønn møter han vegen over heia frå Siljudalen. Tuddølane bruka Åsvegen frå eldgamle tider som bygdeveg fram til 1830-åra for å få korn og salt til bygda. Buferdene frå Gransherad og Heddal kom også over her heilt fram til 1950-åra.

Fleire stader har fått namn etter hendingar langs vegen. Ved Mannebeintjønn står det tre steinstøtter til minne om ein far og to søner som etter ei gamal segn fekk eit tre over seg og døde her. Ein annan stad er Gullbotshønn. Her stanga kyra Gullbot ihel ein bjønn, og horna blei sett på ein stake ved gravrøysa hennar.

Lenger nord går *Kålidalsvegen*, mellom Venås i Gransherad og Sudbygde i Tuddal, også dette ei gamal ferdselsåre mellom dei to bygdene.

5.3.4 Bufersvegane

Fjellet og fjellbeitet har vore i bruk i hundrevis av år, kanskje heilt sidan fast busetjing og jordbruk overtok for jakt, fiske og fangst. Gardane fekk seg haust- og vårstular og langheistular. Dyr og menneske gjekk opp stigar og tråkk kalla buferdsveggar mellom garden og fjellbeitet. Kløvvegane (også kalla førevegane) følgde ofte buferdsvegane, men ikkje alltid. Buskapen måtte ofte gå omvegar rundt dyrka mark og bratt lende.

Bufersvegane var mange, og dei fleste har naturen tatt tilbake, eller blitt borte under nye fjellveggar. Men vi veit mykje om kor dei gjekk, og mange buferdsveggar er framleis synlege over lengre avstandar og i bruk som stigar i fjellet. Desse er viktige å få registrert og nedteikna på kart.

I Sauland gjekk dei viktigaste buferdsvegane mot Slåkja, mot Skårset og i retning Sjausetheia mot Husevatn, Skimyr og Sveinungshovden. I Tuddal gjekk viktige buferdsveggar mot Kovstul, Råen og Sjøvatn, mot Kovvatn og mot Vindsjøen og Måråstaddalen. Og i Hjartdal gjekk dei viktigaste i retning mot Ståldalen og Skjesvatn, mot Fyribøen og Systembulia, mot Breivatn, Lekkjenuten og Vindsjøen og mot Hågåvatn, Kovedalen, Risbudalen og Helleksdalen.

Det er mange kulturminne langs buferdsvegane. Det er m.a. framleis fjordongsrøysar å finne den dag i dag og som er viktige å ta vare på (sjå fjordong i ordliste, s. 3). I Hjartdal ligg den andre røysa på

den gamle buferdsvegen mot Skjesvatn på det høgaste på Tverrås. Det var også fjordongsteinar for dei som for med båt langs vatnet etter Skjesoset. Den fyrste steinen låg midt på austsida av Svinomfjorden kalla *Fjorongsteinen*.

Det er også mange minnesteinar som er viktige som kulturminne. Ved Anneshøl i Skjesåo ved Heim-Trandem er det ein minnestein etter ungjenta Anne Hovland som drukna her i 1860.

Kap. 5.3 Vegar og samferdsel – Status og tiltak

Ingen av dei gamle ferdsevegane i Hjartdal kommune er skikkeleg kartlagt. Heller ikkje vegminna og kulturminna langs vegane er systematisk registrert. Det er på høg tid at dette blir gjort før kulturminna blir borte og det framleis finst folk som veit noko. I tillegg til kartlegging og registrering er vedlikehald, rydding, oppsetjing av informasjonstavler og informasjonsmateriell om dei viktigaste kulturminna aktuelt.

1. Kartlegging av vegane og registrering av dei viktigaste kulturminna bør prioriterast langs

- den gamle hovudvegen mellom Sauland og Hjartdal og mellom Sauland og Tuddal.
- gang, ride- og kløvvegane Slettefjellvegen, Åsvegen, den gamle Bondalsvegen, fjellvegen mellom Tuddal og Tinn, Prestevegen mellom Hjartdal og Tuddal og Bispevegen mellom Kyrkjebygda og Svartdal.
- dei viktigaste buferdsvegane i dei tre bygdene.

3. Rydding og vedlikehald ved dei viktigaste kulturminna langs vegane. Dette bør settast opp i prioritert rekkefølge og kan vere ved:

- brukaret ved Rohølen ovanfor Omnesfossen
- gravhaugen i Lonargrenda
- skriarberget på Klingeberghaugen og bruhella og kantmurane på Tuddalsdalen
- Sønderlandsbrua
- minnesteinane ved Mannebeintjønnna på Åsvegen
- hella på Runhellhovet
- bruhella på den gamle Bondalsvegen
- spelemannshella på Djupedalsflåta på den gamle Bondalsvegen
- Prestesteinen ved Gåsetjønnen på Prestevegen
- fjorungsørøysene på buferdsvegen mot Skjesvatn.

4. Oppsetjing av infotavler ved starten på gang-, ride- og kløvvegane og ved dei viktigaste kulturminna.

5. Informasjonsmateriell med kart over vegar som er aktuelle som turvegar.

Mest aktuelle er dei eldste gang-, ride- og kløvvegane. Her kan enkelte buferdsvegar også vere på tale.

5.4 Verneverdige kyrkjer, skular og forsamlingshus

Det er tre kyrkjer i Hjartdal kommune, og alle er listeførte. Desse er alle nærare omtala i kap. 6. 3. Eldre skulebygg og forsamlingshus er også viktige og verneverdige kulturminne, utan at dei per i dag har nokon formell vernestatus.

Omgangsskulen, der læraren reiste rundt på gardane og underviste borna, var skuleforma i fyrste halvdel av 1800-talet. Frå midten av 1880-talet og framover blei dei fyrste faste skulebygga bygde. Det var på det meste heile ni barneskular i drift i Hjartdal herad. Skulehistoria i kommunen er godt dokumentert i boka «Frå omgangsskule til 9-årig i Hjartdal» av Gudrun Hovde Gvåle og Halvor Sisjord, utgjeve av Hjartdal kommune i 1989. Boka kom i høve 250 års-jubileum for grunnskulen nasjonalt. I Kulturmiljøplanen ligg fokuset på dei få bygningane som er att og har kulturminneverdiar ved seg. *Lonar skule* og *Bondal skule* står framleis, og er gode døme på dei små skulehusa ein før fann i mange grender. Lonar skule skal vera bygd rundt 1880 og Bondal skule er bygd i 1898.



Lonar skule. Foto: Audun Solberg.

Gamle Kyrkjekrinsen skule i Hjartdal blei bygd på og fekk si noverande form rundt 1890. Den eldste delen skal vera frå 1847. Dei var med dette særst tidleg ute med fast skulebygg i kyrkjekrinsen i Hjartdal, noko som truleg har samanheng med at dette på den tid framleis var hovudsoknet. Bygningen var i bruk som skule til 1959. Etter dette har eit lokalt styre oppnemnt av kommunen teke hand om vedlikehald og utleige til ulike føremål. I dag er skulen mellom anna nytta som utstillings- og møtelokale for Kulturlandskapsenteret.

Sønderland-Hovde skule i Tuddal blei bygd i 1901. Bygningen er i dag i funksjon som tilhaldsstad for Røde Kors, og blir nytta til møtestad for andre lag og foreiningar. Huset er godt teke vare på, med respekt for den opphavlege stilen.

Også *Bergtun* i Hjartdal har vore i bruk som skule i periodar, men huset blei bygd på dugnad med føremål grendehus i 1923. Trass nyare påbygg er det eit godt døme på grendehus frå denne perioden. Utvendig pynt gjev huset eit preg av historisme, ei slags blanding av drage- og sveitsarstil. Den eldste delen har også innvendige kulturminne kvaliteter, med måla sceneteppe for Hjartdal Ungdomslag 1915-1923 (byggeåret) og eit relativt uendra rom i andre høgda (ikkje i bruk per 2025).



Gamle Kyrkjekrinsen skule i Hjordal, nedst i Libøen. Fotograf er ukjent fotograf, moglegvis er det Tov Reisdå, som var lærar ved skulen i perioden 1897-1930. Fotoet er truleg frå rundt 1920.



Unge hjartdøler framfor scenebakgrunnen på Bergtun, eit minne frå året Bergun blei bygd, 1924. Foto: Ingvill Garnås.

Kap. 5.4 Eldre skular og forsamlingshus – Status og tiltak

Av eldre skulebygg med kulturminneverdi finst i Hjordal kommune Gamle Kyrkjekrinsen skule, Hjordal (1847, påbygd ca. 1890), Lonar skule (1880?), Bondal skule (1898) og Sønderland-Hovde skule (1901). Blant grendehusa i kommunen er det Bergtun (1923) som materielt sett har kulturminneverdi. Dei historiske kvalitetane ved desse bygningane bør takast spesielt omsyn til ved ev. byggesaker. Der det finst initiativ og det er råd å finne tilskot for vedlikehald bør kommunen stille opp med dra-hjelp til søknader.

5.5 Tuddal høvfjellshotell



*Vertskap og stab ved
Tuddal høvfjellshotell.
Foto: Visit Telemark.*

På solsida av Gaustatoppen ligg eitt av dei best bevarte gamle trehotella i Noreg, Tuddal Høvfjellshotell. Hotellet blei bygd i 1895, som sanatorium. - Ikkje for sjuke, men for kondisjonerte som byrja å søkte rekreasjon i naturen på denne tida. Frå 1910 var det vanleg hotell drift.

Bygget er ført i dragestil - ei norsk blanding av sveitserstil og element frå stavkyrkjene. Det ligg også to kafear, bryggeri, steinomnsbakeri og landhandel på tunet, alle bygningane på rekketunet er lafta og i dragestil. På hotellet møter du i dag 4. generasjon drivarar i familien Gurholt. Dei er opptekne av å ta vare på dei kulturhistoriske kvalitetane i og rundt hotellet, i kombinasjon med å utvikle drifta.

Kap. 5.5 Tuddal høvfjellshotell – Status og tiltak

Tuddal høvfjellshotell er bygd i 1895 og framleis i full drift. Hotellet er ei hjørnesteinsverksemd for turismen i Hjartdal kommune, og av stor tyding for identiteten Tuddal har som turistbygd. Hotellet har også lagt til rette for at fastbuande, dagsturistar og hyttefolk har ein triveleg stad å møttest. Hotellet er i dei beste hender. Bruk sikrar vern og ivaretaking. Det er viktig at både forvaltning og nærmiljø står opp om denne verksemda.

5.6 Tekniske/industrielle kulturminne

Hjartdal er ein landbrukskommune utan dei store industriføretaka. Opp gjennom historia har det vore ulike industrielle satsingar, nokre finst det enno spor etter.

Det eldste ein kjenner til av industri er *teglverket ved Kleppen* i Sauland, ikkje langt frå der Sauland skule ligg i dag. Teglsteinverket blei sett i drift i siste del av 1700-talet og var periodevis i drift heilt fram til 1900. Det er lite restar å sjå etter denne verksemda i dag.

Mot slutten av 1800-talet kom tekniske nyvinningar som gjorde at fossekrafta kunne utnyttast på nye måtar. I 1895 blir eit byggverk reiste ved Omnesfossen. Satsinga fekk namnet *Saulands Uldspinneri og Væveri*. Industriverksemda i Sauland kom i gang før utbyggingane for alvor starta på Rjukan og Notodden, og var i tida ei stor industrisatsing og nyvinning i distrikta i Telemark. På det meste var det 16 tilsette. I 1917 var det slutt på spinneridrifta, og fallrettane blei kjøpt av Heddal kommune til

mølledrift. Bygningen har etter dette vore kalla *Heddal Mølle*. Dette er nærare omtala under kap. 6.5.1.

Ved Hjartsjø står restar av *den gamle rikstelefonlinja* mellom Kristiania og Bergen. Linja vart bygd i åra 1896-1900 og er vedtaksfreda som teknisk/industrielt kulturminne. Ein ser den også langsmed E134 andre stader i kommunen og utover i Heddal.



Rikstelefonlina ved Hjartsjøstronda. Foto: Stein Domaas (Telenor kulturarv).

Kraftlinja Tokke Rød blei bygd omkring 1960. Den blei bygd med historisk høgt spenningsnivå for å sikre forsyningssituasjonen på straum på Austlandet. Den store kraftlinja med ei 80-90 meter brei kraftgate går i Hjartdal gjennom ved Slåka og inn mellom Slettefjell og Himing. Denne kraftlinja er også statleg listeført som teknisk/industrielt kulturminne.

Hjartdøla kraftverk vart utbygd på 1950-talet. Utbygginga sysselsette på det meste mellom 200 og 300 arbeidarar og var ei storhending i Hjartdalssamfunnet. 28 kilometer med tunellar var sprengd, og det blei bygd store damanlegg, kraftstasjonar og infrastruktur for straum. Anlegga er i drift og har ikkje noko form for vern. Moglegvis kan dette endre seg over tid, etter kvart som byggetida blir fjernare.

Kap. 5.6 Tekniske/industrielle kulturminne – Status og tiltak

Listeførte tekniske/industrielle kulturminne i Hjartdal kommune er *den gamle rikstelefonlinja* frå Hjartsjø og austover, og *kraftlinja Tokke Rød* i Slåka. Bygg med kulturminnemessig verneverdi i denne samanheng er *Heddal Mølle*.

Dei listeførte kulturminna har allereie vern gjennom statleg listeføring og må takast omsyn til ved ev. plan- og byggesaker.

Heddal mølle og Omnesfossen blir lagt inn som omsynssone i arealdelen, sjå kap. 6.5.1

5.7 Krigsminne og minnesmerke

Boka «Skriften på vegg» av Svein Vetle Trae gjev ei samla framstilling om krig og motstandsarbeid i Hjordal og resten av Øvre Telemark i åra 1940-45. Boka blei gjeve ut av Hjordal Historielag i 1995. Den tek for seg små og store hendingar i krigsåra, og gjev eit bilde av krigskvardagen for dei som budde i Hjordalsbygdene.

«Tyskerlina», kraftlina mellom Dale på Rjukan og Herøya, blei bygd i krigsåra. Ein bit av denne ligg i eit område mellom Tuddal og Sauland. Lina er ikkje verna, og delar av strekninga er teke ut av drift.

Sjølv om det også i Hjordalsbygdene var mange episodar og hendingar i krigsåra, har det ikkje sett fysiske spor i form av krigsrelaterte kulturminne. Det var ikkje større krigshandlingar eller trefningar innanfor våre kommunegrenser, heller ikkje bygd forsvarsanlegg. Men nokre minne er det likevel; To stader i nærleiken av Mælefjell, i Londalen og ved Torvetjønn, var det *britiske flyslepp* med våpen og materiell til lokale motstandsfolk. Våpen blei lagra i mellombelse våpenlager. På plassen for flysleppet ved Torvetjønn er det sett opp ein enkel bauta. Det var fleire flyslepp også ved Fyribøen og Lauvhaug. Ei bronseplate er festa i fjellet på toppen av Lauvnatten. Det ligg fleire opprusta sleppkontainarar i myra sør for Lauvhaug. På Bjønntjønn blei det sluppe minst ei blybombe. Denne var meint for Rjukan men blei med vestover att og sluppe for å spare vekt. Tyskarane kom og sprengde bomba/bombene etterpå. Motstandsfolka i Milorg gøymde seg på stular og hytter i fjellområda, og rømlingar frå tysk fangenskap blei også gøymde i uthus i skog og fjell.

Det er reist eitt minnesmerket knytt til andre verdskrig i Hjordal kommune. Dette er minnesmerket ved Bergtun i Hjordal, over Trygve Nyheim (f. 1915, død 24. april 1945) og Torbjørn Vaale (f. 1919, død 19. mai 1945). Begge døde i samband med deltaking i motstandsørsla. Kunstnaren bak relieffa er Axel Haugen.

Av andre minnesmerke i kommunen finst berre minnesmerket for Bondeoppøret 1540 ved Hjordal kyrkje. Dette var oppført i 1990, og består av eit koparrelieff utført av Kari Buen på steinhelle/fundament laga til av Gullik Gjerjordet.

Kap. 5.7 Krigsminne og minnesmerke – Status og tiltak

Hjordal kommune har minnesmerket over bondeoppøret i 1540, oppført ved Hjordal kyrkje. Dette markerer ein viktig del av Telemarks historie. Det inngår som ein del av kulturmiljøet rundt kyrkja og er nærare omtala i kap. 6.3.2.

Det er få fysiske kulturminne knytt til andre verdskrig i Hjordal kommune. To flyslepp, eitt ved Torvetjønn/Mælefjell og eitt ved Lauvhaug/Fyribøen er merka, omsynsvis med bautastein og bronseplate. Av minnesmerke er det eitt ved Bergtun, over to falne hjartdølar. Minnesmerket inngår som ein naturleg del av programmet for 17. mai i bygda.

Det er ikkje trong for særskilte tiltak utover normalt vedlikehald og rydding rundt minnesmerka, utført av omsynsvis Hjordal Sokneråd og Hjordal idrettslag (eigar av Bergtun).

6. Verdifulle kulturmiljø i Hjartdal kommune

Dei seinare åra har fokuset i kulturminneforvaltninga flytta seg mykje frå dei einskilde kulturminna og over på heile kulturmiljø. Eit kulturmiljø er eit område der eitt eller fleire kulturminne er del av ein større samanheng. Eit kulturmiljø kan til dømes vera eit gardsanlegg, ei grend, eit stulsområde eller eit område med mange fornminne. I dette kapittelet blir dei viktigaste kulturmiljøa i kommunen lyfta fram og presentert. Ved rullering av kommuneplanens arealdel, kan alle eller nokre av desse områda lemmast inn som verneverdige kulturmiljø med omsynssone i arealplankartet.

6.1 Fornminne

6.1.1. Jernindustriefeltet Skoje-Ålamoen

Audun Solberg i Hjartdal Historielag har lenge stått i spissen for å kartlegge arkeologiske kulturminne i kommunen. Den vidare omtala av jernindustriefeltet Skoje-Ålamoen er eit samandrag av artikkelen hans, *Jernindustri på Skoje i Sauland* publisert i 2020 på Telemark fylkesommune sine nettsider.


Kolgroper kan knytast til utvinning av jern i yngre jernalder og mellomalder, og er ofte å finne i utmarka. Kolgroper i nærleiken av gardar og innmark blir vanlegvis sett i samband med produksjon av kol for gardssmier. Om det er spor etter industri eller heimebruk kan ein sjå på mengda kolgroper innanfor eit geografisk område.

I Kaldbekkdalen på garden Sud-Skoje var restane etter ei gardssmie synleg til fram på 1960-talet. Fylkeskommunen utførte på oppmoding frå lokalt hald arkeologiske undersøkingar i området i 2019. Jordprofilen i ei prøvesjakt rett ved sida av smia viste fleire lag som representerer ulike driftsfasar. Trekol frå det eldste laget blei C14-datert til 1215-1280 e.Kr. I Kaldbekkdalen har det altså vore smieverksemd meir eller mindre samanhengande i opp mot 800 år.

Innanfor ein avstand på omlag 600 meter frå smieplassen er det vidare påvist opp mot 90 kolgroper. Ein kjenner ennå ikkje til omfanget av jernproduksjonen i Hjartdal, men den var meir omfattande enn ein hittil har vore klar over, og stadig nye jernvinneplassar blir registrerte. I tillegg til at jern blei laga til heimebruk, viser dei omfattande funna på Skoje at ein stor del av produksjonen truleg har blitt selt vidare.



Kolgrop og arkeologisk undersøking. Begge foto: Leif Skoje.



Frå smieplassen i Kaldbekkdalen er det innanfor ein radius på omlag 600 meter påvist ca. 90 kolgroper. I tillegg er det registrert omlag 15 groper som enno ikkje er merkt av. Til høgre nærare avgrensing av området som kulturmiljø.

På smieområdet i Kaldbekkdalen og i bekken ved sida av er det jernslag. Sidan det ikkje har vore utgraving her, er det vanskeleg å vurdere omfanget. Eit godt trenn auge kan skilje smieslagg frå jernvinneslagg, og her er det begge delar. I tillegg er det fragment frå ein sjaktomn som var vanleg i jernproduksjonen frå omlag 700 til 1400 e.Kr. I Telemark finn ein jernvinner i fjellområde der det er myrmalm. Dei finst også i lågareliggende område, men relativt sjeldan. Jernvinna på Skoje ligg vel 100 meter over havet, og er såleis uvanleg.

Jern var ei viktig og svært god handelsvare, og produksjon og omsetning må på ein eller annan måte ha vore organisert. Kanskje kan Skoje ha vore ein mellomstasjon i jernhandelen der jern blei smidd til jernbarrar, som var handelsvara. Truleg gjekk varetransporten nedover vassdraget mot Skien. Frå Skoje til nedsida av Omnesfossen er det omlag 2 km i lett terreng. Derifrå kunne varene fraktast i båt omtrent heilt fram til Skien, utan omlasting.

Kap. 6.1.1 Skoje-Skogsmoen-Ålamoen jernindustriområde


Området bør leggest inn som omsynssone (ny) i Kommuneplanens arealdel, med bakgrunn i fylkeskommunen sine arkeologiske registreringar i området og at dette er eit uvanleg funn i låglandet.

Framlegg til retningslinjer: Kulturminnelova med undersøkings- og varslingsplikt ved nye funn gjeld alle stader i kommunen. Omsynssona tydeleggjer at dette er eit område ein må vera særleg merksam i. Skogsdrift og ev. anna verksemd i området må utførast med stor varsemd for dei automatisk freda kulturminna i området (kolgroper frå jernalder-mellomalder, smietuft frå mellomalder med spor etter sjaktomn, gravhaugar).

6.2 Kulturlandskap

6.2.1 Bondal – Spesialområde kulturlandskap

Lengst nord i Hjartdal kommune ligg Bondal, med Gaustatoppen tronande i bakkant. Under Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i 1994 var Bondal det einaste området i Telemark som fekk status som *spesialområde*. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap er eit tverrfagleg samarbeid mellom statleg miljø- og landbruksforvaltning, nærare bestemt Riksantikvaren, Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) og Landbruksdirektoratet.



Avgrensinga av spesialområde kulturlandskap i Bondal

Skildring av området og grunngeving for statusen er å finne i rapporten *Jordbrukets kulturlandskap i Telemark. 17 verdifulle områder. Telemarksforskning, Arbeidsrapport 4/93* skriven av Synne Blomquist i 1993.

Statusen som spesialområde er fyrst og fremst forankra i kulturminneverdiane i området. I rapporten heiter det: «*Bondal er en jordbruksgrænd med små bruk vakkert beliggende i landskapet som åpner seg ut mot vannet. Vegen slynger seg gjennom et sjeldent helhetlig og godt bevart kulturlandskap med rydningsrøyser, bakkemurer, steingjerder, beiteskog, styvingstrær og slåtteenger. Stor variasjon og helhet preger dalen og Bondal framstår som et sjeldent og særdeles godt bevart kulturlandskap.*»

I presentasjonen er det også henta inn eit sitat frå ein reiseguide for sjåverdigheiter (Welle-Strand, 1987): «*Den nesten avfolkede fjellgrenda har meget gammel bebyggelse, og er blitt omtalt som Telemarks største 'folkemuseum'.*».

Kap. 6.2.1 Bondal, spesialområde kulturlandskap

Området ligg alt inne som omsynssone i Kommuneplanens arealdel, med forankring i status i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap (1994). Dette bør vidareførast.


Alt gjeldande retningslinjer:

- Særs viktig at ev. ny bygging blir tilpassa landskap og gamal byggeskikk. Ev. moderniseringar må skje etter bygningsvernfarelege tilrådingar og strenge krav.
- Særs viktig at det blir lagt til rette for framleis jordbruksdrift, som kan sikre at landskapet blir halde ope gjennom ein kombinasjon av beiting, slått og anna type skjøtsel.
- Også viktig at ein søkjer å ta vare på biomangfaldverdiene i området (unngå attgroing, unngå oppgjødsling av kantar med eldre artsrik slåttmarksflora, oppmode om skjøtsel retta inn mot å ta vare på biomangfald i kulturlandskap)

6.2.2 Hjartdal bygd – Særs verdifullt kulturlandskap

Under Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap 1994 blei store delar av Hjartdal bygd registrert som eit *større samanhengande kulturlandskap* med verdien *særs viktig*. Det aktuelle området strekkjer seg frå Togrenda i Nordbygda og forbi Hjartsjå i Gvammen. Området er i rapportane frå Nasjonal registrering noko misvisande blitt kalla «Hjartdalsgrenda», og enno meir forvirrande «Kyrkjebygda (Hjartdalsgrenda)». I Naturbase er området så meir etterretteleg blitt kalla Kyrkjekrinsen-Gvammen. Ambjørndalen blei på same tid lagt saman med grannebygda Svartdal i eit anna tilsvarande større samanhengande område med verdien *viktig*.

I 2017 blei Svartdal, Ambjørndalen og Hjartdal nordbygd valt ut som eitt større samanhengande område til ordninga *Utvalde kulturlandskap*. Namnet blei *Hjartdal og Svartdal utvalde kulturlandskap*. Det er viktig å hugse på at den austre delen av Hjartdal bygd, det vil seia det avgrensa området på Gvammensida, framleis har status som *særs verdifullt kulturlandskap*.



Avgrensinga av dei to verdifulle kulturlandskapa frå Nasjonal registrering i 1994. Til venstre (1) Svartdal-Ambjørndalen (Blomquist 1993, s. 36), vesentleg i Seljord kommune. Til høgre (2) Kyrkjekrinsen-Gvammen (litt misvisande kalla «Hjartdalsgrenda» i rapportane frå nasjonal registrering, Blomquist 1993, s. 39) Det overlappende området med oransje skravur er Hjartdal og Svartdal utvalde kulturlandskap, som kom på plass i 2017.

Skildring av området og grunngevingar for statusen er å finne i rapporten *Jordbrukets kulturlandskap i Telemark. 17 verdifulle områder. Telemarksforskning, Arbeidsrapport 4/93* skriven av Synne Blomquist i 1993. Utdrag fylgjer:

Kyrkjekrinsen-Gvammen: «Jordbrukslandskapet i Hjordalsbygda (red.m. Hjordal bygd) kan deles opp i to store overordnede landskapsrom; Opsal-Gvammen og Kyrkjebygda/Nordbygda. (...) Begge områdene er varierte og småskalapregete, hvor et stort mangfold av kulturmarkstyper er bevart. Sammen med mange gamle gardar og bygninger, danner disse et «lappeteppe» av ulik arealbruk med store opplevelseskvaliteter. (...) Gamle og delvis intakte kulturmarkstyper, som urterike slåtteenger, havnehager med lauvingstrær (alm m.m.) som fremdeles skjæres, andre typer hagemark (bjørkehager, hasselhager, eikehager), beiteskog ligger innimellom mer intensivt drevne jordbruksarealer. De mange steingjerdene i teigdelene er markerte linjedrag som gir karakter og særpreg til landskapet. Gamle bygninger og ferdsselsårer, steingjerder og rydningsrøyser er eksempel på faste kulturminner som ligger i tiknytting til de ulike kulturmarkstypene. Det botaniske mangfaoldet i området er særdeles stort, og området er sammen med Svartdal-Ambjørndalen det mest intakte området i Telemark m.h.t. verdifull kulturbetinget vegetasjon. Området har derfor en betydelig agrarhistorisk verdi, siden gamle og nye driftsformer ligger om hverandre.»

Ambjørndalen-Svartdal: «I disse to mindre dalgangene er det at en finner noen av de mest verdifulle og intakte områder med slåtteengvegetasjon i hele Telemark».

Kap. 6.2.2 Hjordal bygd, særs verdifullt kulturlandskap

Området ligg alt inne som omsynssone i Kommuneplanens arealdel, med forankring i status i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap (1994). Dette bør vidareførast.

Alt gjeldande retningslinjer:

- Viktig å unngå inngrep og tiltak som kan endre landskapet sin heilskaplege mosaikk og det sjeldant store mangfaldet av kulturmarkstypar, t.d. bør ein unngå spreidd bustadbygging utanfor eksisterande gardsmiljø.
- Viktig at det blir lagt til rette for framhald av jordbruksdrift, med ein kombinasjon av moderne drift og skjøtselsmetodar retta inn mot å ta vare på biomangfald i eldre kulturmarkstypar (t.d. restareal med urterik slåttemark) og det å halde kulturminna i landskapet synlege (t.d. rydde langs steingjerde).

Det blei i fylkesrapporten frå 1993 også gjort framlegg om ein felles og heilskapleg forvaltingsplan for dei to områda, Svartdal-Ambjørndalen og Kyrkjekrinsen-Gvammen («Hjordalsgrenda»). Det kom ein forvaltingsplan i 1996, men denne omfatta berre Hjordal Nordbygd.

6.2.3 Hjordal nordbygd – Utvalde kulturlandskap

I 2017 kom Hjordal nordbygd og Svartdal med i den nasjonale ordninga Utvalde kulturlandskap. Bakgrunnen for at berre Nordbygda da kom med, ligg i satsingar som fylgde i kjølvatnet av Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i 1994. Hjordal bygd blei i fyrste omgang valt ut som *eitt av fem pilotområde* i landet der ein fekk tildelt nasjonale midlar for å gjera nærare kartleggingar og utarbeide forvaltingsplanar. Målet var å gjeva gode døme på heilskapleg forvaltning av kulturlandskap. Det var i førearbeida til dette pilotprosjektet at Nordbygda blei prioritert, fordi området elles ville bli for omfattande å arbeide med (Heggenes 1996, s. 8).


Forvaltingsplan kom på plass i 1996, og hadde tittelen *Forvaltingsplan for jordbrukets kulturlandskap i Nordbygda med Ambjørndalen, Hjordal i Telemark*. Denne blei utarbeidd av Jan Heggenes m.fl. på vegne av Fylkesmannen i Telemark. Det fylgde også med eit bilag: *Bygningsvern og ny bebyggelse i Nordbygda i Hjordal*, utarbeidd av Olav Lundesgaard. Eit viktig førearbeid til forvaltingsplanen var også *Botaniske registreringer på kulturmark i Ambjørndalen og Kirkebygda, Hjordal*, utarbeidd av Jan Erik Eriksen ved Botanisk museum, Universitet i Oslo i 1995. Kulturlandskapsnestoren Ann Norderhaug var elles botanikaren som fyrst såg dei biologiske verdiane i Svartdal og Hjordal nordbygda i samanheng, og sette dei på kartet allereie frå 1980-talet av.

Utover 2000-talet fylgde fleire prosjekt og satsingar:

- Kulturlandskapsprosjektet (1999-2002): Informasjon, motivasjon, skjøtselstiltak, bygningsvern, utsiktsrydding.
- Eldhusprosjektet (2003-2006): Næringsutvikling med rotfeste i kulturlandskap, overnatting, omvising, mat, handverk.
- Kulturlandskapsenteret i Telemark AS (2005-): Kompetanseverksemd på kulturlandskap, biologisk mangfald og kulturminne i kulturlandskap, konsulenttenester og formidling.
- Telegardar (2005-): Nettverk av ulike tilbod og tilbydarar i kulturlandskapet, sams marknadsføringskanal.

Trass dei store verdiane og den omfattande aktiviteten i både Hjordal og Svartdal, kom ikkje området med i ordninga for utvalde kulturlandskap før i 2017. I Telemark fylke kom Jomfruland-Stråholmen med i 2009. Dette er eit langt mindre området, som også ligg innanfor ein annan kategori. Storleiken og liknande landskap i andre regionar stod lenge i vegen for at Hjordal og Svartdal fekk koma med i ordninga.

Etter at området endeleg fekk status som utvald kulturlandskap, blei det i 2018 utarbeidd ein ny forvaltingsplan, felles for Hjordal nordbygda og Svartdal. Denne blei utarbeidd av Ingvill Garnås ved Kulturlandskapsenteret på vegne av Statsforvaltaren, kommunane og styringsgruppa for det utvalde kulturlandskapet. Planen legg føringar for bruk midlar som kjem gjennom UKL-ordninga. Heile Hjordal bygda, med Nordbygda og Gvammen, ligg vel og merke framleis inne som *særs verdifullt kulturlandskap* i Naturbase og landbruket si sonebaserte tilskottsforvaltning. Hausten 2021 engasjerte styret i Utvald kulturlandskap Hjordal og Svartdal (UKL) Jørn Berget til å lage ein bygningsrapport med oversyn og registrering av eldre bygningar innanfor UKL-området. Denne er i skrivande stund under arbeid.



Forvaltingsplan for Hjordal og Svartdal UKL 2018 er for Hjordal sin del, ei vidareføring av Forvaltingsplanen frå 1996.

Vestfold og Telemark fylkeskommune laga i 2022 ein fagrapport om «Kulturmiljøer og landskap av nasjonal interesse i Telemark». Det kulturhistoriske landskapet i Hjartdal-Svartdal er per 2025 føreslege som kulturmiljø av nasjonal interesse med same avgrensing som UKL-området.


Kap. 6.2.3 Hjartdal Nordbygd, utvald kulturlandskap

Området ligg alt inne som del av omsynssone i Kommuneplanens arealdel, med forankring i same status i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap (1994). Dette må vidareførast. Samstundes bør det gå fram av kommuneplanens arealdel at denne vestre halvdel av området i tillegg er del av ordninga utvald kulturlandskap, og såleis kjem inn under eit ekstra forvaltingsregime. Dette kan enkelt presiserast i teksten knytt til området, eller ev. også markerast i kartet.

6.2.4 Måråstaddalen, langheiområde

Stulsområdet Måråstaddalen ligg nordvest for Bondal i Tuddal, og er registrert som «kulturlandskapsone» i Forvaltingsplanen for Brattefjell-Vindeggen Landskapsvernområde, sist revidert i 2016. Verneverdien er særleg knytt til temaet kulturarv, nærare bestemt heilskaplege og relativt intakte stulslandskap. Det går ikkje bilveg inn, og det er relativt langt å gå frå bilveg. Det er raskast å kome til ved å ta båt over Heddevatn. Kulturlandskapet er av same grunn fritt for tekniske inngrep. I forvaltingsplanen heiter det:

«Det finst ei rad verdfulle spor etter tidlegare tiders bruk av Brattefjell-Vindeggen, der Svartdalsheiane (Seljord kommune) og Måråstaddalen (Hjartdal kommune) må reknast som dei mest konsentrerte og best bevarte stølsområda innan landskapsvernområdet. Dei representerer difor på ein god måte mangfaldet av kulturminne. Kulturlandskapet fortel om kvardagsliv og strev for tilveret. Bygningar som forfell, feil restaurering og attgroing av kulturlandskapet, og dermed tap av biologisk mangfald, er dei store utfordringane. Aktiv bruk av kulturlandskapet er naudsynt.»



Utsnitt av sonekartet frå forvaltingsplanen.

Stulane i dette området er knytt til gardar i Bondal, Sauland og Heddal. Som elles i landet, gjekk det nedover med stulsdrifta frå rundt 1950. På einskilde av dei var det likevel drift fram til slutten av 70-åra / byrjinga av 80-åra. Driftsmåten var langhei (hovudstøl) og fullseterbruk, der ein sat med buskapen gjennom sommaren og systematisk slo vollar som var hevda (beita) året før (rotasjon). Stulshøyet var meir energirikt fôr enn høyt frå ugjødsle enger i kantar og utmark. Stulane var også i bruk under snarefangst av rype, tradisjonelt sett ei viktig tilleggsnæring i området. Rypene blei som oftast selde til Rjukan. Tidleg på 1900-talet blei fleire stulshus leigd ut til arbeidarar frå Rjukan, som base for jakt og fiske.

I åra 2012-2013 utarbeidde Kulturlandskapsenteret og BioFokus på vegne av verneområdestyret to omfattande skjøtelsesplanar for utvalde stulsområde innanfor kulturlandskapszona og brukssona i forvaltningsplanen; *Skjøtelsesplan for stølsområde i Brattefjell-Vindeggen. Vurderingar med omsyn til kulturhistoriske verdiar, biologisk mangfald, og dagens bruk*. Skjesvatn Nord og Vikdalen er med i den frå 2012, medan Måråstaddalen og Gausdalen er med i den frå 2013.



Deilstul i Måråstaddalen. Foto: Ingvill Garnås.

I tillegg til Måråstaddalen er også Gausdalen og Skjesvatn Nord (Vierslåtten, Åto, Namnlaus, Sandhaugen) lagt inn som kulturlandskapszoner i forvaltningsplanen for Brattefjell-Vindeggen. Måråstaddalen er som nemnt innleiingsvis rekna som det best bevarte av desse. Mange fine stulsområde er i tillegg lagt inn som brukssoner. Det finst i planområdet også fine gamle stulsområde som ikkje er merkt av som korkje kulturlandskaps- eller brukssoner, til dømes Risbudalen.

Kap. 6.2.4 Måråstaddalen, langheimråde


Området bør leggjast inn som omsynssone i Kommuneplanens arealdel, med bakgrunn i spesiell status i Forvaltningsplanen for Brattefjell-Vindeggen (sist revidert 2017).

Alt gjeldande retningslinjer: Særleg verdifullt stulsmiljø med tilhøyrande eigenarta kulturlandskap skal takast vare på. Skjøtsel av kulturlandskapet skal ha høg prioritet. Det kan leggjast til rette for næringsutvikling, så lenge tiltaka ikkje er i strid med verneformåla i forvaltningsplanen. Framlegg til tillegg: Ved tiltak på eksisterande hus og bygging av nye, bør ein søke mot den tradisjonelle byggeskikken i området. Dette gjeld takvinklar, material- og ev. fargebruk.

Det største trugsmålet for stulslandskap er attgroing. Mangel på beitedyr og drift fører til at tidlegare opne område gror att. Opplevingsverdien går ned, det blir vanskelegare å kome fram både for folk og dyr og viktig biologisk mangfald blir truga. Attgroinga er også med på truge bygningsarven, både indirekte gjennom redusert interesse for områda og direkte i form av fuktigare tilhøve.

6.2.5 Ståldalen, vår- og hauststulområde

Ståldalen ligg nordvest for Hjordal nordbygd, nord og nordvest for Ståldalsvatnet. Vår- og hauststulane til Åbø-, Høgetveit-, Guthus- og Togardane og Ambjørndalen ligg i dette området. Namnet har rot i stulsdrift, da «stål» kjem av det norrøne ordet for stule – «stodull». Området har per no ingen særskild status, men grensar inntil Hjordal og Svartdal utvalde kulturlandskap.



Avgrensing av Ståldalen, vår- og hauststulområde vest for Hjordal nordbygd.

Ståldalen blir bruka som namn på heile krinsen av stular frå Ståldalsoset i aust, innover langs nordsida av Ståldalsvatnet og opp til øvste stulen, Listul. Heile 10-12 gamle stulsbuer ligg relativt samla inst i sjølve Ståldalen. Dette gjev området eit markant stulspreg.



*Eit par av sela i Ståldalen har gått tapt, men dei fleste, rundt 10 i talet, er framleis i god stand og bør reddast.
Foto: Tore Gunnar Bratsberg.*

Det går fleire gamle stigar opp frå bygda, både driftevegar og «beinvegar». Desse er delvis merka. Bufordsvegen inn til langheiane går inn via Ståvåtjønnskaret. Nokre av langeheiane ligg ved Skjesvatn, andre enno lenger nord i fjellet.

Det blei slege på gamalt vis i området fram til 1950-talet, og høyet blei køyrd heim med hest og slede. Grannane samarbeidde om å brøyte veg.

I 1983 gjekk åtte gardar saman i Ståldalen beitelag. Det blei utført større dyrkingsarbeid, bygd fjøs og køyreveg inn frå Espeli i Svartdal. Fjøset var i drift i ca. 20 år. I dag blir området framleis slege og elles beita med sau frå gardar i Hjartdal, til dels også Svartdal. Alt i alt vitnar denne stulsgrenda vitnar om gamle dagars utnytting av ressursane og seier mykje om utviklinga fram til i dag.

I området nord (formell kartretning) for Ståldalsvatnet (Iglestul, Johansstul, Haraldstul) har det ikkje vore noko nydyrking, og dei gamle stølsvollane har biologiske kvalitetar, mellom anna med innslag av dei raudlista orkideane systemmarihand og kvitkurle.



*Restaurering av stulsvoll på Johansstul i Ståldalen, fleire titals systemmarihand dukka opp.
Foto: Ingvill Garnås.*

Hjartdal historielag sette i 2023 i gang eit prosjekt med å skaffe til vege tilstandsvurderingar og søknadsgrunnlag for restaurering av dei gamle sela i Ståldalen. Stølsvollane bør også aktast på, med tanke på å hindre attgroing og ordne opp i gamle nedgrodde gjerde. Desse kan vera til fare både for vilt og husdyr.

Kap. 6.2.5 Ståldalen, heimstulområde


Området bør leggest inn som omsynssone i Kommuneplanens arealdel, som eit representativt døme på vår- og hauststular.

Framlegg til retningslinjer: Ståldalen har framleis eit relativt autentisk preg som heimstulsområde (vår- og hauststular) både i bygningsarv og landskapsstruktur. Ved tiltak på eksisterande hus og bygging av nye, bør ein søke mot den tradisjonelle byggeskikken i området. Dette gjeld takvinklar, material- og ev. fargebruk. Det er i tillegg viktig at det blir lagt til rette for framhald av jordbruksdrift, med ein kombinasjon av moderne drift og skjøtselsmetodar retta inn mot å ta vare på biomangfald i eldre kulturmarkstypar og det å halde bygningsarv og andre kulturminne i landskapet synlege.

6.3 Kyrkjene og dei gamle sentruma

I kulturmiljøplanen blir kyrkjene presentert med dei mest overordna fakta og med vekt på miljøet dei står i. Meir inngåande informasjon om kyrkjene er mellom anna å finne i *Kyrkje- og prestesoge for Hjartdal*, skriven av Arne Hardang i 1993 og utgjeve av Buen Kulturverkstad.

6.3.1 Hjartdal kyrkje



Avgrensing av Hjartdal kyrkje som kulturmiljø. Raudt område er avgrensinga av mellomalderkyrkjegarden.

Kulturmiljøet knytt til Hjartdal kyrkje inneheld desse kulturminna;

- Hjartdal kyrkje. *Listeført kyrkje* bygd i 1809. Vernedato 6. Juni 2001. Kulturminneid. 84581-1.
- Del av kyrkjegarden: *Automatisk freda mellomalderkyrkjegard*. Vernedato 30. august 2007. Kulturminneid. 84581-3.
- Fjerna stavkyrkje. Kulturminneid. 84581-2.

Hjartdal kyrkje blei innvigd i 1812, men stod ferdig alt i 1809. På same tid blei den gamle stavkyrkja riven. Denne stod nede på kyrkjegarden. Det var rålendt i området, og ein valde å setja den nye kyrkja på tørrare grunn. Byggmeister var Halvor Høgkasin. Han nytta Jarand Rønjom og kyrkjene han teikna i Åmotsdal, Rauland og Vinje som førebilete. Desse har ei form som høver godt i fjellbygdene.

Innvendig har kyrkerommet preikestol og altar i den austre krossarmen. Kyrkerommet blei restaurert attende til sitt opphavlege uttrykk i 1940-1941, med umåla veggjar og inventar og mykje treskurd. Dette hadde vore borte sidan 1888, da rommet blei modernisert i nygotisk retning.

Når det gjeld stavkyrkja som er borte, vil ei segn ha det til at vesleburet på Sud-Åbø har ei knyting til denne, sjå foto og bildetekst s. 23. Det er elles indikasjonar på at restar etter sjølve kyrkja kan vera å finne på gardar i bygda, mellom anna Myljom-Berge og Nord-Håtveit.



Hjordal kyrkje, truleg i 1960 åra. Fotograf ukjent (digitaltmuseum.no)

Stavkyrkja var kalla Holmskyrkja, og den gamle prestegarden ber også namnet Holm. Namnet stammar frå ei tid da elveløpet var vidare og området bar meir preg av å vera ei holme. Seinare er elveløpet blitt smalare som fylgje av jordbruksmessige tiltak og i tillegg regulering av vassdraget. Stavkyrkja er nemnt i 1414, men ein reknar med at det har vore kyrkje her frå tidleg 1200-tal.



Gravminne, mellom anna gamle solkors, er stilt opp langs kyrkjegardsmuren. Dei best ivaretekne gravminna er å finne inne i kyrkja, i våpenhuset. Foto: Ingvill Garnås.

Kulturmiljøet kring Hjordal kyrkje inneheld i tillegg til sjølve kyrkja og kyrkjegarden, anneks med bårehus og sanitæranlegg, to parkeringsplassar, minnesmerke for Bondeopprøret 1540 og Kyrkjeparken. I parken er det ei langsgåande slåtteeng opp mot vegen, ein bjørkelund med sitjeplassar, ein dam med steinbru og Sogevegskilt om det utvalde kulturlandskapet. Rett utanfor kyrkja er også den gamle gapestokken restaurert og komen opp att, denne låg tidlegare felt inn i ei av trappene. Kyrkjeparken er nytta mellom anna i samband med den årlege Slåttefestivalen, som starta opp i 2000 og som blei NM i Ijåslått frå 2007. I denne samanheng planta landbruksminister Terje Riis-Johansen ei løn i området, statsrådløna.

Kap. 6.3.1 Hjordal kyrkje som kulturmiljø

Området bør leggest inn som omsynssone i Kommuneplanens arealdel. Vil ev. overlapp med Hjordal gamle sentrum og UKL. Framlegg til retningslinjer: Ved alle tiltak og inngrep skal det leggest vekt på god tilpassing til og respekt for kyrkjestaden som kulturmiljø.

Anna: Det er nokre uklarheiter når det gjeld turisttrafikk i området, særleg knytt til bubilar, parkering og bruk av sanitærdelen av annekset. Infotavlene bak annekset er også ute på dato. Soknerådet, kommunen, Kulturlandskapscenteret og Telegardar bør saman lage ein områdeplan.

6.3.2 Gamle Hjordal sentrum




Hjordal gamle sentrum sett frå Grønlandsberget vest for Egderud. Frå venstre, Kyrkjekrinsen skule, Nedre og Øvre Prestegarden (Holm) og Hjordal kyrkje, med Libøen i bakgrunnen. Risvoll-loftet står på Øvre Prestegarden. Foto: Kjell G. Asland 1912 (Hjordal historielag).

Soknepresten hadde sete i Hjordal fram til 1860, etter dette var prestebustaden i Sauland. Ein flott prestegardsvåning stod på Nedre Prestegarden/Holm austre til 1960. Da kjøpte Erlend Grøstad bygningen, og flytta den til Nutheim i Flatdal. Ein anna del av huset var mykje før dette teke ned, flytta og brukt som del av oppbygginga av Skogheim hotell. Dette gjekk seinare tapt i ein brann.

Området kring Hjordal kyrkje har, trass i prestegardsbygningen som diverre gjekk tapt, eit eige historisk sus over seg. Sogene knytt til den gamle prestegarden, ikkje minst bondeoppøret i 1540, og alle folkeminnesamlarane og kunstnarane som vitja området opp i gjennom åra, lever enno i beste velgåande. Risvoll-loftet på Øvre Prestegarden (Holm Vestre), den gamle skulebygningen med kjerne frå 1847 og nærleiken til Egderudfossen og mylla er også viktige moment i denne samanhengen.

Når det gjeld avgrensing, fell det naturleg å rekne med delar av både Nedre og Øvre Prestegarden (Holm vestre og austre), Holm landhandel, gamle Kyrkjekrinsen skule (no Kulturlandskapsskulen) og Egderudfossen med Kønsmagasinet, Hjartdal bygdemylle og stignettet på baa sider av fossen. Egderud. Utsiktspunktet på Grønlandsberget og områda sør for elva er viktige nærområde til dette kulturmiljøet.



Hjartdal gamle sentrum – Utvida kulturmiljø rundt Hjartdal kyrkje. Blå avgrensing blir spela inn som omsynssone i Kommuneplanens arealdel. Dette omfattar Øvre og Nedre Prestegarden, Gamleskulen og Egderudfossen med Kønsmagasinet, Hjartdal bygdemylle og stignettet rundt. Grøn avgrensing er eit viktig nærområde til kulturmiljøet, men ikkje tenkt innlemma i omsynssona.

Mykje av det særeigne sogematerialet fekk nytt liv i samband med etableringa av turistvegen Sogevegen i 2022. Det kom på plass infoskilt og anna type formidling, både ved Kønsmagasinet, Hjartdal bygdemylle, Holm landhandel og vidare opp mot Gamleskulen/Kulturlandskapsskulen.

Kap. 6.3.2 Gamle Hjartdal sentrum som kulturmiljø

Området (blå avgrensing) bør leggest inn som omsynssone i Kommuneplanens arealdel.

Framlegg til retningslinjer: Området er eit viktig nærmiljø til Hjartdal kyrkje. Det har stor historisk verdi og er viktig i formidlingssamanheng, mellom anna som knutepunkt langs Sogevegen. Byggeskikken sprikar noko i dag, men ikkje meir enn at det er mogleg å få til betre tilpassingar ved seinare tiltak. Det er viktig å sjå heilskapen i området, slik ein gjorde da området blei valt ut til knutepunkt langs Sogevegen. Ved ombygging av eksisterande hus og bygging av nye, bør ein søke mot den tradisjonelle byggeskikken i området. Dette gjeld t.d. takvinklar, material- og fargebruk. Ev. innføring av moderne uttrykk bør vera nøkterne og ta omsyn til dei historiske kvalitetane i området.



I nærmiljøet til Hjartdal kyrkje er det mange opplevingstilbod knytt til natur- og kulturarven i området. Kulturlandskapsskolen, Holm landhandel, Minnesmerket for bondeopprøret i 1540, Kønsmagasinet, rasteplassen i Egderudfossen og Hjartdal bygdemylla. Foto: Dag Jenssen (Egderudfossen) og Synøve Våle (Bygdemylla).

6.3.3 Sauland kyrkje



Avgrensing av Sauland kyrkje som kulturmiljø. Raudt område er avgrensinga av mellomalderkyrkjegarden.

Kulturmiljøet knytt til Sauland kyrkje inneheld desse kulturminna;

- Sauland kyrkje. *Listeført kyrkje* bygd i 1859. Vernedato 6. februar 2009. Kulturminneid. 85405-2.
- Del av kyrkjegarden: *Automatisk freda mellomalderkyrkjegard*. Vernedato 27. august 2007. Kulturminneid. 85405-3.
- Fjerne stavkyrkje. Kulturminneid. 85405-1.

Sauland kyrkje blei teken i bruk og innvigd i 1859. Ho er teikna av statskonduktør og arkitekt Christian H. Grosch. Teikningane var godkjende i 1854, men kyrkja var ikkje heilt ferdig før 1863. Typemessig er ho ei krosskyrkje, men dei korte tverrarmane gjer at ho framstår meir som ei langkyrkje. Inne er det pilarar i basilika-stil, og dei opphavlege pastellfargane blei tekne fram att til jubileet i 2009.



Sauland kyrkje. Foto: Siri Iversen.

Ei stavkyrkje frå mellomalderen, truleg tidleg 1200-tal, blei riven i 1860. Den stod på same stad, eller moglegvis noko lenger inn på kyrkjegarden. Adolf Tidemand måla i 1845 måleriet «Gudstjeneste» med motiv frå denne kyrkja. Ho er fyrste gong nemnt i eit lagmannsbrev frå 1395. Det finst ein rikt utskoren portalvange frå denne i Oldsaksamlinga i Oslo. Ut frå skildringar frå 1662, veit ein at ho hadde valmtak med eitt spisst spir, og at svalgangar rundt var blitt fjerna. Ho var større enn systerkyrkjene i Hjartdal og Tuddal, og mindre enn den i Heddal.



Gudstjeneste. Måleri av Adolph Tidemand 1844. Foto: Nasjonalmuseet.

Kap. 6.3.3 Sauland kyrkje som kulturmiljø

Området bør leggst inn som omsynssone i Kommuneplanens arealdel. Vil ev. overlapp med Sauland gamle sentrum. Framlegg til retningsliner: For alle tiltak og inngrep skal det leggst vekt på god tilpassing til og respekt for kyrkjestaden som kulturmiljø.

Anna: Området er i god stand. Det er vel og merke lite parkeringsplass. Med tida bør ein vurdere om ein kan nytte noko av tomta vest for kyrkja til dette (den nye prestebustaden).

6.3.4 Gamle Sauland sentrum

Kyrkja står på Prestegarden sin grunn. Det opphavlege gardsnamnet er Sauland, som frå gammalt omfatta mange av dei andre gardane som omkransar kyrkja. Sauland kjem moglegvis av Svidjaland, det vil seia svedja land. Fram til tidleg 1700-tal var Prestegarden og Krosshus same bruk og i kyrkja sitt eige. Krosshus er på ein måte gamle Øvre Prestegarden. Båe gardane har tidvis vore nytta som enkjesete for enkjer etter tidlegare sokneprestar, tidvis forpakta bort. Etter avhendinga av Krosshus, ytte dei nye eigarane brød og vin til kyrkja i 250 år.



Portalen frå stavkyrkja i Sauland i spesialtilpassa rom ved Historisk museum i Oslo. Foto: Audun Solberg.



Øvre Mosebø, gamle «Lensmannsgarden», i framgrunnen. Lenger bak i bildet Krosshus, kyrkja og Folkestugu, som den gong stod på Prestegarden. Fotoet skal vera teke før 1880. Bygningane i området er delvis bytt ut og endra med tida, men tuna og landskapsbiletet er mykje det same. Kjelde: Hjartdals saga, Saulandsbindet.


I samband med avgangen til sokneprest Søren H. Finkenhagen (sokneprest i perioden 1828-1857), blei det vedteke at prestebustaden skulle flytjast frå Hjartdal til Sauland. Det blei bygd nye hus på Prestegarden, og desse blei tekne i bruk i 1860. På 1970-talet blei det skilt ut tomt og bygd prestebustad vest for kyrkja.

Både Prestegarden (Sauland) og Krosshus er viktige nærmiljø til kyrkja, både historisk og visuelt sett. Det same kan seiast å gjelde Mosebøgardane og Kleppen. Lensmannen, sorenskrivaren og distriktslegen er blant omboda som har hatt tilhald her opp gjennom. På Nord-Mosebø var det eksersisplass, og det har vore gjestgjevarverksemd på fleire av gardane frå gamal tid. Folkestugu på prestegarden var i bruk både i samband med kyrkja og som offentleg møterom for styre og stell i Hjartdal herad. Området har framleis eit ryddig og heilskapleg kulturlandskapspreg, dels med gamle bygningar samla i fine tun. Nye bygg, ombyggingar og andre tiltak bør vurderast nøye med tanke på dei historiske og estetiske verdiane i området som heilskap.

Kap. 6.3.4 Gamle Sauland sentrum som kulturmiljø


Området (blå avgrensing) bør leggest inn som omsynssone i Kommuneplanens arealdel.

Framlegg til retningslinjer: Området er eit viktig nærmiljø til Sauland kyrkje, og har framleis eit relativt autentisk preg med godt avgrensa gardstun og kulturmark i kring. Ved ombygging av eksisterande hus og bygging av nye, bør ein søke mot den tradisjonelle byggeskikken i området. Dette gjeld t.d. takvinklar, material- og fargebruk. Ev. innføring av moderne uttrykk bør vera nøkterne og ta omsyn til dei historiske kvalitetane i området. Nye bygningar bør fyrst og fremst integrerast i eksisterande gardstun. Om ikkje dette er mogleg, er det viktig å finne både praktisk og estetisk gode plasseringar.



Avgrensing av Sauland gamle sentrum – Utvida kulturmiljø med tanke på bevare landskapsbiletet rundt kyrkja. Omfattar Prestegarden, Krosshus og Mosebøgardane. Alt blir spela inn som omsynssone i kommuneplanens arealdel.

6.3.5 Tuddal kyrkje



Avgrensing av Tuddal kyrkje som kulturmiljø. Raudt felt er mellomalderkyrkjegarden.

Kulturmiljøet knytt til Tuddal kyrkje inneheld desse kulturminna;

- Tuddal kyrkje. *Listeført kyrkje* bygd i 1796. Vernedato 2. juni 2001. Kulturminneid. 85680-2.
- Del av kyrkjegarden: *Automatisk freda mellomalderkyrkjegard*. Vernedato 24. august 2007. Kulturminneid. 85680-3.
- Fjerna stavkyrkje. Kulturminneid. 85680-1.

Tuddal kyrkje blei bygd i 1796 av Halvor Høgkasin, som også bygde kyrkja i Hjartdal. Ho er bygd etter dei same prinsippa, som tømra krosskyrkje og med kyrkjene Jarand Rønjom teikna i Åmotsdal, Rauland og Vinje som førebilete. Ho er lite endra på, såleis har det ikkje vore naudsynt med den type restaureringar ein har hatt i Hjartdal og Sauland.



Tuddal kyrkje. Foto: Narve Skarpmoen, tidleg 1900-talet (historier.no)

Garden kyrkja står på heiter Øverland, og har frå gammalt av omfatta fleire av gardane i nærleiken. Den var i kyrkja sitt eige fram til 1853, men soknepresten hadde aldri fast tilhald der.

Det har vore to stavkyrkjer i Tuddal før denne. Den siste stod der den noverande kyrkja står, mest truleg også den fyrste. Denne brann i 1369. Ein Kjetil Karlsson var skulda for å ha årsaka brannen, men blei frikjend for dette. Frå rettsdokumenta kjem det fram sjeldan konkrete opplysingar om helgendyrking. Heilage Tov si kiste skal ha hengt oppunder taket i ei kove, der Kjetil Karlson hadde vore inne og tent eit lys. Heilage Tovs kove kan ha vore inne i kyrkja, eller i eit lite bustadhus like ved, moglegvis ein eldre munkebustad.

Det blei sett opp ny stavkyrkje ikkje lenge etter. Den var i 1668 omtala som eit godt gudshus, med svalar og skruv. Portalar frå kyrkje ligg i Oldsaksamlingane i Oslo. Det er relativt enkel skurd, noko som er blitt tilskrive mangelen på gode handverkarar i tida etter svartedauden.

Kap. 6.3.5 Tuddal kyrkje som kulturmiljø

Området bør leggest inn som omsynssone i kommuneplanens arealdel. Framlegg til retningsliner: For alle tiltak og inngrep skal det leggest vekt på god tilpassing til og respekt for kyrkjestaden som kulturmiljø.

Anna: Det er mykje liv tett på kyrkja- både skule, barnehage, campingplass og nærbutikk. Det fell difor ikkje naturleg å avgrense eit utvida kulturmiljø rundt kyrkja slik ein har gjort for Hjartdal og Sauland. Det er likevel viktig at alle ombyggingar og nybyggingar i nærleiken til kyrkja blir gjort på estetisk gode måtar i forhold til både kyrkja og eldre gardsmiljø rundt denne.

6.4 Bygningstiljø

6.4.1 Sud-Åbø, freda gardstun i Hjartdal


Heile tunet på Sud-Åbø blei freda etter Kulturminnelova i 2017. Riksantikvaren skriv:

«På Sud-Åbø finner vi bygninger fra middelalder, 1700-, 1800-, og 1900-tallet, som ligger i et vakkert kulturlandskap. Sud-Åbø er et veldig godt eksempel på et førindustrielt gårdsbruk i dal- og fjellbygdene i Telemark. Åbø-gårdene har hatt fedrift og jordbruk som hovednæringer, og noe skogsdrift. Både bygninger og strukturer i terrenget forteller om næringene på gården. Steingjerder og rydningsrøyser vitner om gamle driftsmåter, inndeling gårdene imellom og om grenser mellom ulike markstykker.



Sud-Åbø. Foto: Lene Buskoven (Riksantikvaren) og Ingvill Garnås.

Sud-Åbø har vært i kontinuerlig bruk og drift siden middelalderen, og de fleste bygningene står fortsatt i sitt opprinnelige miljø. Anlegget består en av rekke bygninger, som stue (bolighus), loft, eldhus, badstue med utedo, fjøs, sommerfjøs, låve og sag. Hele gårdsanlegget er nå fredet. I tillegg er eiendommen rundt bygningene fredet, slik at gården også i fremtiden kan oppleves i sitt opprinnelige miljø». Vesleburet, som er tidfesta til mellomalderen, er nærare omtala i kapittel 5.2.1.



Avgrensning av områdefredninga og kulturmiljøet frå Riksantikvaren.no.

Kap. 6.4.1 Sud-Åbø som kulturmiljø

Området bør leggest inn som omsynssone i Kommuneplanens arealdel. Overlappar med UKL og SVKL.

Gjeldande retningslinjer: Tunet og bygningane er freda. Områdefredinga går fram av kartet.

6.4.2 Tuddal bygdetun

Tuddal bygdetun vart oppretta på 1950-talet, og dei neste tiåra blei utvalde bygningar frå ulike gardar i Tuddal flytta til bygdetunet. Tuddal Museumslag drifta tunet fram til 2020, da det blei ei avdeling av Norsk Industriarbeidarmuseum (NIA).



Frå Tuddal bygdetun. Foto: Norsk Industriarbeidarmuseum.

Dei fleste bygga på tunet er nærare omtala i boka «Soge omkring Tuddal Bygdetun» skrive av Olav J. Rui, utgjeve av Tuddal Museumslag i 1978. Det er ei særst flott samling av gamle hus, der Reisjåstugu Flugoneldhuset og Hogstulfjoset er rekna som dei eldste, moglegvis er alle frå 1600-talet. Bygdetunet utgjer ei flott ramme for den tradisjonelle årlege Tuddalsdagen og andre arrangement. Det er det einaste bygdetunet i Hjartdal kommune.



Avgrensinga av Tuddal bygdetun.

Kap. 6.4.2 Tuddal bygdetun som kulturmiljø

Området bør leggest inn som omsynssone i Kommuneplanens arealdel med grunnlag i status som museum. Bygdetunet er eigd av stiftinga Tuddal museumslag og drifta av Norsk Industriadarmuseum. Det er ikkje trong for spesielle retningsliner utover dei museet sjølv har.

6.5 Vasskraft

6.5.1 Omnesfossen med Heddal Mølle



Heddal Mølle – tusenårsstad i Hjartdal, fotografert av Mari Nymoen i Telen i 2021.

Omnesfossen med Heddal Mølle ligg rett attmed europavegen, og er eit kjend landemerke i Sauland. Området husar mykje historie knytt til bruk av vasskraft. Bygningen det no står Heddal Mølle på blei opphavleg bygd som spinneri og veveri i 1895. Før den tid, og delvis parallelt, har gardane i området hatt fleire kverner og ei sag langsmed fossen. Det var også tømmervelte på nordsida av fossen. Hovudvegen gjennom Sauland gjekk før spinneriet si tid på Omnessida (nordsida) av elva.

Området blei i 2000 peika ut til Hjartdal kommune sin 1000-årsstad. Stiftinga Heddal Mølle og Hjartdal kommune bad i 2021 Norsk Industriadarmuseum sjå på moglegheitene for bruk av området i museumssamanheng. Det har synt seg å vera utfordrande å finne midlar eller aktivitetar som kan generere inntekter til istandsetjing og vedlikehald av dette kulturminnet. I skrivande stund ligg det ikkje føre konkrete planar. Av publikumsvenlege tiltak i området er det per i dag ein enkel natur- og kulturstig på nordsida av fossen og elva.

Saudlands Uldspinderi & Væveri var i drift i perioden 1897-1916. Verksemda er omtala i Saulandsbindet av Hjartdalssoga;

«I 1897 blei Saudlands Uldspinderi & Væveri starta ved Omnesfossen av Olav T. Mosebø og Tor Vaa. Industriltaket var nytt og uvanleg i Sauland, men berre eitt av mange liknande i denne nybrotstida for vasskraft og industriutbygging. Det blei satsa friskt, med spinneri med to spinnestolar i fyrste høgda og veveri i andre høgda. Det var fargerier i sidebygningen. Verksemda hadde eige aggregat, og i Omnesfossen stod turbinhjulet som dreiv fabrikken». I 1899 vann fabrikken kongens sølvmedalje for tøy, sjal og garn i ulike fargar.

Det var eit yrande folkeliv knytt til verksemda, dei tilsette var både lokale og tilreisande – også frå utlandet. Det blei oppført administrasjonsbygg og arbeidarbustad på Fossheim, ei tomt like vest (i daglegtale «nord») for spinneriet. Tomta var skilt ut frå Moen (i daglegtale kalla «Slåttun»), gardsbruket på andre sida av vegen. På Moen var det frå før landhandel, starta opp i 1880-åra. Dei leigde etter kvart også ut andre høgda av landhandelen som bustad for disponenten og andre i leiinga for spinneriet og fargeriet.

Området var i det heile eit viktig knutepunkt i Sauland, og særleg for den austre delen av bygda. Det noverande våningshuset på Moen er frå 1903, oppført etter at det gamle brann. Moen har historiske knytingar både til spinneriet og seinare Heddal Mølle, og bør sjåast som ein viktig del av kulturmiljøet rundt Omnesfossen. Tunet har også estetiske kvalitetar som er med og bygger opp under dette.

Heddal kommune eksproprieterte Omnesfossen i 1916, og starta mølle i 1919. Dette var ei valsemølle, drive av direkte vasskraft og turbinanlegg. Noverande Landsverk bru blei bygd i 1936.

Bygningane og dei andre tekniske kulturminna etter Heddal Mølle og Sauland Ullspinneri er per 2025 i varierende forfatning, og området ber preg av eit visst forfall. Ein har så langt ikkje lukkast i å finne ny bruk eller museumsverksemd som kan bøte på dette. Uansett kva som blir den framtidige bruken, bør ein vøle og ta vare på kulturminna og bygge vidare på historia i området. Bygningane på Moen er i god forfatning, og har fine arkitektoniske kvalitetar i samanhengen

Kap. 6.5.1 Heddal Mølle og Omnesfossen som kulturmiljø

Området bør leggest inn som omsynssone i Kommuneplanens arealdel. Området omfattar tunet på Moen i tillegg til området som i reguleringsplanen Heddal Mølle – Omnesfossen frå 1998 er regulert til spesialområde bevaring.

Framlegg til retningslinjer: Området har særreigne historiske kvalitetar og ligg lett synleg og tilgjengeleg for publikum. Oppgraderingar eller ombyggingar av eksisterande hus ,eller bygging av nye, må utførast med respekt for historia og bygningsarven i området totalt sett. Ev. innføring av moderne uttrykk bør vera nøkterne og ta omsyn til dei historiske kvalitetane i området.



Omnesfossen og spinneriet fotografert i 1910, samt nede til høyre, Fossheim. Fossheim var fyrst arbeidarbustad knytt til spinneriet, seinare landhandel. Husa på Fossheim er borte i dag. Foto: Telemark museum, Leif Skoje og Hjartdal historielag/Mathis Omnes si fotosamling.



Avgrensing av kulturmiljøet på utsnitt av Reguleringsplan for Heddal mølle – Omnesfossen frå 1998. Heddal mølle, Landsverk bru og dei to flankane med friområde er regulert til spesialområde bevaring. Som kulturmiljø i kommuneplanens arealdel er det i tillegg naturleg å ta med tunet på Moen på andre sida av veggen.

6.5.2 Egderudfossen med Hjartdal bygdemylle

Området er med i det utvida kulturmiljøet kring Hjartdal kyrkje. Det blir såleis ikkje gjort noko eiga avgrensing av området under dette kapittelet, men informasjonen om det høyrer naturleg heime her.

I dag er Hjartdal bygdemylle eit samvirkeføretak drive på dugnad. Føremålet er vedlikehald og formidling av kulturarv knytt til området spesielt og til kornet si historie i fjellbygdene generelt. Dei tek i mot grupper for omvising, har eigen myllar og sel byggmjøl og bygg-gryn.

Mylla, slik ho ser ut i dag, blei bygt på 1930-talet av Olav S. Våle. Etter få år overtok eit lutlag av bygdefolk mylla. Lutlaget heitte Hjartdal bygdemylle. Det var god drift både under krigen, og dei næraste åra etter. I 1949 gjekk ein over frå vass turbin til elektrisk drift. Dette hadde nær samband med at vassdraget skulle regulerast i samband med Hjartdøla-utbygginga på 1950-talet. I åra etter 1950 minka kornproduksjonen i samband med dei store endringane innan jordbruket, også i Hjartdal. Dermed blei det tyngre økonomisk å drive mylla med innleigd hjelp. Med lite drift forfall gradvis mylla og området i kring.



Hjartdal bygdemylle i 2015. Foto: Synøve Våle.

Forfallet blei snudd i løpet av 1990-talet, da kulturlandskap kom på dagsorden. Etter stor dugnadsinnsats og løyvingar frå ulike instansar fekk området ein ny vår. I åra rundt 2020 fekk ein enda eit lyft, delvis i samband med førearbeida til turistsatsinga Sogevegen. Utstillingsbygg, rasteplass, vasshjul og vassrenne kom på plass, og fine stigar rundt fossen med kloppar over å-laupa. Sjå elles kap. 6.3.2 Hjartdal gamle sentrum.

Kap. 6.5.2 Hjartdal bygdemylle og Egderudfossen som kulturmiljø

Sjå Gamle Hjartdal sentrum – utvida kulturmiljø kring Hjartdal kyrkje.

6.5.3 Hjartdøla (Hjartdal kraftverk)

I denne utgåva av kulturmiljøplanen har ein valt å ikkje ta Hjartdal kraftverk med som kulturmiljø. Det er eit område som høgste grad er i bruk og ein viktig del av kvardagen i bygda. Slik sett står det ikkje fram som eit typisk kulturminne. Det er like fullt eit historisk viktig område knytt til vasskraftutbygginga i kommunen, og det er også tidstypiske og fine arkitektoniske verdiar ved området. Det kan såleis bli aktuelt å innlemme området i ei seinare utgåve av planen.



Hjartdøla kraftverk. Foto: Hans Johnsrud (Norsk Industriarbeidermuseum).

7. Immateriell kulturarv i Hjartdal kommune

Den norske UNESCO-kommisjonen gjev fylgjande definisjon av omgrepet immateriell kulturarv: «*Språk, utøvande kunst, sosiale skikkar, tradisjonelle handverksferdigheiter, ritual, kunnskap og ferdigheiter knytt til naturen er døme på immateriell kulturarv*». Definisjonen ikkje er meint å vera uttømande. Ein litt meir klargjerande måte å seia det på er at immateriell kulturarv er *dei delane av kulturarven som er overført gjennom praksis og/eller munnleg overlevering*.

Tradisjonelle handle- og gjeremåtar, og spesifikke teknikkar som er gått i arv som tradisjonell handboren kunnskap, ligg innanfor det me kan kalle praksisdelen av den immaterielle kulturarven. Innanfor den munnleg overleverte kulturarven ligg alt frå språk og stadnamn, forteljar- og folkemusikktradisjon til kunnskapsoverføring knytt til ulike former for praksis. Det er med andre ord ei overlapping mellom desse to sidene av den immaterielle kulturarven; praksisen og den munnleg overleveringa. Immateriell kulturarv er i det heile eit veldig vidt og komplekst felt!

Me er alle på ulikt vis omgjevne av og tek også del i immateriell kulturarv, meir eller mindre utan å tenke så mykje over det. Det gjeld både i kvardagen, ved høgtider og i samband med sosiale tilstellingar. Alt kan ikkje, og skal ikkje, fangast opp i ein kulturminneplan. Like fullt er det sider ved den immaterielle kulturarven som særleg fortener å bli lyfta opp og fram også i forvaltningssamanheng. Av same grunn vel Hjartdal kommune ut nokre innsatsområde der det blir særleg viktig å initiere tiltak og/eller stø opp om tiltak i dei komande åra:

Immateriell kulturarv særleg knytt til praksis:

- Gards- og stulsdrift
- Jakt og fiske
- Mattradisjonar
- Handverkstradisjonar

Immateriell kulturarv særleg knytt til munnleg overlevering:

- Dialekt
- Forteljartradisjon
- Musikk- og dansetradisjonar

7.1 Gards- og stulsdrift

Berre på 30 år har to av tre familiar som før dreiv gard, lagt ned drifta. Dette er eit nasjonalt tal. Det er klart at med ei slik utvikling, så står me i fare for å misse mykje praktisk kunnskap knytt til å forvalte matressursane våre. Dette er ei utvikling som kan få store konsekvensar både for sjølvberging og beredskap. Ei naturleg fylgje av færre menneske og beitedyr i landbruket er også dette at det gror att i randsonene til dyrkamarka og i utmarka. På same tid er dette område som er rike på bygningsarv og andre fysiske kulturminne, og som husar ein tredje del av dei truga artane våre og viktige genressursar for landbruket.

I Hjartdal kommune er det framleis eit aktivt og allsidig jordbruk. - Faktisk så aktivt at ein per i dag er den kommunen som er nest størst på mjølkeproduksjon og som har flest gardar med sauehald i Telemark. Dette er det særst viktig at ein hegnar om og prøvar å halde ved like. Fokuset på den aktive gardbrukaren bør gjelde på tvers av heile kommunen.

Før 2. verdskrig var det 30.000 stølar i drift i Noreg. I dag er det godt under 900. Stølsdrifta har ein heilt eigen plass i norsk landbrukshistorie. Stølsorganisasjonen Norsk Seterkultur har saman med systerorganisasjonen i Sverige nominert den levande, nordiske seterkulturen til den representative lista for immateriell kulturarv i UNESCO i 2023. Både land har stilt seg bak nominasjonen.

I Hjartrdal kommune er det per 2023 to stular i drift; *Bjordalsstulen* i Hjartrdal (Nordbø gard og stule) og *Finnvollen* i Tuddal (Bent og Grete Nilsen, Sande i Vestfold). På begge desse stulane tek dei i mot besøk og driv på ulikt vis formidling av gamle stulstradisjonar.



Frå Bjordalsstulen. Foto: Nordbø gard- og stule.

Framlegg til tiltak og prioriteringar – gards- og stølsdrift:

- Formidling av historiske og framtidsretta verdier i landskap og landbruk
- Synleggjera verdien av dei aktive gardbrukarane
- Synleggjera verdien av dei aktive stølane
- Besøksstilbod for barnehagar og skular på aktive gardar
- Besøksstilbod på stølar i drift

7.2 Jakt og fiske

I ein verden der folk fjernar seg meir og meir frå naturgrunnlaget, er det viktig at dei som veks opp på bygdene held fram med å ta del i den immaterielle kulturarven knytt til jakt, fangst og fiske. På same måte som med gards- og stølsdrifta, er kunnskap knytt til jakt og fiske handlingsboren og avhengig av at den blir overlevert frå generasjon til generasjon. Mange jaktlag er medvitne om dette og flinke til å ta born og ungdom med seg.

Jakt og fiske handlar både om å kjenne landskap og terreng og måtar å forvalte ressursane på. Dette er ein type kulturarv som det moglegvis blir teke litt for lett på. Rekruttering er viktig, ikkje minst for å sikre ei god vilt- og fiskeforvaltning for framtida. Ein del får naturleg ta del i dette i eigen familie. I tillegg bør det vera nokre tilbod som fangar opp dei som ikkje «har det heimanfrå», det vil seia tilbod som kan samle born og ungdom på eit litt breiare plan. Det er kan hende enklare å få til med fiske enn med jakt, men uansett bør denne type aktivitetar støttast opp om der det finst initiativ.



T.v.: Elise er glad for å ha fått fin fisk i Hovdeåa i Tuddal. Foto: Knut Håkon Solberg. T.h.: Hjartdal Skyttarlag har fokus på rekruttering og arrangerer aktivitetsdagar for born. Foto: Hjartdal Skyttarlag.

Framlegg til tiltak og prioriteringar – jakt og fiske:

- Opne jakt- og fiskeaktivitetar for born og ungdom
- Jegerprøvekurs i skuletida

7.3 Mattradisjonar

Mattradisjonar er ein viktig del av den immaterielle kulturarven. Kunnskapar knytt til tradisjonsmat som til dømes flatbrød (brau), lefser, ulike typar graut, kjøtsuppe (spa), spekemat og rakfisk er viktige å ta med seg vidare. Ølbrygging er også nært knytt til mattradisjonane, og kan for enkelheits skuld takast med her.

Maten og kunnskapen om den er på den eine sida viktige kulturminne med eigenverdi, på den andre sida kan det også vera eit viktig grunnlag for næring. Dette å kunne selje stadeigne eller kortreiste varer basert på lokale tradisjonar, har stor marknadsføringsverdi. Dette gjeld anten produkta blir seld som varer over disk eller som del av eit opphald, eller i ein kombinasjon av dei to.

Ein del matskikkar knytt til høgtider gjennom året (jul, påske m.m.) og i livet (barsel, bryllaup m.m.) er til dels enno halde ved like, men i det store og heile er nok dette kunnskap på veg ut. Tradisjonelle matskikkar er ikkje lenger noko «alle» kan eller veit mykje om.

Framlegg til tiltak og prioriteringar – mattradisjonar:

- Dokumentere kunnskap om korleis ein brukar ulike typar tradisjonsmat (utgjevingar)
- Dokumentere kunnskap om korleis ein lagar ulike typar tradisjonsmat (utgjevingar)
- Opplærings/formidlingstiltak (kurs, temadagar)

7.4 Handverkstradisjonar

Gamle bygningar og gamle tre-, metall-, tekstil- og dekorarbeid er både materiell og immateriell kulturarv på ein gong. Kunnskapen om dei ulike handverksteknikkane som ligg attom både bygningane og tinga, høyrer til den immaterielle delen av kulturarven vår. Dette er fyrst og fremst handboren eller handlingsboren kunnskap, kunnskap som best overførast ved praktisk innretta læring.

Hjartdalsbygdene har historisk sett vore eit rikt tradisjonsområde for handverksteknikkar knytt til bygningar, interiør, husgeråd og drakter/bunadar. Det er særleg mange freda og verneverdige bygningar i Hjartdal kommune. I tillegg er det rike tradisjonar innanfor både rosemåling, metall-, tekstilarbeid. I vår tid kan ein omsynsvis nemne Knut Buen (rosemåling), Halvor Sisjord (smiing) og Torkjell Sletta (bandveving). Fleire personar kunne vore nemnde som viktige tradisjonsberarar på dei ulike felta, men det fører for vidt å skulle rekne opp kvar og ein. Det som er viktig, er å konstatere at dette er kulturarv ein ikkje må ta for gitt at vil bli ført vidare.



Hårband og belte vovne av Torkjell Sletta (1946-2024), med unntak av det breie stakkebeltet på fotoet til høgre. Dette er vove av Mari Train frå Hjartdal (1858-1924). Det har tradisjonelt vore frisk fargebruk i Hjartdalsbygdene. Foto: BunadMagasinet.

Framlegg til tiltak og prioriteringar – handverkstradisjonar:

- Dokumentasjonsprosjekt (lærlingstipend, utgjevingar)
- Formidlingstiltak (kurs, temadagar)



Kronprinsesse Ingrid Alexandra fekk raudtrøyebunad frå Aust-Telemark til konfirmasjonen sin i 2019. Denne bunaden er også kalla «Gamal aust». Forkleet er inspirert av eit gammalt forkle frå Sauland, med riksløva på. Og hårbandet er laga av Torkjell Sletta i Tuddal. Drakttypen er ein forløpar til både Aust-Telemarksbunaden og beltestakken, og liknar den siste med at den gjev stor valfridom i samansetjinga av stoff, band og broderi, men som Aust-Telemarksbunaden har den raud trøye (jakke). I Hjartdalsbygdene er både Aust-Telemarksbunaden og beltestakken mykje i bruk, i tillegg til stakk og liv. Karane har gråtrøyebunad frå Aust-Telemark, nokon med grøn trøye, og nokon nyttar også den meir dressaktige Vest-Telemarksbunaden. Begge foto t.v: Lise Åserud (NTB scanpix). Begge foto t.h.: Øyvind Möller Bakken (Det kongelege hoff).

7.5 Dialektbruk

Hjartdal kommune er del av eit rikt dialektområde, med heilt særeigne trekk også i telemarks-samanheng. Gjennomgåande lydar i dialektane i den øvre delen av Aust-Telemark, er «ø» og «å», ofte i kombinasjon; «*Fysst må me øtå ein bøtå, må du vøtå, sea må me ut o' nøkå*». Dette er stort sett likt for både Hjartdal, Sauland og Tuddal - og like eins grannebygdene Tinn, Gransherad og Heddal. Orda «vørå» og «spølå» er eit par gode eksempel. Dette skil seg klart frå målet i Midt-Telemark (Bø, Sauherad og Lunde) som i staden har mykje «æ»/«e» og «a» («væra» og «spela») og Vest-Telemark som også har mykje «e» og «a» og i tillegg ein del «i» («vera» og «spila»).

Eit anna viktig særtrekk ved dialektene i øvre Aust-Telemark er at ein har mykje av språkfenomenet jamning. Dette tyder at vokalane i ordet dreg seg mot kvarandre. Jamning finn ein mykje av Trøndelag, på Nord-Møre og i Gudbrandsdalen. Dialektane i Øvre Aust-Telemark har altså veldig mykje av det, Midt-Telemark har noko og Vest-Telemark veldig lite av akkurat dette.

Hjartdal mållag (no Hjartdal dialekt- og mållag) gav i 1984 ut boka «Håtte sie du». Denne gjev ei grundig og god innføring i dialektane i dei tre sokna i kommunen, i tillegg til at det er samla inn mange ord og uttrykk.

Dialektbruken i kommune er under stort press. Ein stadig større del av ungdomen og borna i kommunen er gått over til å snakke bokmål, anten frå start eller i løpet av skulegangen. Dette har auka ein del på dei siste 10 år. Dette handlar om flytteprosessar i kombinasjon med ei massiv påverking av bokmål i «alle kanalar», mellom anna TV og sosiale media.

Framlegg til tiltak og prioriteringar – dialekt:

- Formidlingsprosjekt retta mot skule og barnehage (læremateriell, plakatar, aktivitetar inkl. besøk av dialektbrukarar)
- Fremje god nynorskopplæring i grunnskulen i heile kommunen, anten det er hovudmål eller sidemål ved den aktuelle skulen.

7.6 Forteljartradisjonar

Magnus Brostrup Landstad (1802-1880), samla mykje forteljartradisjon i Hjartdal i 1840-åra. Det meste kom med i «Gamle sagn om Hjartdølene» som fyrst blei gjeve ut i 1880. Prestefamilien Finkenhagen sette han i kontakt med kjeldene, og var til dels også sjølv informantar. Jørgen Moe (1813-1882) var også i Hjartdal i 1840-åra, han samla forteljartradisjon av Jon Libekkskaret f. 1772.

Neste innsamlar var raulendingen Rikard Berge (1881-1969). Han skreiv ned mellom anna etter Anne Gvåle (f. Sundbøhaugen, Flatdal) og prestesonen Caspar Finkenhagen f. 1824. I 1910 fortalde sistnemnde Berge om havfrua (!) som var oppe i vasskorpa på Heddersvatn og spådde at det etter kvart ville bli mange tungemål på Kovstulheia, og at det skulle koma så «svære» (flotte) hus der. Ein fantasifull, samstundes treffsikker spådom.



*Hjartdølar på byrjinga av 1900-talet, frå Hegnin under Sud-Gjuv.
Foto: Rikard Berge (Telemark Museum)*

Tov Reisjå (1865-1938) frå Tuddal hadde eit ynskje om å skrive bygdesoge for Hjartdalsbygdene, men fekk ikkje innvilga permisjon frå lærarjobb og verv i Hjartdal kommune. Han var lærar ved Kyrkjekrinsen skule i Hjartdal, der han også budde i perioden 1897-1930. Han heldt likevel fram med å skrive ned forteljingar og anna folkeminnestoff etter eldre i si eiga samtid. Reisjå var kjend for å skrive ned på lappar og det han måtte ha for handa. Berge baud han hjelp med å få systematisert og gjeve ut alt saman, men Reisjå benytta seg ikkje av dette tilbodet. Det var til slutt Ivar T. Dahl (f. 1943) som tok fatt i materialet etter Reisjå. Han samanfatta mykje av det i dei to bøkene «Bygdeliv før i verden» og «Bygdefolk før i verden», begge gjeve ut på eige forlag i omsynsvis 2003 og 2005.

Forteljartradisjon frå Hjartdalsbygden er også å finne i alle band av «Hjartdals saga» (Hjartdal historielag 1987, 1992, 2000), «Lita kultursoge frå Hjartdal» (Torbjørn J. Kåsa/Anne Haugen Wagn 1987), «Haugety og trollskap. Hjartdal i segn og soger» (Trygve Nes 1991), «Glimt av Tuddal - før i verden» (Ivar T. Dahl 2001), «Tankar, brev, hendingar og folk i ei lita bygd i Telemark» (Halvor Sisjord 2003), «Lesebok for deg og meg» (Ivar T. Dahl 2007) og «Stutte og lange steg» (Halvor Sisjord 2013). Nokre soger er også med i stulsbøkene til Trygve Nes, sjå kap. 5.2.2.

Det er ingen tvil om at sogemateriale og forteljarkunst har stått høgt i kurs i Hjartdalsbygdene opp gjennom tidene. I Hjartdal var det eitt av argumenta for å kalle turistvegen utanom Mælefjellunellen nettopp for Sogevegen. I vår tid er Knut Buen (f. 1948) ein viktig eksponent for den gamle forteljartradisjonen i Hjartdalsbygdene og Øvre Telemark generelt. Varemerket hans må seiast å vera ei kopling av spel, forteljarglede, fargerike soger og «hermer».

Kulturlandskapsenteret nyttar også ein del sogestoff i sine formidlingstilbod for barnehagane i kommunen, sjå kap. 7.7. Sogene og folkesong høyrer naturleg saman. Vonleg kan dette vera med og halde denne delen av kulturarven kjend og levande også for komande generasjonar.

Framlegg til tiltak og prioriteringar – forteljartradisjon:

- Gjera skulane og barnehagane merksame på kvar dei kan finne lokalt sogestoff
- Formidlingsstilbod for skule og barnehage
- Arrangement med sogestoff i fokus

7.7 Musikk- og dansetradisjonar

Hjartdalsbygdene har ein rik folkemusikkarv. Av lokale felespelarar er det i dag fyrst og fremst Knut Buen (f. 1948), John Bondal (f. 1957) og Anne Hytta (f. 1974) som fører vidare slåtteformer og spelestil etter vidgjetne Svein Løndal (1864-1949) frå Tuddal, og sønene hans - Olav, Kjetil og Einar. Hauk Buen (1933-2021) og Per Anders Buen Garnås (f. 1980) slektar også frå Tuddal, og var/er blant fleire utanbygds utøvarar med Løndalsspel på repertoaret. Bergit Tjønn (1914-1984), også ho frå Tuddal, bør trekkast fram. Ho var rekna som ein særst god felespelar og slåttediktar. Far og bror hennar var felemakarane Hans Johnsen & Søn. Oldebarnet til Hans Johnsen Tjønn, Anders Knutsson Buen (f. 1969), har teke opp arven etter desse.



Brørne Einar, Kjetil og Olav Løndal framfor bautaen av faren Svein K. Løndal. Foto: Bildearkivet NRK.



Anne Hytta, tradisjons- og samtidsmusikar frå Sauland. Foto: Mari Skeie Ljones.

Også i Hjartdal har det vore fleire gode spelemenn, men linene er meir brotne. I seinare tid kjenner ein til Kjetil Finnsekre (1870-1951), lenger attende spelemenn knytt til mellom anna Spelbakkhaugen og Snikkar. Sjølvsaugt kunne fleir spelemenn frå ulike epokar og bygdelag vore nemnt, men det ville krevje meir plass enn ein kortfatta kulturmiljøplan kan opne for. Ein artikkel eller tre i historielaget sine årbøker ville passe betre for dette.

Kvedarane Agnes Buen Garnås (f. 1946) og Hanne Kjersti Yndestad (f. 1951) har begge tilknytning til Tuddal, og har både hatt stor tyding for å berge folkesongen både på lokalt og nasjonalt plan. Buen kulturverkstad sine mange utgjevingar av arkivmateriale og nyare opptak har også stor verdi i samanhengen. Spesielt kan nemnast opptaka frå 1970- og 80 åra med systrene Hovde, Margit Buen (f. Tjønn), Olav Stuverud og John Tveiten frå Tuddal. Den lokale kvedararven blir i dag teke vare på av dotter til Agnes, Ingvill Marit Buen Garnås (f. 1973). Ho står i ein levande songtradisjon og vidarefører denne til nye generasjonar gjennom besøk i bornehagar og undervising av born i grunnskulealder. I tillegg til å lære bort lokal songstil og munnleg overlevert materiale, bles ho liv i viser folkeminnesamlarane skreiv ned på noter i Hjartdalsbygdene og omeign på midten av 1800-talet. Dottera hennar att, Magnhild Garnås Haugen (f. 2004) har også teke opp tråden.

Lærar og folkeminnesamlar Tov Reisjå (1865-1938) uttrykte i si tid stor fortvilning over korleis det var fatt berre kort tid etter folkevisesamlarane var i Hjartdalsbygdene: «*Hadde Landstad, Lindeman, Bugge og andre samlarar kome nokre tiår seinare, hadde dei funne ei ny ætt i Hjartdalsbygdene. Ei ætt som hadde vakse opp etter 1840, og som heldt det gamle for synd. Ingen måtte lære borna sine dei gamle viser, i alle fall ikkje i påhøyr av andre. Dei nye, om kjærleik om slikt, lærte dei seg i gjætsleskogen. For den nye ætta syng ikkje lenger i lag. Det er berre salmar i kyrkje og på bønemøte. Men langt borti skogen lever ungdomens kjærleiksviser og stev*». Han skildra det som om folk skulle sjå ei sylje ligge på vegen, og ikkje ville bry seg med å plukke den opp! I dag har vinden snudd, sylja blir plukka opp att og blankpussa. Men det er ikkje tvil om at det krevst eit solid stykke målretta arbeid om nye generasjonar skal få kjennskap og eigarskap til lokale musikktradisjonar.

Går ein lenger attende i tid, finn ein vitnemål også om dei eldre folkemusikkinstrumenta. Somme feleslåttar blir sagt å vera munnhorpeslåttar. Prestefrua Cecilie Lind (d. 1717), «Mor Sissel», spela langleik til dans i prestegarden. Bornebarnet Kjersti Ditlevsdotter Hovdejord, spela også. I Nordiska museet i Stockholm finst det i alt 8 langleikar frå Hjartdal og Tuddal, ein av dei kan vera Kjersti sin.



Langleik frå Hovdejord i Hjartdal, i dag på Nordiska museet i Stockholm. «Hovud», stillepinnar, strenger og band er borte. Den hadde truleg om lag same pynt som denne, under. Foto over: Anne Lise Reinsfelt (Norsk Folkemuseum). Foto under: Haakon Michael Harriss (Norsk Folkemusikk)



Når det gjeld blåseinstrument (horn, lur, fløyter), er det ikkje så mykje å finne om dette lokalt, men det har garantert vore ein del av det musikalske biletet her som alle andre stader. Horn og lur var dels også til praktiske føremål (sende signal, skremme rovdyr). I nyare tid har munnhorpa fått ein liten oppsving i Telemark og andre stader. Jon Inge Særslund (f. 2003) frå Hjartdal er ein god og aktiv utøvar på munnhorpe.

Sist, men ikkje minst, er bygdedansen (springar, gangar og halling). Det har vore mange gode dansarar frå Hjartdalsbygdene opp gjennom. Skodespelaren Nils Sletta (1943-2020) frå Tuddal var god både spelemann og dansar. Før nemnde Kjetil Løndal (1907-1987) var rekna som ein stildansar av dei sjeldne. Teleglaget i Oslo har vidareført dansestilen etter han. Det er tilbod om bygdedans i kulturskulen i dag, ved hjelp av instruktørar frå Gransherad spel- og dansarlag.



*Even Westeng og Tone Anne Tveiten i ein telespringar.
Foto: Knut Utler. 2018.*

For å få til ei god overlevering av folkemusikkarven, er det viktig at ein ser songen, spelet og dansen i samanheng. Dette høyrer naturleg hop, og er vanskeleg å få til å leva godt stykkevis og delt. Da blir det særleg viktig at ein samarbeider godt på tvers av bygder og kommunegrenser. Det er per i dag ikkje noko eige folkemusikklag i Hjartdal kommune, ein må reise anten til Seljord, Tinn, Gransherad eller Heddal/Notodden. Og elles nytte seg av tilboda som er på fylkesplan, mellom anna UngFolk, eit opplæringstilbod for ungar og ungdom.

Det vil til ei kvar tid veksle noko på kvar rekrutteringa er størst, men satsar ein på å samarbeide og fylgje litt med på kvarandre sine tilbod, sikrar ein at det til ei kvar tid er eit miljø. Samstundes bør det også skje noko lokalt. Flettar ein inn litt song, spel og dans frå barnehagen av og opp gjennom skulegangen, sikrar ein at alle lærer litt og får med seg noko av denne viktige, felles kulturarven.

Framlegg til tiltak og prioriteringar – folkemusikk og dans:

- Formidlings- og aktivitetstilbod fletta inn i skule og barnehage (særleg song og dans, instrumentopplæring er gjerne meir krevjande, men kan også vera aktuelt, om ikkje anna i form av enkle introduksjonar)
- Folkemusikktilbod i kulturskulen
- Kurs og samlingar i eksisterande lag sin regi (t.d. ungdomslaga)
- Konsertar

8. Forvaltning

8.1 Lovverk

Dei viktigaste lovane i kulturmiljøforvaltninga er *Lov om kulturminne* og *Plan- og bygningslova*. Kulturminnelova er særlova til vern av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdfulle kulturminne og kulturmiljø. Kulturminne kan også gjevast juridisk vern gjennom plan og bygningslova.

Kulturminnelova

§ 1 lyder slik:

«Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø – og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressursene som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet. Når det etter annen lov treffes vedtak som påvirker kulturminneressursene, skal det legges vekt på denne lovs formål».

Kulturminnelova blir forvalta av Riksantikvaren på nasjonalt nivå og av fylkeskommunen. Lova sikrar vesentleg kulturminne eller kulturmiljø av nasjonal verdi. I § 3 heiter det *«Ingen må – uten at det er lovlig etter § 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.»*

Kulturminnelova opnar for to hovudtypar av freding:

Automatisk freding ved lov

Dette inneber at gitte typar kulturminne er freda direkte i lovteksten: *«Alle kulturminne fra før reformasjonen (1537) er automatisk freda etter § 4 første ledd.* Ståande byggverk frå perioden 1537-1649 kan med heimel i kulturminnelova § 4 tredje ledd bli automatisk freda ved fagleg datering (erklæring). I tillegg kjem reglar om freding av skipsfunn og samiske kulturminne.

Freding ved vedtak

- Freding av bygningar og anlegg. Eit vedtaksfreda objekt (bygning, anlegg, bru, veg m.m.) er eit nyare etterreformatorisk kulturminne som er freda ved vedtak med heimel i kulturminnelova § 15.
- Freding av område rundt freda objekt. For å bevare verknaden av eit freda objekt i miljøet eller for å beskytte vitskaplege interesser som knyter seg til kulturminnet kan ein frede eit område rundt dette, jf. § 19.
- Freding av kulturmiljø. Heilskaplege kulturmiljø kan verta freda samla etter § 20.

Om ikkje anna er bestemt av vernestyresmaktene, gjeld fredinga sjølve kulturminnet og ei sone på 5 meter rundt kulturminnet jf. kulturminnelova § 6. A

Mellombels freding kan bli vedteke som straksvedtak dersom eit kulturminne eller kulturmiljø er trua eller utsett for fare, eller dersom ein vil evaluera kulturminnet med tanke på permanent freding, jf. § 22 nummer 4.

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningsloven er den viktigaste reiskapen for å sikre at eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap blir teke vare på og teke i bruk i et langsiktig og berekraftig perspektiv. Kommunen er som plan- og bygningsmyndigheit ansvarleg for naudsynt arealplanlegging og for at kulturminneinteresser innarbeidast i planane.

Kulturminne, kulturmiljø og landskap kan sikrast i ein kommuneplan på tre måtar:

- Generelle føresegner og retningslinjer i kommuneplanen sin arealdel
- Føresegner til arealformål, t.d. i framtidige utbyggingsområde
- Omsynssoner med føresegner eller retningslinjer

I Plan- og bygningslova av 2008, gjeldande frå juli 2009, er dei viktigaste verktøya omsynssoner (Pbl § 11-8, tidlegare spesialområde bevaring). Omsynssonene kjem i tillegg til arealbruksformålet i planen, og kan krysse desse. Omsynssonene skal vidare synast på plankartet uavhengig av arealformålet. Desse fører med seg strengare reguleringsføresegner enn elles, til dømes strengare krav ved ombyggingssøknad og byggesøknad, krav til materialbruk og vedlikehald, og det er også rom for å verne fast interiør. Generelt er krava mindre strenge enn ved freding.

Omsynssonene er eit verkemiddel for å vise og verne dei viktigaste omsyna, og er ikkje tenkt å brukast for å markere alle registrerte kulturminne.

Fylkeskommunen si rolle i høve slike saker er å vera fagleg rådgjevar. Fylkeskommunen har også mynde til å gå til motsegn til planforslag og klagerett i byggesaker.

8.2 Forvaltingsnivå og aktørar

Klima- og miljødepartementet er øvste myndigheit med eit overordna nasjonalt ansvar.

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturmiljøpolitikken. Riksantikvaren har det nasjonale faglege ansvaret for kulturminnevernet.

Fylkeskommunen har mynde i kulturminnevernet etter kulturminnelova og plan- og bygningslova. Fylkeskommunen har både vedtaksmyndigheit og er eit rådgjevande organ i kulturminnevernspørsmål. Fylkeskommunen har dessutan eit ansvar for ei heilskapleg planlegging og utvikling på fylkesnivået. Med regionreforma i 2020 fekk fylkeskommunen fleire oppgåver, t.d. forvaltning av automatisk freda kulturminne og ulike tilskotsordningar.

Kommunen er ikkje pålagt mange oppgåver direkte etter kulturminnelova, men har ei nykkelrolle når det gjeld å sikre kulturmiljø og kulturminne i eigen kommune gjennom samfunns- og arealplanlegging, med Plan og bygningsloven som viktigaste verkemiddel. Kommunen skal sjå til at det blir teke kulturminnevernomsyn i kommuneplanar, reguleringsplanar og i handsaming av byggesaker.

Kommunen har også ansvar for forvaltning av nyare tids kulturminne som ikkje er freda.

I praksis kan kommunane ta på seg ein del oppgåver innan kulturminnevernet - slik som utarbeiding av sektorplanar for kulturmiljø, skjøtselsoppgåver, ansvar i samband med gjennomføring av registreringar, formidlingsopplegg og ta initiativ til istandsetjingstiltak.

Kommunen har i tillegg ansvar for eigne verneverdige bygg og anlegg.

Private eigarar av kulturminne er den avgjerande faktoren om ein skal lukkast med vern av kulturminna. Private eigarar forvaltar det store fleirtalet av faste kulturminne i Hjartdal kommune, alle kulturminna knytt til landbruket - gamle tun og tunbygningar, stular og utmarksbygg m.m.

Ein del kulturminne er ressurskrevjande å ta vare på. I mange høve er det ikkje mangel på medvit om føremålet med kulturvern som er avgjerande, men tilgangen på ressursar for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane. Det viktigaste for eigarane er å få avklaring om vernestatus, få kunnskap om korleis ein best kan ta vare på kulturminnet og kvar ein kan få hjelp og tilskot til restaurering og vedlikehald.

Fleirtalet av automatisk freda kulturminne er også i privat eige og på privat grunn. Eigar pliktar å sjå til at ev. tiltak er i tråd med gjeldande lover, føresegner og planar for kulturminnet, og å henta inn naudsynte løyve til tiltak.

8.3 Kommunen si rolle

Kommunen har ei viktig rolle i samband med ivaretaking av viktige kulturminne og kulturmiljø innanfor sine grenser. Dette omfattar alt frå arealplanlegging og byggesak, saker etter jordlova og anna aktivitet på kulturfeltet.

I Kulturminnelova er det likevel fylkeskommunen som har det overordna ansvaret for dei fleste saker relatert til kulturminne og kulturmiljø. Dei er regional kulturminnemyndigheit. Alle tiltak som kjem i direkte berøring eller ligg i nærleiken av kulturminne og kulturmiljø freda etter kulturminnelova er søknadspliktige, og skal sendast regional kulturminneforvaltning for ev. godkjenning/dispensasjon. Kommunen har eit ansvar for å sjå til at dette skjer. Eigarar av freda bygningar skal kontakte fylkeskommunen direkte om dei har spørsmål om vedlikehald og tiltak (kommunen kan ev. vise vidare).

Myndigheit etter Plan- og bygningslova

I kommunens arealplanar (kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar) og i reguleringsplanar kan kommunen legge føringar for å ta vare på kulturmiljø. I kommuneplanens arealdel er det mogleg å definere *omsynssone bevaring* og det er mogleg å opprette *omsynssoner for kulturmiljø*.

Eksisterande omsynssoner relatert til kulturminne/kulturmiljø i kommuneplanens areal del per 2025:
soner med særlege interesser jf. pbl § 11-8c:

- Bondal, viktig kulturlandskap
- Hjartdal (Nordbygda og Gvammen), viktig kulturlandskap

gjennomføringssoner jf. pbl § 11-8 e:

- Hjartdal (Nordbygda), felles planlegging (jf. byggerettleiar?)

Innspel til nye omsynssoner til rulleringa av kommuneplanens arealdel 2025:

- Sjå kap. 6 Kulturmiljø. Der ligg alle framlegg til nye omsynssoner relatert til kulturmiljø/kulturminne, tema for tema og med grunngjevingar.

Byggeverksemd og annan arealbruk skal skje i samsvar med kommunale arealplanar og krava i byggesaksdelen av plan- og bygningslova. Kommunen behandlar byggesaker som gjeld tiltak på det som i ein del tilfelle er eller kan være verneverdige bygningar eller viktige kulturmiljø.

Eksempel på søknadspliktige tiltak er (utdrag av pbl §20):

- a) oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av bygning
- b) vesentlege endring eller vesentleg reparasjon av tiltak som nevnt under bokstav a
- c) fasadeendring
- d) varig eller tidsbestemt bruksendring, vesentlig utvidelse eller vesentlig endring av tidligere drift
- e) riving av tiltak som nevnt i bokstav a
- f) oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjoner
- h) oppføring av innhegning mot veg
- j) plassering av midlertidige bygninger, konstruksjoner eller anlegg
- k) vesentlege terrenginngrep
- l) anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass

Ved handsaming av byggesøknader er det ei rekke vurderingskriterier som er aktuelle. Bygget skal få «en god arkitektonisk utforming i samsvar med sin funksjon». Forhold som kan vurderast er terrengtilpassing, bygningsutforming, landskapstilpassing og visuelle kvalitetar. Etter § 31-1 skal kommunen ved endring av eksisterande byggverk sjå til at «historisk, arkitektonisk eller annen kulturell verdi som knytter seg til byggets ytre så vidt mulig blir bevart».

I somme område finst allereie overordna retningsliner for byggesak og byggeskikk kommunen skal fylgje i si sakshandsaming. Dette gjeld stølsområde innanfor Forvaltingsplanen for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde, og område som fekk status i samband med Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i 1993-1994 (Bondal og Hjartdal). Dette er nærare omtala i kap. ? og ?.

Ut over føringane i plan- og bygningslova er det elles ikkje vedteke særskilde retningsliner for byggeskikk i Hjartdal kommune. Dette blir spela inn som eit aktuelt og høgt prioritert tiltak i handlingsdelen av denne planen.

Sakshandsaming etter andre lovverk

Kommunen kan også støyte på kulturminne og kulturmiljø i handsaming av tiltak etter andre sektorlovar, t.d. innan jordbruk og skogbruk. Døme på dette er nydyrking, grøfting og bygging av skogsvegar. Ved denne type sakshandsaming av ulike tiltak «i felt» skal tiltaka sjekkast opp mot gjeldande arealplanar, ev. kulturmiljøplan og eksisterande base over kulturminne. Ved større tiltak og der lovverket krev det, sendast søknaden på høyring til fylkeskommunen.

9. Tilskotsordningar

Det er mogleg å søkje om økonomisk støtte til skjøtsel, vedlikehald og restaurering av kulturminne. Her er ei oversikt over dei statlege ordningane som er mest aktuelle:

Eigarar av kulturminne som i ei eller anna form er freda har andre ordningar for finansiering av tiltak. Det er kulturminneavdelinga i fylkeskommunen og Riskantikvaren som forvaltar desse ordningane, og finansiering skjer ofte i eit samspel med eigar. Døme på slike ordningar er: *Tilskot til freda og andre særlege verdifulle kulturmiljø og landskap*, *Tilskot til vern og sikring av freda bygg og anlegg*.

Kulturminnefondet

Kulturminnefondet er ei tilskotsordning for private eigarar av verneverdige kulturminne. Det blir gjeve årlege midlar over statsbudsjettet til denne ordninga, og terskelen for å få støtte synast å være lågare en tidlegare. Det kan søkjast om støtte til:

- Alle typar faste kulturminne, t.d. hus, anlegg, andre faste kulturminne
- Fartøy, båtar, rullande og andre rørlege kulturminne
- Sikringstiltak (strakstiltak) for å hindre vidare forfall
- Fagarrangement og formidling

SMIL – Spesielle miljøtiltak i jordbruket

Midlane fordelast av Landbruksdirektoratet, og kommunane lagar egne strategiar for bruk av midlane. Vanleg støttenivå er 25-30 % av dei dokumenterte totalkostnadane i prosjektet inkludert eigeninnsats. Til gode prosjekt kan det være mogleg å få støtte både frå Kulturminnefondet og SMIL-midlane. Tilsegn om SMIL-midlar kan vera ein utløysande faktor for å få tilsegn om midlar også frå Kulturminnefondet.

UKL – Utvalde kulturlandskap i jordbruket

Midlane overlappar til dels med SMIL-midlane, men er forbehalde nasjonalt utvalde kulturlandskap. UKL-ordninga blir forvalta av lokalt oppnemnde styre, som vel prioriteringar og utarbeider retningslinjer. Landbrukskontoret i kommunen er sekretariat. Denne ordninga gjeld i vår kommune berre for Hjartdal nordbygd.

Landbruket har i tillegg nokre ordningar som i hovudsak skal støtte opp om gode driftsløysingar og viktige tiltak, men der det til ein viss grad også kan gjevast midlar for skjøtsel av kulturminne eller spesielle driftsulempar ved å ta vare på kulturmiljø eller kulturminne: *RMP – regionale miljøtilskudd i landbruket* og *NMSK – nærings- og miljøtiltak i skogbruket*. Landbruksansvarlege i kommunane kan gje meir informasjon om desse.

I tillegg til dei offentlege ordningane er det fleire private stiftelsar og fond som kan gje støtte til kulturminnetiltak, nokre døme: *Sparebankstiftelsen DnB NOR*, *Gjensidigestiftelsen* og *Stiftelsen UNI* Satsingsområde og strategiar for desse stiftelsane varierer frå år til år, og det kan være lurt å fylgje med på kva som bli prioritert.

Stiftelsen *Norsk Kulturarv* har aksjonane *Ta et tak* og *Rydd et kulturminne* gåande. «Ta et tak» rettar seg mot våningshus og driftsbygningar, og er meint for å redde gamle bygg frå å bli øydelagde. «Rydd et kulturminne» er aktuelt der ei skuleklasse eller andre vil engasjere seg for eit kulturminne i nærmiljøet.

Med omsyn til den immaterielle kulturarven kan lag og foreiningar eller andre søke kommunen om *kulturmidlar*. Desse blir vanlegvis lyst ut på vårparten. Det finst også ordningar å søke hjå fylkeskommunen, til dømes *Den kulturelle skulesekken*.

Utover dei ordningane som alt er nemnt kan *Legathåndboken* vera eit nyttig oppslagsverk å sjå til, om ein er på jakt etter midlar til eit bestemt prosjekt.



tilskudd.no
Statlige tilskudd til frivillige organisasjoner

 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring

The graphic shows a blue funnel with a red top, filled with yellow and red coins. A blue ribbon-like shape flows from the funnel towards a collection of colorful icons representing various cultural and social activities: a horse, a person in a wheelchair, musical notes, a lightbulb, a bicycle, a guitar, a person performing a stunt, a person playing a board game, and a person using a laptop.

På tilskudd.no kan ein også søke seg fram til aktuelle ordningar å søke på.

10. Handlingsplan

5.1 Fornminne	Ansvar	Tid/prioritet
Opplyse om reglar og skape forståing for ivaretaking av ulike typar fornminne, særleg i samband med byggeplanar og skogsdrift (kap. 5.1).	Hjartdal kommune, /plan og byggesak, landbruk og skogbruk	Til ei kvar tid
5.2 Landbrukets kulturminne		
5.2.1 Bygningsarv		
Gjera <i>haldningsskapande tiltak</i> for å auke forståinga for ivaretaking av eldre hus, også bygningsarv knytt til stølsdrift og hausting av fôr i utmarka (sjå i samanheng med kap. 5.2.2 Stular og utmark). Døme på tiltak: Informasjonskveldar og/eller informasjonsskriv.	Kommunen /plan og byggesak	Med jamne mellomrom
Få på plass ein <i>byggeskikkettleiar</i> med fokus på bygging i kulturlandskap.	Kommunen /plan og byggesak	2025-2026
Få på plass ei enkel <i>tips-liste med</i> aktuelle rådgjevingsinstansar og tilskotsordningar.	Kommunen /plan og byggesak	2025-2026
Få på plass ei <i>oppdatering av SEFRAK</i> .	Kommunen /plan og byggesak	Når dei andre tiltaka er gjennomført
5.2.2 Stular og utmark		
NB: Bygningsarven sorterer under kap. 5.2.1		
Opprette eigne tilskotsordningar for manuell rydding av gamle stulsområde og buferdsvegar (overlappar med kap.5.2.3) og/eller rette relevante ordningar inn mot dette (SMIL, UKL).	Kommunen /landbruk	Ved revidering av strategiane for SMIL og UKL
5.2.3 Kulturmarkselementa		
Legge til rette for ivaretaking av landskapsbilete med rydningsrøyser, bakkemurar, steingjerde og gamle vegfar både innanfor og utanfor dei nasjonalt verdifulle og/eller utvalde kulturlandskapa i kommunen. Døme på tiltak: Aktivt oppmode om søknader på midlar til rydding langs steingjerde, restaurering av steingjerde/bakkemurar, rydding og forsiktig merking av gamle vegar frå bygd til fjell, også stø opp om ev. arrangement der ein friskar opp att kunnskapen om slike (relevante ordningar er SMIL og UKL).	Kommunen /landbruk, moglegvis i samarbeid med kultur (t.d. ved arrangement) Grunneigarane Lag og foreiningar	Til ei kvar tid / Med jamne mellomrom
Unngå rasering i samband med tiltak (bygging, landbruk, skogbruk).	Kommunen /plan og byggesak, landbruk og skogbruk	Til ei kvar tid
5.2.4 Skogbruksminne		
Hjartdal Skogeigarlag si bok om skogbrukshistoria i Hjartdalsbygdene (Hjartdal historielag, Hjartdal Skogeigarlag 2012) dekker per no behovet for dokumentasjon og formidling på dette temaet. Ev. tiltak som bygger vidare på dette bør helsast velkomen.	Ev. initiativ må koma frå grunneigarane eller lag og foreiningar Kommunen /kultur (ev. tilskot)	På initiativ
Unngå rasering i samband med tiltak (bygging, landbruk, skogbruk).	Kommunen /plan og byggesak,	Til ei kvar tid

	landbruk og skogbruk	
Sjå på moglegheitene for å framheve kulturminne etter fløyting/brjøting og sagverksemd ved Hanfoss i samband med omlegging av vegen/reguleringsplanen	Kommunen /plan og byggesak Lag og foreiningar (skogbrukslaget, historielaget)	Når reg.prosessen Startar opp
5.2.5 Husmannsplassane		
Hjartdal Historielag sine tre bøker om husmannsplassane i kommunen (Hjartdal Historielag, 2019-2022) dekker per no behovet for dokumentasjon og formidling på dette temaet. Ev. tiltak som bygger vidare på dette bør helsast velkomen.	Ev. initiativ må koma frå grunneigarane eller lag og foreiningar Kommunen /kultur (ev. tilskot)	På initiativ
5.3. Vegar og ferdselsårer		
Nærare kartlegging og registrering, i tillegg er vedlikehald, rydding, oppsetting av informasjonstavler og informasjonsmateriell om dei viktigaste kulturminna aktuelt, sjå liste over prioriterte vegar og stigar i kap. 5.3.	Lag og foreiningar (Hjartdal historielag, idrettslaga, Hjartdal og Notodden turlag) Hjartdal kommune /kultur (ev. tilskot)	På initiativ
5.4 Verneverdige kyrkjer, skular og forsamlingshus		
Kyrkjene kjem inn under kulturmiljø kap. 6.3 og tiltak knytt til Kommuneplanens arealdel		
Av eldre skulebygg med kulturminneverdi finst i Hjartdal kommune <i>Gamle Kyrkjekrinsen skule</i> , Hjartdal (1847, påbygd ca. 1890), <i>Lonar skule</i> (1880?), <i>Bondal skule</i> (1898) og <i>Sønderland-Hovde skule</i> (1901). Blant grendehusa i kommunen er det Bergtun (1923) som materielt sett har kulturminneverdi. Ev. initiativ til restaurering og vedlikehald bør helsast velkomen.	Ev. initiativ må koma frå grunneigarane eller lag og foreiningar Kommunen /kultur (ev. tilskot)	På initiativ
Dei historiske kvalitetane ved desse bygningane bør takast spesielt omsyn til ved ev. byggesaker.	Kommunen /byggesak	Til ei kvar tid
5.5 Tuddal Høyfjellshotell		
Hotellet har store kulturminnekvalitetar og er av stor tyding for Tuddals identitet som turistbygd. Det er viktig at både forvaltinga står opp om drift og vern gjennom bruk. Dei historiske kvalitetane ved bygningen/tunet bør takast spesielt omsyn til ved ev. byggesaker.	Kommunen /næring og byggesak	Til ei kvar tid
5.6 Tekniske/Industrielle kulturminne		
Listeførte tekniske/industrielle kulturminne i Hjartdal kommune er <i>den gamle rikstelefonlinja</i> frå Hjartsjø og austover, og <i>kraftlinja Tokke Rød</i> i Slåka. Bygg med kulturminnemessig verneverdi i denne samanheng er <i>Heddal Mølle</i> . Dei listeførte kulturminna må takast omsyn til ved ev. plan- og byggesaker. Heddal mølle og Omnesfossen blir lagt inn som omsynssone i arealdelen, sjå kap. 6.5.1	Kommunen /plan og byggesak	Til ei kvar tid

5.7 Krigsminne og minnesmerke		
Det er ikkje trong for særskilte tiltak utover normalt vedlikehald og rydding rundt dei minnesmerka som er, eitt for Bondeopprøret 1540 ved Hjartdal kyrkje og eitt for to falne under 2. verdskrig ved Bergtun.	Grunneigarane (Hjartdal Sokneråd, Hjartdal Idrettslag)	Førefallande
Ev. merke fleire av flysleppa frå 2. verdskrig?	Hjartdal historielag?	På initiativ
6. Kulturmiljø i Kommuneplanens arealdel		
	Ansvar	Tidsrom
<p>Vidareføring av gamle, innlemming av nye omsynssoner i kommuneplanens arealdel, jf. kap. 6 Kulturmiljø:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skoje-Skogsmoen-Ålamoen jernindstriområde – ny (kap. 6.1.1) - Bondal, spesialområde kulturlandskap – vidareføring (kap. 6.2.1) - Hjartdal bygd, særskild verdifullt kulturlandskap – vidareføring (kap. 6.2.2) - Hjartdal nordbygd, utvald kulturlandskap – tekstleg tillegg til eksisterande (kap. 6.2.3) - Mårstaddalen, kulturlandskap/stulsgrend med sommarstular – ny (kap. 6.2.4) - Ståldalen, kulturlandskap/stulsgrend med vår- og hauststular – ny (kap. 6.2.5) - Hjartdal kyrkje – ny (kap. 6.3.1) - Hjartdal gamle sentrum – ny (kap. 6.3.2) - Sauland kyrkje – ny (kap. 6.3.3) - Sauland gamle sentrum – ny (kap. 6.3.4) - Tuddal kyrkje – ny (kap. 6.3.5) - Sud-Åbø, gardsanlegg – ny (kap. 6.4.1) - Tuddal bygdetun – ny (kap. 6.4.2) - Heddal mølle og Omnesfossen – vidareføring og utviding (kap. 6.5.1) - Hjartdal bygdemylle og Egderudfossen, inngår i Hjartdal gamle sentrum – ny (kap. 6.3.2 og 6.5.2) 	Kommunen /plan og byggesak	2025
7. Immateriell kulturarv		
7.1 Gards- og stølsdrift		
<p>Prioriterte tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Formidle historiske og framtidsette verdiar i kulturlandskapet - Synleggjera verdien av aktive gardbrukarar og stølar i drift t.d. gjennom besøkstilbod for barnehagar og skular på aktive gardar og stular 	Kommunen /landbruk og kultur Hjartdal og Svartdal UKL Kulturlandskapsenteret (samarbeid) UKL har egne midlar	Årlege tiltak
7.2 Jakt og fiske		
Aktuelle tiltak:	Kommunen	På initiativ

<ul style="list-style-type: none"> - Jakt- og fiskeaktivitetar for born og ungdom - Jegerprøvekurs i skuletida 	/kultur og oppvekst, ev. i samarbeid m landbruk Lag og foreiningar	
7.3 Mattradisjonar		
Aktuelle tiltak: <ul style="list-style-type: none"> - Dokumentere og formidle kunnskap om korleis ein lagar og brukar ulike typar tradisjonsmat t.d. gjennom temadagar og kurs 	Kommunen/ kultur og oppvekst, ev. i samarbeid m landbruk Lag og foreiningar	På initiativ
7.4 Handverkstradisjonar		
Aktuelle tiltak: <ul style="list-style-type: none"> - Dokumentasjonsprosjekt (lærlingstipend, utgjevingar) - Formidlingstiltak (kurs, temadagar) 	Ev. initiativ må koma frå interesserte eller lag og foreiningar Kommunen /kultur (ev. tilskot)	På initiativ
7.5 Dialekt		
<ul style="list-style-type: none"> - Formidlingsprosjekt retta mot skule og barnehage (læremateriell, plakatar, aktivitetar inkl. besøk av dialektbrukarar) - Fremje god nynorskopplæring i grunnskulen i heile kommunen, anten det er hovudmål eller sidemål ved den aktuelle skulen. 	Kommunen/ kultur og oppvekst (tiltak i skulen, tilskot til ev. prosjekt) Lag og foreiningar (Hjartdal mållag)	Prekært, bør prioriterast
7.6 Forteljartradisjon		
<ul style="list-style-type: none"> - Gjera skulane og barnehagane merksame på kvar dei kan finne lokalt sogestoff - Formidlingsstilbod for skule og barnehage - Arrangement med sogestoff i fokus 	Kommunen/ kultur og oppvekst (tiltak i skulen, tilskot til ev. prosjekt) Lag og foreiningar (t.d. ungdomslaga)	Regelmessig
7.7 Musikk- og dansetradisjonar		
<ul style="list-style-type: none"> - Formidlings- og aktivitetstilbod fletta inn i skule og barnehage (særleg song og dans, instrumentopplæring er gjerne meir krevjande, men kan også vera aktuelt, om ikkje anna i form av enkle introduksjonar) - Folkemusikktilbod i kulturskulen - Kurs og samlingar i eksisterande lag sin regi (t.d. ungdomslaga) - Konsertar 	Kommunen/ kultur og oppvekst (tiltak i skulen, tilskot til ev. prosjekt) Lag og foreiningar (t.d. ungdomslaga) Kyrkja/Soknerådet (konsertar, musikalske innslag)	Regelmessig

Kjelder

Lokalhistoriske kjelder

OBS: Hjartdal historielag har ei eiga boksamling i 2. etasje på Biblioteket i Sauland. Mange av titlane under er å finne i denne boksamlinga.

Dahl, Ivar T. Bygdeliv – før i verden. Kulturarv og folkeminne i Hjordalsbygdene. Eige forlag 2003.

Dahl, Ivar T. Bygdefolk – før i verden. Kulturarv og tradisjon i Hjordalsbygdene. Eige forlag 2005.

Dahl, Ivar T. Glimt av Tuddal før i verden. Eige forlag 2001.

Karlsruud, Gjertrud Kleveland. 1987. Hjordalsoga, bind I Tuddal. Hjorddal kommune ved Hjorddal sogenemnd.

Karlsruud, Gjertrud Kleveland. 1992. Hjordalsoga, bind II Sauland. Hjorddal kommune ved Hjorddal sogenemnd.

Karlsruud, Gjertrud Kleveland. 2000. Hjordalsoga, bind III A Hjorddal Nordbygda. Hjorddal kommune ved Hjorddal sogenemnd.

Karlsruud, Gjertrud Kleveland. 2000. Hjordalsoga, bind III B Gvammen. Hjorddal kommune ved Hjorddal sogenemnd.

Hjorddal historielag sine årbøker 2011-2023

Hjorddal mållag. 1985. Hått sie du. Målføra i Hjorddal, Sauland og Tuddal.

Gvåle, Gudrun Hovde og Sisjord, Halvor. 1989. Frå omgangsskule til 9-årig i Hjorddal. Hjorddal kommune.

Hardang, Arne. 1994. Kyrkje- og prestesoge for Hjorddal. Buen kulturverkstad.

Hytta, Torkel og Skoje, Leif. 2012. Skog og skogbruk i Hjordalsbygdene. Hjorddal historielag for Hjorddal skogeigarlag.

Nes, Trygve. 2003. Hjorddal i bilder, 2. utgåve. Eige forlag.

Nes, Trygve. 1990. Med lokk og lur – Stulshistorikk fra Hjordalsfjella. Eige forlag.

Nes, Trygve. 1993. Bondal i Telemark – Stuler og stulsdriфт. Eige forlag.

Slåttelid, Åsne. 1977. Stadnamn frå Hjorddal. Hovudoppgåve i norsk til historisk-filosofisk embetseksamen ved Universitetet i Bergen.

Solberg, Audun og Hytta, Torkel. 2019. Ein plass å bu – Husmannsplassane i Sauland. Hjorddal historielag.

Solberg, Audun og Tjønn, Torkjell. 2021. Eg bur uppå ein plass – Husmannsplassane i Tuddal. Hjorddal Historielag.

Solberg, Audun. 2022. Eg veit meg ein plass – Husmannsplassane i Hjorddal. Hjorddal historielag.

Trae, Svein Vetle. 1995. Skriften på veggen. Hjartdal Historielag.
Rui, O. J. 1978. Soge omkring Tuddal Bygdetun. Tuddal Museumslag.
Wagn, Anne Haugen. 1992. Bygningsarv i Hjartdal. Hjartdal kommune.

Andre historiske kjelder:

Berg, Arne. 1991. Norske tømmerhus frå mellomalderen. Band III. Hus for hus i Telemark austre delen. Landbruksforlaget.
Berg, Arne. 1991. Norske tømmerhus frå mellomalderen. Band VI. Hus for hus: tillegg og tidfesting Landbruksforlaget.
Dørum, Knut 2014. Fra istid til ca. 1100. Telemarks historie ; b. 1: Før 1814. Fagbokforlaget.

Offentleg forvalting

Blomquist, Synne. 1993. Jordbrukets kulturlandskap i Telemark. 17 verdifulle områder. Telemarksforskning, Arbeidsrapport 4/93.
Eriksen, Jan Erik. 1995. Botaniske registreringer på kulturmark i Ambjørndalen og Kirkebygda, Hjartdal. Naturhistorisk museum.
Heggenes, Jan m.fl. 1996. Forvaltingsplan for jordbrukets kulturlandskap i Nordbygda med Ambjørndalen, Hjartdal i Telemark. Fylkesmannen i Telemark.
Lundesgaard, Olav. 1996. Bygningsvern og ny bebyggelse i Nordbygda i Hjartdal. Fylkesmannen i Telemark., Eit viktig førearbeid til forvaltingsplanen var også utarbeidd av Jan Erik Eriksen ved Botanisk museum, Universitet i Oslo i 1995.
Sauland kraftverk i Hjartdal kommune, Telemark – konsekvenser for kulturminner og kulturmiljø. 2008. Sweco rapport 142701-2. Oppdragsgiver; Skagerak kraft AS.
Köller, Peter C.A. 2016. Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen 2017-2027. Statsforvaltaren i Telemark, Verneområdestyret for landskapsvernområdet.

Diverse digitale ressursar

www.kulturminnesok.no

www.digitaltmuseum.no

Kulturmiljøplan for Hjartdal kommune 2025-2028



Sengestolpe frå Frøland, Sauland. Foto: Audun Solberg.